

Jo Vegard Hilmo

# Språksamfunn i grenseland

Ein sosiolinguistisk studie av språk og  
språkkoppfatningar i Tydalen

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Trondheim, våren 2012

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Humanistisk fakultet  
Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap



# Takk skal de ha...

... professor Brit Mæhlum og fyrsteamanuensis Stian Hårstad, som med engasjement og stor fagleg innsikt har rettleia meg og alltid vori tilgjengelege for mine tallause spørsmål.

... informantar heime i Tydalen for engasjement og openheit.

... professor emeritus Arnold Dalen, ordboksredaktør Tor Erik Jenstad og stipendiat Inger Johansen for gode faglege innspel.

... sambuar Elise og familien heime for innsiktsfulle råd og oppmuntrande ord. Ein særleg takk vil eg rette til bestemor Martha og bestefar Jon for inspirasjon til å i det heile tatt finne på å studere dialekten ”vår”.

... Tydal kommune som har støtta meg økonomisk gjennom heile studietida.

... redaktør i lokalavisa Selbyggen, Bodil Uthus for stor interesse og for å ha gjevi denne oppgåva god publisitet i lokalpressa.

... vener både i Trondheim, Tydalen og elles for oppmuntring, interessante synspunkt og triveleg samvær. Ein særleg takk til medstudent Idun Fivestad for korrekturlesing.

... buhunden Storm, som stadig har mint meg på at det er viktig med pausar.

Trondheim, 29. april 2012

Jo V. Hilmo



# INNHOLD

## Del 1: Bakgrunn

1. INNLEIING .....	1
1.1. Om oppgåva.....	1
1.1.1. Kvifor Tydalen? .....	2
1.1.2. Datagrunnlaget .....	3
1.2. Språklege avklaringar .....	4
1.2.1. Språk i Tydalen .....	4
1.2.2. Språkvitskapleg innfallsvinkel .....	5
1.3. Problemformulering og avgrensing.....	6
2. TYDALEN.....	9
2.1 Geografi, historie, kultur og næring .....	9
2.1.1. Geografi.....	9
2.1.2. Historie .....	10
2.1.3. Kultur og næringsliv.....	13
2.1.4. Reindrift.....	15
2.2. Sørsamisk.....	15
2.2.1. Sørsamar i rørosområdet.....	15
2.2.2. Litt om sørsamisk språk og dialekt.....	18
2.2.3. Konfliktar .....	18
2.3. Tydalsmålet .....	20
2.3.1. Retrofleks flapp .....	20
2.3.2. Personleg pronomen .....	21
2.3.3. Palatalisering .....	21
2.3.4. Monoftongering .....	22
2.3.5. Kløyvd infinitiv .....	23
2.3.6. Jamning .....	23
2.3.7. Dativ .....	23
2.3.8. J-bortfall .....	24
3. METODE.....	25
3.1. Val av metode .....	25
3.1.1. Om metode i sosiolingvistikk .....	25
3.1.2. Den kvalitative metoden .....	27
3.1.3. Reliabilitet og validitet .....	29
3.2. Feltarbeidet .....	29
3.2.1. Informantutval .....	29
3.2.2. Oversikt over mine informantar .....	32
3.2.3. Forskaren si rolle .....	33
3.2.4. Det kvalitative forskningsintervjuet .....	35
3.2.5. Gruppeintervjuet.....	36
3.3. Analysemetode .....	38
3.3.1. Transkripsjon.....	38
3.3.2. Behandling av empirien.....	40

## **Del 2: Analyse**

<b>4. INTRODUKSJON .....</b>	<b>41</b>
4.1. Om analysen .....	41
4.2. Tydalen i det trønderske språklandskapet.....	41
4.2.1. Utviklingstendensar i trønderske talemål .....	45
4.2.2. Utviklingstendensar i tydalsmålet .....	46
<b>5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET .....</b>	<b>51</b>
5.1. Oppfatningar om språk og samfunn.....	51
5.1.1. Tydalen i eit ”sense of place”-perspektiv .....	52
5.1.2. Oppfatningar om tydalsmål og andre dialektar .....	54
5.1.3. Saliens .....	56
5.1.4. Oppfatningar om sørsamisk etnisitet og språk .....	58
5.2. Språkleg praksis .....	60
5.2.1. Språklege variablar.....	60
5.2.2. Nærblikk på fem unge tydalingar .....	62
5.2.3. Samla framstilling av språkleg praksis hos mine informantar.....	67
5.2.4. Samla vurdering av kvar einskild variabel .....	68
5.2.5. Kvantitativ samanlikning med Oppdal og Røros .....	74
<b>6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET</b>	<b>75</b>
6.1. Språksamfunnet Tydalen.....	75
6.1.1. Språkleg stabilitet .....	75
6.1.2. Kva type språksamfunn? .....	82
6.1.3. Kva med det sørsamiske? .....	87
6.1.4. Om måten sørSAMAR pratar norsk på.....	90
6.2. Tre potensielle forklaringsfaktorar .....	93
6.2.1. Polarisering og naboopposisjon.....	94
6.2.2. Urbanisering .....	99
6.2.3. Gruppeidentitet og tilhørslle .....	105
6.3. Språkleg variasjon .....	111
6.3.1. Innflytting .....	111
6.3.2. Påverknad frå andre trønderske målføre? .....	113
6.3.3. Påverknad frå ein sørvestnorsk standardvarietet? .....	116
<b>7. SPRÅKSAMFUNN I GRENSELAND –NOKRE SENTRALE TENDENSAR .....</b>	<b>119</b>
7.1. Framtredande tendensar .....	119
7.1.1. Stabilitet.....	119
7.1.2. Endring .....	120
7.2. SørSAMISK etnisitet i møtet med eit trøndersk lokalsamfunn .....	121
7.2.1. Eit rørossamisk praksisfellesskap.....	121
7.2.2. Bruk av etnolektisk stil.....	122

## **REFERANSAR**

## **VEDLEGG**

- 1: Kart, kommuneinndeling i Sør-Trøndelag
- 2: Kart, Tydal kommune
- 3: Individuelle variabelskjema for resten av informantane
- 4: Intervjumalar

## SAMANDRAG



# Del 1: Bakgrunn

## 1. INNLEIING

### 1.1. Om oppgåva

Denne oppgåva har som mål å undersøke språklege forhold i Tydal kommune i Sør-Trøndelag. Med *språklege forhold* siktar eg både til reint konkrete språklege realiseringar og til haldningar og oppfatningar om språk som er gjeldande i Tydalen<sup>1</sup>. Eg er sjølv fødd og oppvaksi her. Det empiriske grunnlaget for oppgåva er 12 intervju eg har gjort med eit utval tydalingar og ei omfangsrik samling med lydopptak av eldre tydalingar fødd i perioden 1900–1920.

Etter eit innleiande kapittel om kva siktemål eg har med denne undersøkinga, vil eg gjera nokre strategiske nedslag i samfunnsmessige sider ved Tydalen eg meiner har relevans for denne oppgåva. Her prøvar eg å peike på sider ved Tydalen som har vori med på å fylle namnet *Tydalen* med mening for folk flest, både fastbuande og utabygdes. I metodekapittelet grunngjev eg det metodiske opplegget for denne undersøkinga og gjer greie for kva utfordringar ein møter når ein forskar på sitt eige lokalmiljø. I sjølve analysedelen vil eg først gjeva ein kort introduksjon om kor i det språklege landskapet Tydalen plasserer seg, før eg zoomar ned på den einskilde språkbrukaren og ser nærmare på eit utval unge tydalingar sin språkpraksis og deira haldningar til språk og samfunn. Siste del av analysen ser på språksamfunnet som heilskap og kva faktorar som er med på å forklare språkutviklinga i Tydalen. Til slutt vil eg samanfatte mine funn i ei kortfatta oppsummering. Eg har vald å ikkje ha eit eige teorikapitel i denne oppgåva. Årsaka til det er ønsket om å oppnå eit nærmare og meir naturleg samspel mellom teori, empiri og drøfting. Eit frittståande teorikapitel vil ofte stå i fare for å ikkje henge saman med resten av oppgåva, slik at mykje av teoriane ein legg fram på den måten vil fortone seg som nokså rutineprega. Eg meiner at ved å flette teorien inn i sjølve analysen sikrar eg meg at all teorien eg brukar faktisk blir relevant, samstundes som oppgåva blir meir lesarvennleg.

---

<sup>1</sup> Eg vel å bruke bygdenamnet i bunden form, sia dette er det naturlege i talemålet. Ubunden form er berre i bruk der eg omtalar kommunenamnet, sia det offisielle namnet på kommunen er *Tydal kommune*. I talemålet har ein i tillegg dativforma *Tydala*, men dette hører naturlegvis ikkje heime i normert nynorsk.

### 1.1.1. Kvifor Tydalen?

Den openberre motivasjonen for å skrive om nettopp tydalsmålet er at dette er eit målføre som er lite utforska frå før. Ein kan nærmast seie at det har vori urørt av språkforskurar heilt fram til i dag. Eit viktig unntak er det fyrste språkvitskaplege arbeidet til Amund B. Larsen, *Oplysninger om Dialekter i Selbu og Guldalen* frå 1882. Tydalen er rett nok ikkje nemnd i tittelen, men det er fordi heile Neadalsføret<sup>2</sup> den gongen hørte til Selbu herad. Her ser Larsen på kjende målmerke som jamning (som Larsen kallar *ligedannelse*), apokope og bøyning. Dette verket gjev ein god dokumentasjon på mange språklege særdrag i tydalsmålet slik det vart praktisert på 1800-talet, men er på ingen måte ei komplett dialektavhandling slik Larsen seinare ga ut om *Lydlæren i den solørske dialekt* (1894). Dessutan hadde nok Larsen mest kjennskap til selbumålet og det er det han omtalar mest utfyllande (Larsen 1882).

På eit meir personleg plan kan eg godt seja at *interessa* for eigen heimstad har vori avgjerande for val av studieområde. Eg har budd i Tydalen heile livet og har vori engasjert i det som skjer i heimbygda, òg etter at eg flytta til Trondheim for å studere. Dei aller fleste av oss har ein stad me omtalar som ”heime” og gjer oss opp eigne vurderingar av heimstaden. Meir sjeldan er slike vurderingar tufta på systematiske studiar. Slik sett er dette ei gyllen moglegheit for meg å bli betre kjend med lokalsamfunnet mitt på. Dermed håpar eg å ende opp med eit meir nyansert og kanskje delvis fornva syn på heimstaden min.

Norsk talemålsgransking har i dei siste 15–20 åra retta mykje av merksemda mot urbane språksamfunn. Dette har vori heilt nødvendig for å utjamne det einsidige fokuset på rurale språksamfunn som rådde grunnen gjennom heile 1900-talet. Dei siste åra har me difor hatt ei overvekt av undersøkingar som tar for seg talemålsendring i storbyar eller såkalla bygdebyar, ofte knytte til større nasjonale forskingsprosjekt som TEIN (Talemålsendring i Noreg) eller UPUS (Utviklingsprosessar i urbane språkmiljø). Språksamfunn som Tydalen har dermed vori underrepresentert i norsk talemålsgransking dei siste åra. Såleis ligg det ein motivasjon om å kaste nytt lys over ein type språksamfunn som *ikkje* har hatt ei gjennomgripande samfunnsendring i same grad som meir urbane språksamfunn.

---

<sup>2</sup> Neadalsføret omfattar kommunane Selbu og Tydal.

### 1.1.2. Datagrunnlaget

Storparten av datagrunnlaget for denne undersøkinga er henta frå 12 intervju som eg har gjort med tydalingar, der fire av desse har sørsamisk bakgrunn. I tillegg har eg gjort eit gruppeintervju med 15 elevar frå ungdomsskulen. Eg har lydopptak av alle intervjeta. Vidare har eg gått gjennom alle intervjeta og notert hovudpunktta i stikkordsform. Transkribering er berre gjort der eg direkte siterer informantane. Kvart intervju har varigheit på mellom 40 minutt og 1 time og 15 minutt. Alt dette som har med metode å gjera vil bli drøfta inngåande i kapitel 3.

I tillegg har eg gått gjennom ei rekke tilgjengelege kjelder som omhandlar eldre tydalsmål. Her har ei samling med lydopptak av eldre tydalingar frå 1985 vori til stor hjelp. Samlinga består av over 40 intervju som vart gjort som ein del av arbeidet med ny bygdebok for Tydalen (Tøsse og Aas 1987). Ved å høre på desse opptaka får ein eit godt innblikk i talemålet blant tydalingar fødd først på 1900-talet og i tillegg kjem det fram interessante opplysningar som går på både samfunnsmessige og kulturelle sider ved det gamle tydalssamfunnet.

Som sagt er skrivne kjelder til eldre tydalsmål så godt som ikkje-eksisterande. Bortsett frå den tidlegare nemnde avhandlinga til Amund B. Larsen (1882) finst den ingen litteratur som omhandlar tydalsmålet spesielt. Likevel finn ein spreidde opplysningar både i eldre og nyare avhandlingar som omhandlar nabodialektane, som til dømes i Reitan (1906, 1932) Endresen (1980) og Røset (2008). Den utflytta tydalingen Ole Stuevold Hanssen skreiv ned historier frå heimbygda og gav dei ut i boka *Bygdefortælling. Optegnelser fra Tydalen, Annex til Selbu* (1873). Her finn ein ei rad med replikkar på tydalsmål. I tillegg skreiv han ned ei lita historie frå Tydalen som vart gjenfunnen og trykt i Jan Ragnar Hagland og Arnold Dalen (1985) si tekstsamling "*I det meest upolerede bondesprog*" - tekster på trøndermål 1706-1856.

Informantintervju, lydopptak og spreidde skrivne opplysningar vil altså utgjera hovuddelen av det empiriske grunnlaget for denne oppgåva. Likevel er det vanskeleg å sjå bort i frå det faktum at eg sjølv sitt på mange meir eller mindre usystematiske registreringar som omhandlar språksituasjonen i Tydalen. Desse erfaringane vil sjølvsagt ha innverknad på resultata i denne oppgåva, anten eg vil eller ikkje. I slike tilfelle er det viktig at denne typen empiri finn støtte i meir systematiske og vitskaplege registreringar, for såleis ikkje å bli hengande att som berre lause påstandar og uvilkårleg synsing frå forskaren si side.

## 1.2. Språklege avklaringar

### 1.2.1. Språk i Tydalen

Ved å kaste lys over den språklege sida av tydalskulturen håpar eg å kunne gjera det totale biletet av Tydalen som lokalsamfunn meir komplett. Språk er som kjend ein viktig identitetsmarkør. Ved å sjå på dei språklege vala tydalinger tar, vil eg difor kunne seie noko om kva det vil seie å vera tydaling. Det særmerkte for Tydalen er at det innafor kommunegrensa finst to språk, som både kan vise til lange historiske røter i området: norsk og sørsamisk. Det norske språket i Tydalen er rekna for å vera ein trøndersk dialekt, men har fleire fellesdrag med austnorske dialektar. Den store majoriteten av tydalinger brukar denne varieteten. Sørsamisk er eit minoritetsspråk, i Tydalen som elles i det sør-samiske området. Termen *språksamfunn* inkluderer dermed to språk i dette tilfellet, sia grensa for det tydalske språksamfunnet følgjer kommunegrensa. Grensa for dette språksamfunnet er på ingen måte ein naturgjevi storleik som har eksistert sia tidenes morgen, men noko som har vaksi fram på bakgrunn av ulike sosiale og kulturelle forhold gjennom historia. Å sjå på Tydalen som språksamfunn *utan* å ta med det sør-samiske vil difor gjeva eit feilaktig bilde av studieobjektet. Då tar ein berre med delar av språksamfunnet. Termen *språksamfunn* blir elles drøfta inngåande i kapitel 6.1.2.

Ideen om å trekke det sør-samiske inn i denne undersøkinga fekk eg etter at eg skreiv ei semesteroppgåve om revitaliseringa av sør-samisk språk. Gjennom dette arbeidet gjekk det opp for meg at dette er noko som skjer i mi eiga heimbygd akkurat no! Berre det faktum at eg ikkje hadde tenkt på dette før, syner at denne revitaliseringsprosessen truleg er lite tilstades i mange tydalinger sitt medvit. Me har vanskeleg for å sjå at fenomenet av denne typen utspelar seg i vårt eige nabolag. Eg tykkjer mest eg kan høre tydalingen seie: ”Nei, samisk, nei. Det er ingen som kan samisk oppi her. Men på Røros...”. Slik sett ligg det ein klar intensjon frå mi side om å gjera folk medvitne om kva som finst i det tydalske språksamfunnet, der sør-samisk har ein viktig plass.

Sett i ein større samanheng er forholda mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk eit brennaktuelt tema i dag, her heime som elles ute i verda. Med akselererande hyppigkeit har møte mellom ulike språk no vorti ein uunngåeleg del av kvardagen til mange. I slike språkmøte er det ein overhengande fare for at små språk må vike plassen for dei større språka. Eit velkjend døme er engelsken sin sterke posisjon på mange samfunnsområde, der andre språk har vorti fortrengt. I eit slik perspektiv kan tilhøva mellom norsk og sør-samisk i eit

norsk lokalsamfunn vera med på å gjeva svar på kva mekanismar som spelar inn i eit slik språkmøte og såleis om mogleg ha relevans i ein meir nasjonal eller global samanheng.

## 1.2.2. Språkvitskapleg innfallsvinkel

“The essential criterion for ‘community’ is that some significant dimension of experience has to be shared, and for the ‘speech community’ that the shared dimension be related to ways in which members of the group use, value or interpret language”  
(Saville-Troike 2003:15)

Denne oppgåva har som siktemål å famne om *heile* det tydalske språksamfunnet. Slik sett legg eg opp til ei nærmast holistisk tilnærming til språk, der heilskapen er hovudfokus. Som det går fram av definisjonen til Saville-Troike ovafor, deler medlemene i eit språksamfunn mange oppfattingar om bruk, verdsetting og tolking av språk. Det vil seie at dersom eg skal kunne definere Tydalen som *eitt* språksamfunn må det finnast ei slags felles språkleg forståing blant tydalingane, som gjer at Tydalen skil seg frå andre språksamfunn. Det er langt på veg denne felles forståinga eg skal jakte på i denne avhandlinga. Eit anna nyttig omgrep som siktar til noko av det same er *språkleg røyndom*. Medlemene i eit språksamfunn lev på mange måtar i ein annan språkleg røyndom enn medlemmar av andre språksamfunn. I den språklege røyndommen inngår både det konkrete språket i form av syntaktiske, prosodiske, fonologiske, morfolgiske og leksikalske variablar, men òg det som går på oppfatningar og haldningar til språk.

Både tydalsmålet og sør-samisk er å betrakte som dialektar. Tydalsmålet er ein norsk dialekt og sør-samisk er ein samisk dialekt, sjølv om sør-samisk ofte blir karakterisert som eit eige språk på grunn av den store språklege avstanden til andre samiske varietetar. Omgrepet *dialekt* kan vera misvisande fordi det kan implisere at alle innafor same dialektområde snakkar likt. Helge Sandøy (1996:23) framhevar at dialekt er ei *språksystematisk idealisering*. Ein dialekt er difor ei framstilling av talemålet innafor eit avgrensa geografisk område som ikkje tar omsyn til individuell variasjon. Heller ikkje forholdet mellom språk og dialekt er så problemfritt som me kanskje skulle tru. Det kan i mange tilfelle vera vanskeleg å skilja mellom dei to omgrepa. Til dømes nemnde eg at sør-samisk kan vera både eit språk og ein dialekt, alt etter kva tilnærming ein har til omgrepet sør-samisk. Dersom ein fokuserer på samisk og samar som ei samla språkgruppe vil det vera naturleg å omtale variasjonen innafor samisken som *dialektar*. Om ein derimot har ei meir lingvistisk tilnærming, der den store

språklege avstanden mellom varietetane er eit ufråvikeleg faktum, vil det vera meir rett å snakke om dei ulike varietetane av samisk som åtskilde språk (Johansen 2006:49).

Omgrepet *etnolekt* siktar til eit språksystem eller ein språkvarietet som er knytt til ei etnisk gruppe. Fyrsteleddet *etno* skriv seg frå det greske ordet *ethnos* som betyr folk eller folkeslag. Suffikset *-lekt* er mykje brukt innafor språkvitskapen som nemning på ein bestemd språkleg varietet. På eit basalt nivå betyr dermed termen etnolekt ein språkleg varietet som tilhører eit folkeslag. Det er vanleg at etnolektar inneheld *substrat* frå eitt eller fleire minoritetsspråk. Det betyr at språklege særdrag frå eitt eller fleire minoritetsspråk blir innlemma som ein del av eit etnisk farga majoritetsspråk (Kulbrandstad 2003). Til dømes vil ein med god grunn kunne hevde at det norske talemålet som blir snakka i indre Finnmark er ein etnolekt. Dette talemålet har heilt klart innslag av samisk prosodi, og skil seg difor frå mange andre nordnorske dialektar. Sjølv om etnolektar legg det etniske innslaget i ein språkvarietet til grunn, finn me ofte døme på at ein etnolekt òg kan vera geografisk avgrensa (Sollid 2009:153). Såleis ser me at alle desse omgrepa *språk*, *dialekt* og *etnolekt* ikkje er eintydig avgrensa storleikar, men at dei delvis flyt over i einannan. Likevel er dei nyttige verkty i arbeidet med å systematisere språk fordi dei, som Sandøy (1996:23) seier, nettopp er språksystematiske idealiseringar og dermed gjev oss ein oversikt, om enn noko forenkla, over korleis det språklege landskapet ser ut.

### 1.3. Problemformulering og avgrensing

Sia språktilhøva i Tydalen knapt nok er undersøkt før, vil denne avhandlinga i stor grad ha *makronivået* som eit overordna perspektiv. Med det meiner eg at det er dei store utviklingslinene som er hovudfokus, snarare enn det einskilde målmerket og den einskilde språkbrukar. Likevel må eg gå somme detaljspørsmål nærare i saumane for å gjera det heilskaplege biletet av språksamfunnet Tydalen mest mogleg nyansert. Eit sentralt problemfelt vil vera det som omhandlar folks eigne *oppfatningar* og *haldningar* til eigen og andre sin språkpraksis. Det er liten tvil om at nettopp oppfatningar om språk utgjer ein sentral del av eit språksamfunn. Gjennom å sjå på språkoppfatningar i Tydalen har eg ambisjonar om å kunne seie noko om kva slags språkleg røyndom tydalingane lever i og korleis dette sett spor i det realiserte talemålet. Med språkoppfatningar meiner eg her alle oppfatningar om eige talemål, medrekna oppfatningar som frå ein forskar sin ståstad kan verke både uvitskaplege og feilaktige. Til dømes vil det vera relevant å sjå på korleis informantane oppfattar språk og

## 1. INNLEIING

dialekt reint estetisk, eller kva *dei* meiner er dei mest særmerkte draga ved eige talemål. Desse aspekta er viktige i det heilskaplege biletet av kva språkleg røyndom tydalingane lever i.

Ein annan viktig del av det heilskaplege biletet vil vera å undersøke kva språknormer sørssamar handlar etter. Eg vil argumentere for at dei er ein del av det tydalske språksamfunnet og at dei dermed held seg til mange av dei same språknormene som andre tydalingar gjer. Eit interessant aspekt ved det sørssamiske er om det er mogleg å spore drag frå sørssamisk språk i måten sørssamar pratar norsk på. Dersom det er tilfelle, har me med ein sørssamisk etnolekt å gjera, altså eit talemål som avvik frå ”vanleg” tydalsmål fordi det ber med seg drag frå eit anna språk. Det er med andre ord snakk om eit etnisk farga talemål. Eit anna interessant spørsmål er om ikkje-samar i Tydalen opplever den samiske måten å prate norsk på som etnolekt, eller avvikande frå ”normalt” tydalsmål på ein eller annan måte.

Språkstudiar av denne typen har tradisjonelt sett dreidd seg om å forklare kvifor språkendringar finn stad. Det er altså sjølve endringa som er det interessante, og det er vel ei sanning at dei områda som har gjennomgått dei mest gjennomgripande språkendringane har vori mest i sørkelyset frå språkvitskapleg hald dei siste 15–20 åra. Eg tenkjer då særleg på ein del undersøkingar som er gjort dei siste åra av bymiljø og meir eller mindre urbaniserte bygdebyar. Difor kan det vera lett å glømme dei faktorane som gjer at språket *ikkje* endrar seg. Sia denne oppgåva er meint å gjeva eit heilskapleg biletet av eit språksamfunn, vil både språkleg *endring* og *stabilitet* vera relevant, både når det gjeld tydalsmål og sørssamisk.

Endringar i eit språksamfunn har i dei aller fleste tilfella rot i ein instans *utanfor* sjølve språksamfunnet. Desse påverknadsinstansane vil eg sjå nærare på, og vidare drøfte kven av dei som har mest påverknad på språksamfunnet Tydalen. Som regionhovudstad vil det vera nærliggande å undersøke kva posisjon Trondheim og trondheimsmalet har i forhold til Tydalen og tydalsmalet. I tillegg kan andre kreftar òg fungere som språkleg rettesnor. Her vil det vera naturleg å undersøke om det er mogleg å spore ein påverknad frå eit meir nasjonalt sørøstnorsk standardtalemål. Samstundes vil eg trekke inn nyare studiar av andre sørtrønderske språksamfunn (til dømes Hårstad 2004, 2010; Røyneland 2005) for å sjå på likskapar og ulikskapar i den sørtrønderske talemålsutviklinga. Slutninga ein kan trekke frå dette er at denne undersøkinga inneheld:

1. Ei deskriptiv skildring av språksamfunnet Tydalen, og
2. Ei eksplanatorisk analyse av kvifor det er slik.

## 1. INNLEIING

## 2. TYDALEN

Målet med dette kapitlet er å gjeva eit utsyn over tydalssamfunnet slik det har vori, og slik det er i dag. Ei fullstendig bygdesoge er det sjølvsagt ikkje plass til her, men nokre strategiske nedslag i samfunnsmessige sider ved Tydalen er nødvendig for å klargjera kva slags type område det er eg har sett meg som mål å undersøke. Med *strategiske nedslag* meiner eg historiske, geografiske eller samfunnsstrukturelle aspekt som kan ha relevans for *språksamfunnet* Tydalen, i direkte eller indirekte forstand

### 2.1 Geografi, historie, kultur og næring

#### 2.1.1. Geografi


Det er heilt rettmessig å karakterisere Tydalen som ein typisk fjellkommune. I utstrekning er kommunen 1329,2 km<sup>2</sup>, der over 1000km<sup>2</sup> er definert som snaufjell, myr og vatn. Berre Oppdal, Røros og Midtre Gauldal har større utstrekning i Sør-Trøndelag<sup>3</sup>. Sia folketalet i Tydalen berre er på 868 innbyggjarar er det derimot ingen av kommunane i Sør-Trøndelag som har så få innbyggjarar pr. km<sup>2</sup>. Kvar tydaling har over 1,5 km<sup>2</sup> å boltre seg på. Dyrka areal utgjer berre 5,5 km<sup>2</sup> (ssb.no). Store fjellområde omkransar heile dalføret, med Fongen i nord, Sylan i aust, Skarsfjella og Viglfjella i søraust og Kjøli, Blåhåmmåren og Hyllingen i sør. Lengst aust i kommunen finn me to hovuddalføre med elvane Nea og Tya. Dei to elvane møtest i kommunesenteret Ås og derifrå heiter elva Nea til den renn ut i Selbusjøen.

Tydal kommune ligg i det nordaustre hjørnet av Sør-Trøndelag fylke og grensar til Meråker og Selbu i høvesvis nord og vest, Holtålen og Røros i sør og Berg og Åre i aust. Dei to sistnemnte i Jämtlands län. Busetnaden ligg spreidd langs Nea i nedre del av kommunen og langs Tya og Stuggusjøen lenger opp. Mellom den nedste busetnaden i Hilmo og Kåsen, som er den siste garden fyri fjellovergangen mot Røros, er det om lag 4 mil. Fylkesveg 705 er hovudferdselsåra gjennom Tydalen. Den startar på Hell i Stjørdal kommune og fortsett i søraustleg retning gjennom Selbu og vidare langs Nea fyri den når den fyrste grenda i Tydal kommune, Hilmo (sjå figur 1). Vidare passerer han grendene Græsli og Aune. Desse tre grendene blir kalla ”Yterbygda” og ligg om lag 300–400 moh. Grenda Ås (400–500 moh.) er kommunesenteret med nokre butikkar, kommuneadministrasjon, aldersheim, idrettshus og

---

<sup>3</sup> Sjå vedlegg 1 for kart over Sør-Trøndelag og vedlegg 2 for kart over Tydal kommune.

barne- og ungdomsskule. Nordaust for Ås ligg Østbygrenda. Derifrå går det bilveg inn til Essandsjøen og turisthytta Storerikvollen. Ovafor Ås og Berggarden blir det lengre mellom bustadhusa, medan innslaget av fritidshus og hytter aukar. Grenda Løvøya er omtrent den einaste busetnaden på den to mil lange strekninga frå Ås og Stugudalen. Stugudalen er den siste grenda fyri fjellovergangen mot Røros og ligg 620–730 moh. Her bur det pr. 2001 83 personar. Det samla folketalet i Tydal er altså 868 (pr. 2011), der godt over halvparten (598 pers. pr. 2001) bur i dei tre grunnkrinsane Ås, Østby og Kirkvoll som utgjer sentrum. Yterbygda, eller grendene Hilmo, Græsli og Aune hadde i 2001 237 innbyggjarar (ssb.no 2001). Sjå vedlegg 1 for kart over Tydal kommune.



**Figur 1. Oversikt over grendene i Tydalen.**

### 2.1.2. Historie

Segna seier at dei fyrste tydalinger kom frå sør: ”De første Indvandrere kom søndenfra over Ridalen. Da de frå Høiderne kunde se Dalen, sagde De: ”Dette er en betydelig Dal” (Tydalen)” (Hansen 1873:5). Denne forklaringa på bygdenamn finn ein tilsvarande døme på fleire stader i landet og høyrer med til ein lokal segntradisjon. Den ”rette” forklaringa på tydalsnamnet finn ein i elvenamnet Tya (norr. *Þyðá*), som renn gjennom den øvste delen av dalen. *Þyðá* er det same som *Pjoðá* som betyr stor elv, eller hovudelv. Det faktum at heile Tydalen fekk namn etter elva som berre renn gjennom den øvste delen, kan tyde på at dei

fyrste tydalingar kom sørafrå eller austifrå, altså anten over fjellet frå Røros og Holtålen, eller frå Härjedalen. Dette finn ein god støtte for i litteraturen. Både Gerhard Schøning (1778), Ole Stuevold Hansen (1873) og Halfdan Bryn (1921) er klåre på at hovudstraumen av tilflytting til Tydalen må ha kommi frå sør. Likevel skal ein ikkje gløyme at Tydal var ein del av Selbu herad frå 1833 og heilt fram til 1901. Difor må det ha vori ein viss kontakt vestover med selbyggane i denne perioden.

Funn av reiskap, gamle gravhaugar og slaggrestar frå malmbrenning er såpass omfattande at det truleg har vori folk i Tydal på slutten av steinalderen. Det er likevel vanskeleg å slå fast om det har vori fast busetnad sia då. Det er først frå yngre jernalder (frå 600–1050 e.Kr.) det er gjort funn som sikkert vitnar om fast busetnad. Ein veit lite om folket i Tydalen fyri Svartedauden. Det finst likevel segner bevart frå den tida. Ole Stuevold Hansen sine nedskrivingar er ei god kjelde til eldre tydalshistorie. I Hagland og Dalen si tekstsamling *"I det meest upolerede bondesprog"* - tekster på trøndermål 1706-1856 finn me ei lita historie der Stuevold Hansen skildrar kva som blir sagt rundt bordet der ein gjeng tydalingar er samla:

Du ha fill alder hört nå om, du Saxe, kelest de gjek te nær Svartdöin grassera? – döm si då, at Fölkje va reent död bort i Sælbu å i Tydala rök de bärre ti en Omn hell to, sa'n Thore Volla" (Dalen og Hagland 1985:168)


Om ein ser på innhaldet i sitatet, ser det ut til at det var omrent folketomt i Tydalen rett etter svartedauden. Ei anna segn fortel at det berre var ein einaste tydaling som overlevde pesten og han skal ha heitt Estenn i Græsli. Han grov ned sine sambygdingar i *Såssengmyra* (*Sottesengmyra*). Han skal deretter ha gifta seg med ei jente frå Orkdalen og dei to skal vera stamfedrane til dagens tydalingar. Slike segner er rett nok vanskeleg å feste lit til, men det er mykje som tyder på at folketalet i Tydalen vart kraftig redusert i siste halvdel av 1300-talet og at all busetnad ovanfor Ås vart lagt aide. I tillegg tyder gardsnamnet Aune på at denne garden var ein såkalla øydegard etter Svartedauden (Tøsse og Aas 1987 band 1:38-39). Me veit òg at det må ha vori ein viss gjennomfart av folk nedgjennom Tydalen og Selbu i mellomalderen. Pilegrimsleia frå Dalarna til Nidaros går her og ein veit at pilegrimane tok inn på gardar for nattlosji på si ferd til heilage Olav si grav.

I tida etter reformasjonen i 1537 og fram til 1719 er Tydalen sterkt prega av den urolige krigssituasjonen i Norden. Med si plassering langs den viktige ferdavegen mellom Jämtland/Härjedalen og Trondheim låg dalføret midt i krysselden i krigshandlingane mellom Danmark-Noreg og Sverige. Tydalingar og jamtar hadde i alle tider vori gode naboor og det var ikkje uvanleg at tydalingar for over Kjølen og fann seg ektefelle, eller omvendt. Difor var

krigstida ei vanskeleg tid for mange, der dei var i krig med sine eigne slektingar. Frå Gerhard Schøning si reise gjennom Tydalen på 1770-talet kan ein lesa at heile busetnaden vart brent to gonger av svenskane; fyrst under den nordiske sjuårskrigen (1563–1570) og seinare under den såkalla Gyldenløvefeiden i 1678. Frå desse tider har ein følgjande ordspråk om folk med raudt hår: ”Du va fill Guten som bar Nævra, nær Tydalen brann, du!” (Hansen 1873:37-43).

Det siste og mest kjende felttoget gjennom Tydalen fann stad rundt juletider i 1718, då Karl XII ville ta Noreg. General Armfelt måtte som kjend gi opp forsøket på å ta Trondheim då kongen vart skoten, og på tur heim att fraus over 4000 svenske soldatar i hel i Tydalsfjella (Hansson 2003:4-28). Dette er no ei kjend historie for dei fleste trønderar, særleg gjennom moderne teateroppsettingar som ”Karolinerspelet i Tydal” og ”Elden” på Røros. ”Karolinerspelet” er noko av det som i størst grad har sett Tydalen på kulturkartet dei siste 20 åra.

For tydalingane var det nok svært tøffe år i tida etter alle desse krigane. Likevel ser ein at folketalet tar til å auke mot slutten av 1700-talet. Medan det i 1701 berre var 135 innbyggjarar, hadde folketale auka til 444 i 1801 (sjå figur 2).



Figur 2. Folketalet i Tydalen 1643-2008.

Etter andre verdskrig fekk Tydalen ein gullalder gjennom storstilt kraftutbygging, der dei store vassressursane i Neavassdraget skulle forsyne store delar av landet med straum. Dette gav gode inntekter til kommunen og arbeid til folket. Heilt fram til 1950 må ein kunne seie at Tydalen var eit gamaldags bondesamfunn. Med kraftutbygginga fekk ein stor del av tydalsbøndene arbeid på anlegga, noko som gav god avkasting ved sida av gardsdrifta (Tøsse og Aas 1987 band 2:382-411). Denne storstilte satsinga på vasskraft gjev seg utslag i figur 2, der auken i folketalet etter 1947 i stor grad skyldast innflytting i samband med

kraftutbygginga. Mange av dei som kom flyttande til Tydalen som anleggsarbeidarar på 1960-talet tilhører i dag besteforeldregenerasjonen. Når det gjeld tilflytting av personar med *utanlandsk* opphav (her reknar eg ikkje med innflytting frå dei svenske nabobygdene) har dette på ingen måte prega tydalssamfunnet, korkje før eller i dag. I dag er dette stort sett avgrensa til ein 8–10 arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa og Tyskland. Slik sett vil eg seie at medlemane i tydalssamfunnet jamt over representerer ei, kulturelt sett, homogen gruppe som langt på veg har heimbygda som ein felles referanse.

### **2.1.3. Kultur og næringsliv**

I dag er landskjende tilstellingar som Sommarfestivalen i Selbu og Rørosmartnan med på å gjera Selbu og Røros til to sentrale aktørar på den trønderske kulturarenaen. I tillegg er Selbu landskjend for strikketradisjonane sine og Røros for sin status som verdsarvstad. Like sentral er ikkje Tydal, sjølv om friluftsteateret ”Karolinerspelet i Tydal” og Tydalsfestivalen etter kvart har vorti godt kjend blant det trønderske publikum. Det som framfor alt gjev Tydal merksemd i media, er fjellet og utmarka. Tydal er i dag ein av Trøndelags største hyttekommunar, med ca. 1600 hytter. Dette fører med seg stor verdiskaping, i hovudsak for grunneigarar, men også for handelsnæring og entreprenørar. Storparten av hyttene ligg i bjørkeliene rundt Stuggusjøen, men det ligg òg ein del hytter nord for Nea, særleg på Aunemarka og Østbymarka. På grunn av alle desse fritidshusa har mange, særleg trondheimsfolk, fått eit forhold til Tydalen. Difor er det ofte saker om friluftsliv og naturvern som representerer Tydalen både i media og elles. Dei siste åra har det i tillegg vorti satsa på å marknadsføre fjellområda i og i kring Sylan sterkare, særleg inn mot fotturisme og skikjøring. Næringsaktivitet i tilknyting til Sylan landskapsvernområde er òg eit satsingsfelt ([www.sylan.no](http://www.sylan.no) 2011).

På bakgrunn av dette ser ein at tydalskulturen har vori prega av si geografiske plassering, midt mellom det eg vil kalle ”kulturbastionane” Selbu og Røros. Attover i historia har nok tydalskulturen fleire likskapar med grannekommunane i sør enn med Selbu. Som sagt er det mykje som tyder på at kontakten sørover har vori sterkare enn kontakten med Selbu. Dette kjem klart fram om ein ser på slektshistoria frå 18- og 1900-talet. Der giftarmål ikkje vart inngått mellom to tydalingar, finn me ei overvekt av giftarmål mellom tydaling og ålbygg, eller haltdaling (Tøsse og Aas 1987: Band 3 og 4). Amund B. Larsen (1886:43-44) peikar på det same og ser klare likskapar i talemålet på dei to stadene:

At Tydalen i sitt sprog hører sammen med Holtålen, særlig med hovedsognet og annekset Ålen, uagtet fjeldet skiller fra dem, skyldes den fælles hovednæringsvei, fædriften, hvorved en stor del af beboerne om sommeren bliver hinandens naboer på setrene. Hovedsognet Selbu, hvor agerbruget og kverstensdriften er vigtige næringsveie, står derfor mer fremmed for tydølingen. Uagtet nutidens forhold i høi grad er skikkede til at utrydde lokalpatriotismen, skal det endnu være forholdsvis sjeldent, at der indgåes blandede ægteskaber mellem Tydal og Selbu. Såvidt jeg har forstået, er det nærmest tydølingerne, som holder sig for overlegne [sic].

I dag ser det derimot ut til at tydalssamfunnet orienterer seg meir mot nordvest. Innflytting og utflytting over selbugrensa har vorti meir vanleg og Tydalen deler både lokalavis og lokalradio med Selbu.<sup>4</sup> Fleire interesseorganisasjonar har felles lokallag for Selbu og Tydalen, til dømes historielaget og LO. Kyrkjeleg har Tydalen alltid vori orientert mot nordvest ved at Tydal sokn hører til Selbu prestegjeld og Stjørdal prosti. I tillegg er Tydal kommune med i det interkommunale samarbeidet *Værnesregionen* saman med Selbu, Stjørdal, Malvik, Frosta og Meråker. Medlemskommunane samarbeider om ei rekkje kommunale tenester, der hovudmålet er å sikre velferd for beburane samstundes som ein har som målsetting at kommunane skal halde fram som sjølvstendige einingar ([www.varnesregionen.no](http://www.varnesregionen.no) 2011). Diskusjonar om ei eventuell samanslåing med Selbu har så langt vori fråverande, då kommunen på noverande tidspunkt har ein relativt solid økonomi og difor er i stand til å yte eit godt servicetilbod til sine innbyggjarar.

I Tydal spelar tradisjonelt jordbruk framleis ei viktig rolle. Sjølv om talet på gardar i drift har gått noko ned dei siste åra, er det framleis om lag 30 gardar som er i aktiv drift i dag. Tradisjonell seterdrift har vori uløyseleg knytt til jordbruket i Tydalen, men dei siste 40 åra har fellesetrenene overtatt for dei tradisjonelle setervollane. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at i 2001 var 13,6 % av innbyggjarane i Tydalen mellom 16 og 74 år sysselsette innafor jordbruk og skogbruk. Mesteparten av desse driv mjølkeproduksjon. Andre viktige sysselsettingsområde er offentleg forvaltning, som inkluderer både skule og helsestell. Dette området sysselsett 47,3 %. Kraft og vassforsyning sysselsett 10,9 %. Trass i storstilt kraftutbygging etter krigen har ikkje Tydalen hatt ei like gjennomgripande utvikling som til dømes Selbu dei siste 50 åra. Med eit breitt spekter av aktørar både innafor handelsnæring og industri har Selbu, i særleg grad kommunesenteret Mebonden, mange av dei eigenskapane som ligg i omgrepet bygdeby. Til dømes har Selbu over 25 % av dei sysselsette innafor næringane bergverk, industri, bygg og anlegg, medan det tilsvarande talet for Tydal kommune er 10,9 % (ssb.no 2001). Statistikken talar på ingen måte for seg sjølv, men eg meiner å sjå

---

<sup>4</sup> Nea Radio dekker rett nok Røros og Holtålen i tillegg til Neadalen, men dei har eit studio på Røros og eit i Selbu slik at sendingane er forskjellige for dei to områda.

ein gjennomgåande tendens til relativt sterkt sosial stabilitet i tydalssamfunnet, snarare enn dei større sosiale endringane ein kan sjå i mange bygdesamfunn. Fråværet av ei sterkt servicenærer og lite arbeidsplassar innafor industri er sterke indikatorar på dette.

#### **2.1.4. Reindrift**

Ei anna tradisjonell næring med sterke røter i Tydalen er reindriftsnæringa. Sør for hovuddalføret har Gåbrien sijte (Riast/Hyllingen reinbeitedistrikt) sine beiteområde, medan Saanti Sijte (Essand reinbeitedistrikt) held til nord for hovuddalføret. Dei fleste av reindriftssamane som tilhører desse beitedistrikta, har fast bustad utanfor Tydalen, helst i nabokommunen i sør, Røros. Berre 6–7 samiske familiar har bustadadresse i Tydalen. Likevel utgjer fjellområda i heile Tydalen eit viktig sommarbeite for reinen. Såleis har langt fleire reindriftssamar tilhald i Tydalen gjennom store delar av sommarhalvåret enn dei 6–7 familiene som bur her fast. Om vinteren trekker reinen sørover mot vinterbeite ved Femunden.


I likskap med andre landbruksnæringer har reindrifta gått gjennom store endringar sia 1960. Ei mekanisering av næringa førte med seg nye framkomstmiddlar som snøskuter, motorsykkel og helikopter. I tillegg fekk ein eit strengare regelverk når det gjeld slakting og hygiene, noko som har ført til mindre feltslakting og meir slakting på godkjende slakteri. Til saman har dei to reinbeitedistrikta som har beiteområde i Tydalen, om lag 9000 rein fordelt på 19 *driftseiningar*. Under kvar driftseining hører det til fleire *reinmerke*. Dette er eit merke i øyret på reinen som fortel kven som eig han. Får å få eit eige reinmerke må ein anten overta ein annan sitt merke, eller søke reindriftsforvaltninga om å få opprette eit nytt merke. ([www.reindrift.no](http://www.reindrift.no)). Reindrift er det ein kan kalle ei *eksklusiv næring* for samane. Det inneber at berre samar kan drive med rein i dei områda der det bur folk med samisk bakgrunn. Dette er slått fast i den nye Reindriftslova, kapittel 2, § 9, som tredde i kraft i 2007.

## **2.2. Sørsamisk**

#### **2.2.1. Sørsamar i rørosområdet**

Det vil vera misvisande å bruke nemninga ”samar i Tydalen” eller ”tydalssamar” som overskrift på dette delkapitlet. Tydal kommune utgjer berre ein av i alt fem kommunar der Gåbrien sijte (Riaste Hyllingen reinbeitedistrikt) og Saanti sijte (Essand reinbeitedistrikt) har sine beiteområde. Eg vil difor nytte same nemning som Sverre Fjellheim gjer i ”Samer i

Rørostraktene” (Fjellheim 1999). Fjellheim avgrensar ”rørostraktene” til området mellom ”[...]Stjørdaldalssføret i nord og Femundtraktene i sør, og tilgrensende områder både i Nord-Østerdalen/Dovretraktene i sør, og Gauldalsvidda/Trollheimen i vest” (op.cit:14).



Figur 3. Den stipla linja viser at grensa mellom Saanti Sjte (Essand Reinbeitedistrikt) og Gåebriens Sjte (Riast/Hylling Reinbeitedistrikt) følgjer hovuddalføret gjennom Tydalens (Fjellheim 1999).

Perioden frå 1800 til om lag 1980 har som kjend vorti ståande som eit mørkt kapittel i samane si historie. Sørsamar vart i likskap med samar generelt sett på som ein underlegen og tidvis marginalisert minoritet av det norske storsamfunnet. Denne stigmatiseringa av samar har sitt opphav i den politikken som vart ført mot etniske minoritetar i Noreg på 1800-talet og fram til etter midten av 1900-talet. Samisk kultur vart då sett på som primitiv og mindreverdig (Mæhlum 2007:139-140). Ein meinte at den einaste utvegen for samane var assimilasjon, altså at dei erstatta sin eigen kultur med ein etnisk norsk kultur. Dette innebar òg at samane måtte erstatte samisk språk med norsk. I det rørossamiske området vart denne politikken i tillegg styrka av den såkalla *framrykkingsteorien*. Den meiner å slå fast at samane ekspanderte sørover frå dei nordlege delane av Nord-Trøndelag på 16–1700-talet og at dei difor ikkje skal ha hatt tilhald i rørostraktene fyri då (Haarstad 1992). I praksis førte denne teorien til at samane ikkje hadde nokon historiske rettar å vise til i rørostraktene. Arkeologiske funn dei siste tiåra har tilbakevist denne teorien, noko som igjen har ført til at sørsamiske rettar til utmark og beiteland har vorti styrkt. Men sjølv om det frå vitskapleg hald er slått fast at sørsamar må ha hatt tilhald i rørostraktene mykje tidlegare enn 1600, er det mykje som tyder at framrykkingsteorien framleis står sterkt hos mange i lokalsamfunna i rørosområdet og at samane her dermed ikkje blir rekna for å vera ”rette” urfolk (Larsen 2009). Den svenske

arkeologen Inger Zachrisson er ein av dei som sterkest har motbevist framrykkingshypotesen. Utgravingar i området kring Vivallen i Funäsdalen slår fast at her må det ha vore tilhald av samar i tidleg mellomalder (år 800–1200 evt). Ved Vivallen fann dei graver der lika var dekt med never, etter gamal samisk tradisjon (Fjellheim 1999:51). Ei slik grav er òg funnen i Tydalen, nærmere bestemt ved Møsjøen, aust for Stugudalen. Her er det verdt å merke seg at det berre er 35 km i luftlinje mellom Vivallen og Møsjøen. Sjølv om grava ved Møsjøen ikkje er datert, tyder likskapen mellom dei to funna på at samisk busetnad eksisterte i Tydalen omtrent på same tid som ved Vivallen (op.cit:329). Eg skal ikkje gå nærmere inn på dei samiske kulturminna i Tydalen her, men viser til Fjellheim (1999), som gjev ei fullstendig oversikt over alle registrerte samiske kulturminne i det rørossamiske området.

Sjølv om den sørsamiske reindrifta ber med seg mykje av ein urgammal tradisjon, ser ein likevel at det har skjedd ei kontinuerleg endring i måten samane har levd på. Den mest markerte endringa er overgangen frå fangstbasert til nomadisk reindrift. Dette skjedde truleg på 15–1600-talet ved at reinflokkane vart temte, både til bruk som kjørerein og til mjølking. Mjølking av rein var vanleg til om lag 1900, men ein veit at det vart mjølka rein til osteproduksjon langt inn på 1900-talet (Fjellheim 1999:81). Fleire eldre tydalssamar har bekrefta at mjølking fann stad så seint som på 1930-talet i Saanti Sijte (Martin Brandsfjell, lydopptak 1985).

Den sørsamiske kulturen er i dag sterkt forankra i reindriftstradisjonen. Medan nordsamisk språk og kultur ser ut til klare seg bra lausrivi frå reindrifta, spelar reindrifta ei heilt avgjerande rolle som kontinuitetsberar av sørsamisk språk og kultur. Gjennom reindrifta blir tradisjonar halde i hevd og overført til nye generasjonar. Tal frå Statistisk sentralbyrå bekreftar langt på veg reindrifta si sterke stilling i dei sørsamiske områda: Dersom ein deler det samiske området i Noreg ved Saltfjellet, ser ein at 504 personar er knytt til reindrifta i sør, medan 2508 personar er knytt til reindrifta i nord. Talet på samar som er innskrive i samemanntalet er i sør 884, og i nord 11150. Det er rett nok langt frå alle samar som står i samemanntalet, så noka nøyaktig utrekning blir ikkje dette. Eg vel likevel å bruke samemanntalet kort og godt fordi det er vanskeleg å seie kor mange samar som totalt sett bur i Noreg, på nokon annan måte. Dei anslagsvise tala varierer frå 50 000 til 80 000. Uansett gjev samemanntalet langt på veg ein peikepinn på kor stor del av samane som driv med rein i sør samanlikna med i nord. I sør utgjer prosentdelen av samemanntalet som driv med rein, 57 %, medan den tilsvarende prosentdelen i nord er ca. 22 % (ssb.no 2009).

### 2.2.2. Litt om sørsamisk språk og dialekt

Noka fullstendig framstilling av sørsamisk språk og dialekt har eg sjølvsagt ikkje plass til i denne oppgåva. Likevel vil eg seie noko om somme språkforhold eg meiner kan vera nyttig som eit bakteppe til dagens språksituasjon.

Nordsamisk og sørsamisk er i dag å betrakte som to ulike språk som er gjensidig uforståeleg. Lulesamisk er å sjå på som ein mellomvarietet av desse språka. I tidlegare tider var heile det samiske språkområdet eit kontinuum av ulike varietetar, der nabovarietetane lett var innbyrdes forståeleg. Dermed auka den språklege avstanden med auka geografisk avstand, akkurat slik me kjenner det i dei norske dialektane. Innafor det sørsamiske området har dialekten i rørosområdet tradisjonelt skild seg frå den sørsamiske dialekten me finn lenger nord. Eit anna essensielt faktum er at det på ingen måte let seg gjera å avleie sørsamisk frå nordsamisk. I mange tilfelle er sørsamisk eit meir arkaisk språk enn nordsamisk og dette let seg vanskeleg foreine med den tidligare nemnde framrykkingsteorien. Eit døme på dette er det samiske ordet for *over*, *henover*, som på nordsamisk er *badjel* og på sørsamisk *bijjelen*. Her representerer -n-endinga i sørsamisk ei opphavleg form som tidligare fanst i nordsamisk, men som no berre er bevart i sør (Bergsland 1995).

Innafor det sørsamiske språkområdet er det vanskeleg å trekke opp bestemde grenser for dei ulike varietetane, men den varieteten som Bergsland kallar rørossamisk, er den som tradisjonelt har vori brukt av samar i Tydalen. Denne varieteten hører heime i søre delar av Jämtland, Härjedalen og rørosområdet. Dei to andre varietetane det er vanleg å operere med, er nordleg jämtlandssamisk, som hører heime i nordre delar av Jämtland, Stjørdal, Meråker og Snåsa, og åselesamisk som me finn i Västerbotten, Namdal, Bindal, Vefsn, Hattfjelldal og Grane ([www.risten.no](http://www.risten.no) 2005). Etter at sørsamisk fekk si eiga rettskrivingsnorm i 1978 (Mæhlum 2007:144), er mange av dei tradisjonelle målmerka som skil dei ulike sørsamiske varietetane, på vikande front. Samstundes har traderinga av sørsamisk språk dei siste 100–150 åra vori sterkt svekka, og i mange tilfelle heilt fråverande, noko som òg er med på å legge til rette for eit meir standardisert sørsamisk språk. Utviklinga på lang sikt ser dermed ut til å føre mot ein felles sørsamisk standardvarietet, både i skrift og tale.

### 2.2.3. Konfliktar

Det er ikkje til å komme utanom at det har vori, og framleis er konfliktar knytte til møtet mellom samisk reindrift på den eine sida og jordbruksnæringar og storsamfunnet elles på den andre sida. Eit av dei eldste skriftlege bevisa frå rørostraktene på dette er frå 1632, der

allmugen i Holtålen klagar på at ”*Finnerne eller Fieldlapperne gjøre oss stor offuer-Wold paa diur att Weyde Wdi Woris allmenninger och Leye maall*” (Fjellheim 1999:18). På 1800-talet var det særleg områda rundt sjøen Riasten som var konfliktfylte. Ved Riasten møtest grensene til dei tre kommunane Tydal, Holtålen og Røros. Her hadde både ålbyggar og tydalingar setervollar på 1800-talet og konfliktane omhandla for det meste rein som gjorde skade på setervollar og slåtteteigar. Samane i området heldt til ved Gaulhåen, berre nokre steinkast frå dei nærmaste vollane. Ein episode som skal ha skjedd på midten av 1800-talet vitnar om eit meir valdeleg konfliktnivå enn i dag. Då samane hadde samla reinsflokk i trøa, møtte nemleg ein 10–12 ålbyggar opp for å spreie flokken deira. Dette skal ha utarta til eit voldsam slagsmål, men ingen liv gjekk tapt. Slike historier finst det mange av frå den tida og konfliktane enda i dei aller fleste tilfella i bøndenes favør, etter ein runde i dåtidas rettsvesen. Sverre Fjellheim (1999:137) nyttar formuleringar som *finnjaging* og *etnisk reinsing* om dei rettslege etterspela som følgde desse konfliktane ved Riasten.

Medan konfliktane på 1800-talet var ein kamp der både sider kjempa om retten til beite, utspelar dagens konfliktar seg på eit litt anna grunnlag. Ettersom seterdrift og utmarksslått i stor grad tok slutt på midten av 1900-talet, er det ei anna form for næringsaktivitet som i dag utgjer det største trugsmålet mot samanes ressursgrunnlag. I Tydalen er det særleg kraftutbygging og hyttebygging som skapar konflikt. Neddemming av store beiteområde som Nesjøutbygginga i 1970 og Finnkoisjøutbygginga i 1969 gjekk føre seg utan store protestar frå samane, men ein ser i dag at inngrep av denne typen gjorde store innhogg i viktige beiteområde og trekkvegar for reinen. Berre Nesjøutbygginga la 40000 dekar beite under vatn. Sjølv om mange av samane var motstandarar av desse utbyggingane, sto samiske rettar så svakt enno på den tida at motstanden stort sett vart oversett (Tøsse og Aas 1987 , Band 2:407-411). I dei siste åra har utbygging av elva Lødølja vori eit konfliktfylt tema. Dei fyrste utbyggingsplanane var det Statkraft som sto bak, men etter at dei vart avvist i kommunestyret, er det no grunneigarane sjølve som har planar om kraftproduksjon i elva. Fleire reineigarar kjenner nok dette som eit svik frå grunneigarane si side, sia mange av grunneigarane som no vil bygge ut, sto på samane si side mot Statkraft sine planar tidlegare. Lødølja-utbygginga vil få langt mindre konsekvensar enn oppdemminga av Nesjøen og Finnkoisjøen, men blant samane er nok begeret allereie fullt og dei kan ikkje på noko vis godta fleire inngrep i eit såpass viktig beiteområde. Mange i lokalsamfunnet tolkar dette som at samane går i mot ei kvar form for utvikling og at dei såleis representerer eit hinder for økonomisk utnytting av naturressursane.

Sjølv om konfliktane så avgjort har vori til stades, må ein for all del ikkje glømme at tilhøvet mellom samar og lokalbefolkning stort sett har vori godt, kanskje betre i Tydalen enn i områda nærmere Røros. ”Tydalingane har vori greie folk” uttalte reindriftssamen Martin Brandsfjell (lydopptak 1985). Fleire eldre tydalingar eg har snakka med, fortel at det var vanleg at samar losjerte både på gardane og på setrene om sommaren. I tillegg var det ikkje uvanleg at folk frå bygda var med på reinsslakting eller kalvemerking. Mange bønder hadde faktisk eigne reinsdyr som samane sytte for, såkalla sytingsrein. Slik sett er dagens etnisk norske lokalbefolkning meir distansert og avskjerma frå den samiske kulturen enn det som var tilfellet for 60-70 år sia. Likevel er det mykje som tyder på at media overdriv konfliktnivået mellom samar og resten av lokalbefolkninga, for som Cecilie Myrnes (2010) skriv i si masteravhandling om relasjonen mellom samar og fastbuande i rørosområdet:

Jeg har blitt positivt overrasket over de nære vennskapsrelasjonene mellom samer og nordmenn. [...] Man snakker fremdeles i mange tilfeller om de andre med respekt, for de har tross alt levd side om side over flere generasjoner. Flere informanter har fortalt om den nære samhandlingsflaten som finnes mellom samer og nordmenn, de lever i de samme lokalsamfunnene og vil dermed også møtes på butikken, ungene går på samme skole og man tar gjerne en kaffekopp om det høves. Som en grunneierinformant fra Selbu fortalte, så snakker han med samene når de treffes for de er da trivelige folk. [...] Flere reineierne har fortalt at de kjenner grunneiere personlig, så kan det ikke være tvil om at den forestillingen vi får presentert i media, ikke stemmer overens med det som faktisk foregår i lokalsamfunnene i undersøkelsesområdet (Myrnes 2010:97).

Myrnes konkluderer med at därleg kommunikasjon og misoppfatningar pregar konflikten og at mykje kunne ha vori løyst med betre dialog, altså at både sider firar noko på krava slik at dei kan ”møtes på halvveien”, som ho skriv (ibid).

## 2.3. Tydalsmålet

Noka fullstendig framstilling av tydalsmålet som *språksystem* vil det ikkje vera plass for i denne avhandlinga. Likevel finn eg det nødvendig med ein kort gjennomgang av nokre grunnleggjande drag i tydalsmålet for å klargjera noko av det eg seinare vil sjå på i analysedelen. Målmerka nedanfor er stort sett av ein fonologisk karakter, sia morfologien blir for detaljrik å ha med her. Bruken av lydskrift blir gjort reie for i kapitel 3.3.1.

### 2.3.1. Retrofleks flapp

Tydalsmålet har stemd retrofleks flapp (tjukk l) både av opphavleg norrøn *l* og *rð*. Me finn dermed tjukk *l* både i ord som [sol] og [høl] (*soꝝ og høꝝ*) og i [gard] og [bord] (*gaꝝ og boꝝ*).

Her skil tydalsmålet seg frå selbyggmålet som har stemd retrofleks flapp berre av opphavleg norrøn *l*. I ein del nyare lånord finn me derimot stemd alveolar lateral (tynn *l*), som i *salve*, *olje*, *ulv* (oppf. *værg*) og *bål* (oppf. *værme*).

### 2.3.2. Personleg pronomen

	EINTAL		FLEIRTAL	
	Subjektsform	Objektsform	Subjektsform	Objektsform
1.pers	<i>e</i>	<i>me</i>	<i>mi</i>	<i>åss</i>
2. pers	<i>du</i>	<i>de</i>	<i>di</i>	<i>dåkk</i>
3. pers	<i>høyn - ho - de</i>	<i>`ijyn/n<sup>5</sup> - `v - de</i>	<i>dømm</i>	<i>dømm</i>

DATIV 3. PERSON EINTAL		
	Trykksterk	Trykksvak
Mask.	<i>hønnəmm /E jekk bottåt hønnəmm səmm sto'der/</i>	<i>'e E jekk bottåt'e</i>
Fem.	<i>hijne /E jekk bottåt hijne səmm sto'der/</i>	<i>'n E jekk bottåt'n</i>
Nøyt.	<i>di /E jekk bottåt di səmm sto'der/</i>	<i>di E jekk bottåt'di</i>

### 2.3.3. Palatalisering

”Med Naboer baade i Nord og Syd og Vest har Selbu<sup>6</sup> og Guldalen det tilfælles, at n, l, d og t kan mouilleres eller blive palatale, hvor der i oldnorsk var dobbelt Konsonant, eller n og l efter sig havde d eller t” (Larsen 1882:33).

Sitatet frå Amund B. Larsen peikar på at palatalisering av lang *n*, *l*, *d* og *t* kan vera gjennomført, men ved nærmere augesyn ser me at det skilnader i gjennomføringa av dette språkdraget i Neadalen og Gauldalen, noko Larsen òg naturlegvis var klar over.

*Palatalisering av alveolar:* I tydalsmålet blir dei fleste lange alveolarar og alveolarsamband palataliserte. Eit typisk kjenneteikn på trøndersk er palataliseringa av den stemde alveolare nasalen *n*. Denne blir palatalisert både i trykktung og trykklett staving i tydalsmål, slik som i dei fleste andre sørtrønderske målføre. Det heiter såleis både *majn* og *dagijnn*. Den trykklette *-ijyn*-endinga har Tydalen til felles med Selbu og skriv seg frå *-inn-*endinga me finn i norrønt. Dette draget finn me òg i oppdalsmålet (Hårstad 2004:28). Palataliseringa av den stemde alveolare plosiven *d* førekjem som sagt berre dersom konsonantlengda er lang, altså i ord som *mujj* [mudd] og *skåye* [skodde]. Her er det likevel en

<sup>5</sup> Dei heiter til dømes *e såg'ijyn* (eg såg han), men *e høre'n* (eg hører han).

<sup>6</sup> Med Selbu meiner Larsen her heile Neadalsføret, då Tydal var ein del av Selbu herad fram til 1901.

viss inkonsekvens av gjennomføringa då ord som *trudde* og *flådde* ikkje har palatalisering. Eit ord som *hadde* ser ut til å vera i bruk både med og utan palatalisering. Former med -*jj* viser tydeleg eit slektskap til Holtålen og Røros, medan former med -*dd* er identiske med dei me finn i selbumålet. Palataliseringa rammer òg den ustemedde alveolare plosiven t på same måte som d. Trøtt og raudt blir då utala *trøcc* og *røcc*. Palatalisering av alveolare lateralar er alltid gjennomført ved lang l. Dermed får me *trøll* [troll], *kvæll* [kveld] og *stæll* [stelle]. Unntaket er historiske jamvektsord, der lang l blir tjukk, til dømes i *mållrå* [mala] og *stållrå* [stela]. Eit anna unntak er nyare lånord, som ofte ikkje får palatal uttale, til dømes [hall]. Konsonantsambandet -*lt* fører til ein ustemd alveolar lateral frikativ, der ein brukar IPA-teiknet *l̪*. Dermed utalar me salt> *sallc* og vilt> *villc*. I tydalsmålet kan ein altså finne palatalisering i følgjande tilfelle: lang l, d, t, n og i konsonantsambanda *lt*, *ld*, *ls*, *nd*, *nt*, *rn*, *ns*.

*Palatalisering av velarar:* Den siste typen palatalisering rammar dei velare plosivane k og g. Når det gjeld den ustemedde konsonanten k, er palataliseringa av denne langt frå like gjennomført som i selbumålet, der ein har former som *færce* (folket) og *boça* (boka). Derimot har tydalsmålet palatalisering i nokre få ord som endar på -*iŋŋ*, slik som adjektiva *naçiŋŋ* (naken) og *vaçiŋŋ* (vaken). Elles, der -*iŋŋ* opptrer som morfologisk ending i bunden form er det ikkje palatalisering av velarane. Det heiter såleis *sækkiŋŋ* og ikkje *sæçciŋŋ* i eintal, men òg *sækkeŋŋ* og ikkje *sæçceŋŋ* i fleirtal. Når det gjeld palatalisering av den stemde velare plosiven g, har ikkje tydalsmålet palatalisering av denne. Tydalsformene *skogv* [dativ eint. av skogen] og *bærge* [berget] skil seg dermed frå selbuformene *skoða* og *bærje*. Eg vel likevel å nemne dette her fordi det ser ut til at palatalisering av velarar har vori meir utbredt i eldre tydalsmål. Til dømes skriv Stuevold Hansen at "...*følkje* va reent død bort i Selbu.." (Dalen og Hagland 1985:168, mi uthaving). Vidare har eg observert frå lydopptak med tydalingar fødd kring 1900 former som *hujji* der me i dag seier *huggi* som perfektumform av verbet [hogge] (Håkon Hilmo, lydopptak 1985). Elles finn me gardsnamnet Berget som framleis blir uttala *Bærje*, slik at det er rimeleg å tru at palataliserte velarar tidlegare var meir gjennomført enn i dag.

### 2.3.4. Monoftongering

Tydalsmålet har gjennomført monoftongering både av opphavleg -au, -ei og -øy. Det same gjeld talemålet i Selbu og Holtålen. Likevel har tydalsmålet diftongar i gammal utlyd, som i høy og øy. Den monoftongerte au-lyden blir uttala lenger bak i munnhola enn den vanlege ø-

lyden. Ein kan difor høyre skilnad på ord som *lev* [lauv] og *løv* [lov, å få lov til], trass i monoftongering av *-au*.

### 2.3.5. Kløyvd infinitiv

Tydalsmålet har kløyvd infinitiv etter same prinsipp som resten av Trøndelag, men skil seg ut ved at det ikkje har apokopering av overvektsord i same grad, slik som til dømes i selbumålet. Me finn nemleg eit større område i austre delen av Sør-Trøndelag der denne apokoperinga ikkje er like gjennomført som i resten av Trøndelag. Til dømes blir verbet [kjøre] bøygd på følgjande måte. Å *çøre* – *çøre* - *çødde* - *çødd*. Tydalsmålet har apokope berre i hjelpeverb og såkalla *ja*-verb som til dømes [å telja] som på tydalsmål blir *å tæṛ*.

### 2.3.6. Jamning

Tydalsmålet at har full utjamning, med former som *våggå* (vega), *råkkå* (raka) og *klåvvå* (klave). Hokjønnsord får ofte det noko særprega vokalsambandet *-ø-u*, slik som i *snørru* (snare), *førru* (furu), *løddu* (løe) og *møssu* (myse). Endresen (1980:120) kallar dette fenomenet *open jamning*. Unntaket er hokjønnsord med *gg* eller *kk* som midtre konsonant. Desse orda får vokalsambandet *u-u*, som i *stuggu* og *vukku*. Amund B. Larsen (1886:111) hevdar at desse orda òg hadde *ø-u* på eit tidlegare stadium: "Man nævner i Tydalen, "den sidste som sagde *vøku*", som død for omtr. 6 aar siden [...]".

### 2.3.7. Dativ

Dativformene er berre bevart i bunden form. Vanlegvis er det preposisjonane som styrar dativ, men me finn òg døme på at somme verb, adjektiv og adverb styrar dativ, til dømes verba *ji/jå* [gjeva] og *før* [følgje] og adjektivet [lik]: *ji* (el. *jå*) *hæsstø* *mat*, *før* *gutømm* *hemætt* og *hajn* *va lik* *e'far* (el. *fare*) *sine*. I det siste eksemplet ser me at eigedomspronomen òg kan få dativform. Dativendinga i hokjønn eintal vil variere etter om substantivet har sterkt eller svakt bøyning. For hankjønnsord er det ingen skilnad mellom sterkt og svakt bøyning.

Kjønn	Eintal	Fleirtal
Mask.	-ø ( <i>hæstø</i> )	-ømm ( <i>hæstømm</i> )
Fem.	-n / ån ( <i>bokijn/ damåjjn</i> )	-ømm ( <i>bokømm</i> ) <sup>7</sup>
Nøyt.	-ø ( <i>husø</i> )	-ømm ( <i>husømm</i> )

<sup>7</sup> Altså ingen omlyd i dativ, sjølv om det heiter *bøkjn* i nom. fleirtal. Likeins heiter det *føt'n* i nom. fleirtal, men *fotøm* i dativ fleirtal.

### 2.3.8. J-bortfall

Tydalsmålet har *j*-bortfall i ord som *fel* [fjell], *bøle* [bjølle], *bøn* [bjørn] *føs* [fjøs] og *sø* [sjø]. Dette er likevel ikkje like gjennomført som i selbumålet, der ein i tillegg har *j*-bortfall i til dømes *børk* (bjørk) og *før* (fjøl). I Holtålen har *j*-bortfall vori meir gjennomført i eldre mål, men er i dag så å seie heilt fråverande (Reitan 1906).

# 3. METODE

Broadly speaking, decision making in three areas influences the field methodology of a research project: the type of study being undertaken; the type of speaker required; and the type of data required (Llamas 2007:12).

Sosiolingvistikk er ein fagdisiplin som tradisjonelt har lagt mykje vekt på metodologiske diskusjonar. Sjølve omgrepet *metode* peikar på kva konkret framgangsmåte ein nyttar for å samle inn, behandle og analysere data. Kva metode ein vel å bruke i ei undersøking, er i stor grad avhengig av kva ein ønskjer å finne svar på. Uheldige metodiske val kan i verste fall føre til at resultata gjev feilaktige svar, eller at resultata ikkje gjev svar på det ein eigentleg hadde som mål å undersøke.

I dette kapitlet vil eg gjera reie for dei metodiske vurderingane eg har gjort i denne undersøkinga. Eg har delt kapitlet inn i tre delar etter det mönstret Carmen Llamas (2007) skisserer i sitatet ovafor: Fyrste del omhandlar det teoretiske grunnlaget for kva type studie eg ønskjer å gjennomføre. Andre del tar for seg sjølve feltarbeidet, både førebuing og praktisk gjennomføring. I siste del tar eg for meg korleis eg har behandla dei dataa eg samla inn.

## 3.1. Val av metode

### 3.1.1. Om metode i sosiolingvistikk

På eit overordna nivå vil diskusjonen om metodologi innafor språkvitskapen ofte dreie seg om sjølve grunnsynet på vitskap. Motsetnaden natur–kultur har gjennom historia vori eit sentralt stridstema innafor språkvitskapen, slik som innafor fleire andre humanistiske og samfunnsvitskaplege fagområde. Skal ein sjå på språket som et naturgjeve objekt, som nær sagt lever sitt eige liv, eller er språk eit resultat av mellommenneskeleg interaksjon og sosiokulturelle vilkår? Spørsmålet om språkforsking er ei naturvitenskapleg eller samfunnsvitskapleg forskingsgrein, vil helt klart gjeva konsekvensar for kva slags metodisk tilnærming ein nyttar. Denne oppgåva plasserer seg tydeleg innafor eit *sosiokulturelt* paradigme. Det vil seg seie at eg i stor grad vil trekke inn faktorar som ligg *utanfor* sjølve språksystemet for å tolke og forstå språkleg åtferd. Mæhlum (1999:210-211) hevdar at strukturelle og formelle tilnærmingar til språkendring som ser utelukka på sjølve

### 3. METODE

språksystemet, på mange måtar kan vera nyttig på eit *deskriptivt* nivå. Denne tilnærminga har derimot liten *forklarande* verdi, hevdar ho. Ei inngåande drøfting og argumentasjon for ei sosiokulturell tilnærming til språk og språkendring har mange aspekt og er gjort godt reie for i til dømes Mæhlum (1999). Eg finn det difor ikkje hensiktsmessig med ein repetisjon av denne diskusjonen her.

Om ein ser nærmare på metodologiske diskusjonar *innafor* sosiolingvistikken vil det vera to hovudretningar som peikar seg ut. Den eine retninga er den labovske, kvantitative sosiolingvistikken som er prega av ei kvantifisering av dei dataa som blir samla inn. Det vil seie at både metriske og ikkje-metriske data blir talfesta slik at kvar variabel står i eit numerisk forhold til andre variablar. Metriske data omfattar variablar på intervall- og forholdstalsnivå, det vil seie data som er ordna på ein ekvidistant skala der dataa står i eit kjend forhold til kvarandre, til dømes som centimetermarkeringar på ein linjal (Rød 2009:23). Kvantifisering av ikkje-metriske data kan til dømes skje gjennom ei spørjeundersøking der informantane graderer svara sine etter ein skala frå *svært ueinig* til *svært einig*. Med ein kvantitativ metode har forskaren som mål å kunne gjera statistiske generaliseringar på bakgrunn av sine resultat. Den andre retninga er den kvalitative, etnografisk inspirerte sosiolingvistikken som fokuserer på dei kulturelle aspekta i eit samfunn eller innafor ei viss sosial gruppe (Swann et al. 2004:101). Her er det verdt å nemne at motsetningane mellom dei to hovudretningane ofte blir framstilt som ein rein dikotomi, der kvalitativ står for den rake motsetnaden til kvantitativ. Ei slik framstilling blir ei sterkt forenkla idealisering av ein røyndom der grensa mellom dei to retningane er nokså flytande.

KVANTITATIVE DATA (B)		KVALITATIVE DATA (A)	
Metriske data	Ikke-metriske data uttrykt ved tall	Data uttrykt ved andre mengdeterminer	Data uttrykt ved tekst

Figur 4. Oversikt over forholdet mellom kvantitative og kvalitative datatypar (Grønmo 1996)

Figur 4 viser at forholdet mellom kvantitative og kvalitative data meir er å sjå på som eit kontinuum, utan eit fast grensepunkt. Dermed blir det eit definisjonsspørsmål om ein vel å setta grensa ved punkt (A) eller punkt (B) (Grønmo 1996:75). Det har òg vorti normal praksis innafor moderne sosiolingvistikk å kombinere dei to metodane fordi det i mange tilfelle gjev meir utfyllande svar enn om ein berre reindyrkar den eine. Dette er gjort i fleire nyare, norske sosiolingvistiske studiar, mellom anna hos Hårstad (2004, 2010), Nesse (2008) og Røsstad

### 3. METODE

(2008). Ein kan til dømes bruke ei kvantitativ undersøking anten som førebuing eller som oppfølging til ei kvalitativ undersøking, eller ein kan bruke både metodane parallelt gjennom både datainnsamlinga og analysen (Grønmo 1996:99).

#### 3.1.2. Den kvalitative metoden

Ein kvalitativ forskingsmetode inneber at forskaren har som siktemål å oppnå *forståing* av sosiale og kulturelle fenomen. Gjennom intervju og observasjon oppnår forskaren nær kontakt med forskingsobjektet. Dette opnar for ei djupare og meir nyansert forståing av det samfunnet eller den kulturen som ein forskar på. Spørsmålet om tolking blir difor heilt sentralt innafor den kvalitative forskinga (Thagaard 2009:11). Mi metodiske tilnærming til Tydalen som språksamfunn vil i all hovudsak vera kvalitativ. Dermed impliserer eg langt på veg at hovudmålet med denne oppgåva er auka forståing av språkleg åferd innafor eit definert språksamfunn. Med *forståing* meiner eg ei tolking av omverda der det ikkje nødvendigvis finst ei sanning, men at ulike fenomen kan tolkast på fleire nivå. Ein slik måte å forstå omverda på blir kalla hermeneutikk. Hovudprinsippet innafor den hermeneutiske tradisjonen er at "[...] mening bare kan forstås i lys av den sammenheng det vi studerer er en del av. Vi forstår delene i lys av helheten." (Thagaard 2009:39)

Ragnvald Kalleberg (1982:24) framhevar to markante kjenneteikn på kvalitativ metode. Det første kjenneteiknet er forholdet mellom forskaren og det som blir forska på. Ein forskar som brukar kvalitativ metode, lever tett på det han forskar på, han hentar data ute i felten og kjem nært innpå folk han intervjuar. Forskaren er rett og slett tvinga til å opphalde seg i det området av samfunnet han forskar på. Dette står i skarp kontrast til kvantitativ forsking, der forskaren ofte jobbar med sekundærkjelder som tabellar og liknande, eller med spørjeskjema retta mot ei stor mengd informantar. Avstanden til det som blir forska på, er dermed ein viktig skilnad mellom dei to metodane. Det andre kjenneteiknet på kvalitativ metode står i direkte samanheng med det første og handlar om korleis ein samlar inn data. Denne delen av prosessen er ofte prega av *pluralisme* og *fleksibilitet*, i motsetnad til kvantitativt orientert forsking som ofte har meir faste rammer å halde seg til (ibid.). Denne delen av forskingsprosessen gjer eg nærmere reie for i neste delkapittel.

Den kvalitative forskingsprosessen består av ulike fasar der ei kvalitativ tilnærming pregar kvar og ein av fasane. Harriet Holter (1996:12-14) si framstilling av denne prosessen samsvarar godt med den måten eg har jobba på i arbeidet med denne undersøkinga. Ho deler denne prosessen inn i fire fasar, der fyrste fase omhandlar kunnskap eller erfaringar som

### 3. METODE

allereie eksisterer før sjølve forskinga tar til. Her hører både problemformulering og hypotese heime, men kanskje vel så viktig er dei observasjonar og erfaringar forskaren har gjort i forkant av prosjektet. Forskaren stiller altså ikkje med blanke ark ved inngangen til ein forskingsprosess, men har langt på veg danna seg eit bilet av korleis den verda han skal utforske ser ut. I neste fase blir forskingsfelt og informantar bestemt før ein i den tredje fasen flyttar seg ut i felten for å gjera dei datainnsamlingar ein treng. Omgrepene ”datainnsamling” kan ofte vera misvisande når det er snakk om kvalitative metodar. Faren er stor for at dette omgrepene blir tolka som ein prosess der dataa ligg fiks ferdige ute i felten og ventar på å bli ”plukka opp” av forskaren. Eit slik *positivistisk* inspirert syn på empirisk data finn ein ofte innafor den *kvantitative* tradisjonen, men innafor kvalitativ metode er det eit viktig prinsipp at dataa tar form i *samspelet* mellom forskar og det han forskar på. Med andre ord er ikkje data nøytrale og eintydige, for som eg nemnde tidlegare kan same data tolkast på ulike nivå innafor ei hermeneutisk tilnærming. Den siste fasen i ein kvalitativ forskingsprosess går ut på å analysere dei dataa ein har samla inn. Eit typisk drag ved kvalitativ forsking er at denne analysen ofte skjer parallelt med feltarbeidet, og ikkje berre i etterkant. Analysen blir såleis eit resultat av dei erfaringar og registreringar forskaren har gjort gjennom heile prosessen.

Når eg i denne undersøkinga vel å bruke eit kvalitatittiv forskingsopplegg er det ikkje fordi eg på prinsipielt grunnlag avskriv kvantitativ metode som utilstrekkeleg eller uinteressant. Spørsmålet er derimot kva metodeopplegg som vil gjeva opplysningar som er *relevante* for mi problemformulering. Som det går fram av problemformuleringa mi, er ikkje ei mogleg kvantifisering av ulike data hovudfokus i denne oppgåva. Såleis er avgjerda om ei kvalitativ tilnærming tatt på eit strategisk grunnlag og ikkje på bakgrunn av prinsipielle slutningar (Grønmo 1996:75). Likevel har eg intensjonar om å trekke generelle konklusjonar om det tydalske språksamfunnet, men eg vil framheve at slike former for generalisering ligg på eit meir *analytisk* nivå, snarare enn eit statistisk. Som ein ser i kapitel 5.2. vil eg heller ikkje reindyrke ei kvalitativ tilnærming. Eg meiner at ei viss form for kvantifisering av språklege realiseringar er heilt på sin plass og gjev eit godt grunnlag for vidare drøfting. Likevel er det viktig å merke seg at desse resultata gjev lita mening isolert sett. For at denne statistiske framstillinga skal gjeva mening må ein sjå ho i samanheng med dei vidare kvalitative tolkingane eg gjer.

### 3.1.3. Reliabilitet og validitet

Uavhengig av forskingsmetode er det to krav som seier oss noko om kvaliteten, eller slitestyrken på ei vitskapleg undersøking. Det fyrste kravet er *reliabilitet*, som har å gjera med presisjonsnivået i undersøkinga. For å illustrere dette kan ein sjå for seg at same undersøkinga blir gjort fleire gonger. Dersom resultata blir dei same kvar gong, har undersøkinga ein høg grad av reliabilitet (Johnstone 2000:61). Dette eksemplet blir sjølvsagt eit idealisert døme på korleis ein kan kontrollere reliabilitet, men det kan til dømes vera nyttig å stille det same spørsmålet fleire gonger for å vera sikker på at dei opplysningsane som kjem fram, faktisk er eit uttrykk for det den aktuelle informanten meiner. Eit anna grep som skal vera med på å sikre reliabiliteten i denne undersøkinga, er bruk av lydopptakar. Ved å få alle intervjua lagra som rimeleg gode lydopptak sitt eg att med ei god attgjeving av språket til mine informantar.

Det andre kravet til ei vitskapleg undersøking er *validitet*. Omgrepet validitet har vorti tolka i mange retningar, men eg vel å sitere Barbara Johnstone (op.cit.:62), som seier at validitet handlar om å undersøke det me faktisk har som mål å utforske. Det handlar altså om å bruke data som er relevante for undersøkinga. Til dømes har utveljinga av informantar mykje med validitet å gjera. Om eg hadde forska på språkbruk blant *unge*, ville eg naturlegvis ha plukka ut ungdom som informantar. For å utforske det heilsapelege språksamfunnet må eg derimot plukke informantar i alle aldersgrupper, ikkje berre ungdom. Krava om reliabilitet og validitet bør difor liggja som fundament for kva metodiske val ein tar.

## 3.2. Feltarbeidet

### 3.2.1. Informantutval

Innafor all talemålsgransking er det vanleg å stille bestemde krav til informantane, slik at dei må fylle eit sett med *sosiale variablar* for å bli rekna som relevante i undersøkinga. Døme på sosiale variablar kan vera bustad, alder, kjøn, oppvekststad og foreldrebakgrunn. I mitt tilfelle såg eg i prinsippet ingen grunn til å stille andre krav enn bustad og delvis oppvekststad. Sia det er Tydalen eg undersøkjer, seier det seg sjølv at informantane må vera busette i Tydalen. Dette vart likevel problematisk når eg skulle finne sør-samiske informantar. Mange av dei som driv reindrift i Tydalen og såleis oppheld seg i Tydalen store delar av året, har fast bustad i andre kommunar. Likevel vil desse sokne til ein annan kommune og såleis truleg ha ein annan dialekt enn tydalsmålet kring seg i heimkommunen. Difor har eg i fyrste rekke konsentrert meg om sør-samar som har bustadadresse i Tydalen, men har òg med ein sør-samisk

### 3. METODE

bakgrunnsinformant som ikkje er tydaling. Mitt krav til informantane var altså ”personar som har fast bustad i Tydal kommune og som har budd i kommunen gjennom storparten av oppveksten”. Eg vil likevel ikkje utelukke ungdom som *midlertidig* er utanfor kommunen, til dømes som studerer eller er i militæret.

Sia denne undersøkinga har som mål å studere eit heilt språksamfunn under eitt, vil eg ikkje avgrense informantutvalet til ei bestemd aldersgruppe. Det har vori eit overordna mål å få ei jamn fordeling både når det gjeld alder og kjøn. Av dei individuelle intervjuha har alle informantane i denne undersøkinga (bortsett frå ein samisk bakgrunnsinformant) budd mesteparten av livet sitt i Tydalen. Sjølv om tilflyttinga til Tydalen er såpass lita at dette ikkje utgjer nokan framtrædande gruppe i tydalssamfunnet, vil eg likevel ikkje utelate personar som har budd delar av oppveksten utanfor kommunen. I gruppeintervjuet finn me nemleg ungdomsskuleelevar som har budd mykje av livet utanfor kommunen.


Det har òg vori vanleg å stille krav til at anten ein eller båe foreldra til informanten skal vera frå staden ein undersøkjer. Her ber nok sosiolingvistikken i stor grad med seg mykje av den metodologiske arven frå dialektologien, der dette var eit ufråvikeleg prinsipp. Eg ser ingen grunn til overdrive foreldra sin innverknad på talemålet til borna. Det er nemleg ei utbreidd sanning at born legg seg på same språkpraksis som sin jamaldringar, og dermed i liten grad kopierer foreldra sitt talemål (Trudgill 1986:31). Difor vel eg å ikkje setta krav om tydalsk foreldrebakgrunn til mine informantar.

Eit anna viktig spørsmål når det gjeld foreldrebakgrunn, er om det i heile tatt er fruktbart å operere med det biologiske opphavet til informantane som *sosial variabel*. Edit Bugge (2010) kritiserer bruken av foreldrebakgrunn som sosial variabel. Ho hevdar at sjølve omgrepene *familien* i norsk sosiolingvistikk er prega av eit forelda samfunnssyn der familien er ein fast storleik med klart definerte grenser. Dermed blir omgrepene familie lite dekkande for den mangfaldet ein ser i norske familiar i dag, med til dømes åleineforsørgjarar, homofile ekteskap osb. Vidare hevdar Bugge at det ikkje er påvist ein direkte korrelasjon mellom foreldra sitt talemål og språkpraksisen til borna deira. Ho er difor skeptisk til å bruke foreldrebakgrunn til å *forklare* språkleg variasjon og endring blant unge, slik norsk sosiolingvistikk har hatt ein viss tradisjon for å gjera. Konklusjonen hennar tar ikkje til orde for fjerning av familieomgrepet frå norsk sosiolingvistikk, men meir ei *fornying*, eller som ho sjølv seier ”[...] ei oppdatering av familiebegrepet, der andre familiestrukturer enn den tradisjonelle kjernefamiliestrukturen blir inkludert” (ibid.).

Alternativet til å berre sjå på foreldra som normsettara for dei unge sitt talemål er å sjå på *oppvekstmiljøet* til den einskilde informant. Dersom informanten er ein person som er

### 3. METODE

sterkt knytt til familien, vil det vera naturleg å trekke inn foreldre, sysken og kanskje besteforeldre som ein mogleg påverknad på informanten sitt talemål. Dersom informanten sin oppvekst derimot er prega av eit lausare forhold til familien, bør ein heller fokusere på språkleg påverknad utanfor familien, til dømes frå vener, media eller arbeidskollegaer. Ei fullstendig kartlegging av det sosiale nettverket til kvar informant vil sjølvsagt medføre eit altfor stort arbeid for forskaren i dei fleste tilfelle. Likevel kan nokre enkle spørsmål i starten av intervjuet langt på veg gjeva ei viss oversikt over kva personar som inngår i informanten sin daglege omgangskrins og kven informanten har hatt mest kontakt med gjennom oppveksten. Kven informanten har budd i lag med i oppveksten, vil til dømes vera eit relevant spørsmål som gjev eit meir nyansert bilet av oppvekstmiljøet enn berre foreldrebakgrunn. Likevel trur eg foreldrebakgrunn kan ha meir å seie i eit ruralt samfunn som Tydalen enn i ein storby. Familieband og slektskap representerer tradisjonelle verdiar som står sterkare på landsbygda enn i byane, ifølgje statistikken (sjå figur 5).



Figur 5. Del som sjeldan har kontakt med foreldre og familie, etter bustad. Personar 16-79 år. Prosent (Normann 2009).

Dette fører til at folk på landsbygda er meir diakront orienterte, dvs. at dei har *sosiale nettverk* som går på meir tvers av generasjonane (Normann 2009). I ein by er folk meir synkront orientert ved at dei har mest kontakt med folk på sin eigen alder. Termen *sosiale nettverk* siktar til ei gruppe med individ som er i regelmessig samhandling med kvarandre (Swann et al. 2004:283-284). Dette omgrepet vil bli drøfta inngående i kapitel 6.2.2.

Å velje ut informantar til ei kvalitativ undersøking er ein prosess som krev nøye vurderingar frå forskaren. Eg kunne sjølvsagt gjort det enkelt og tatt eit meir eller mindre tilfeldig utval av personar som fyller informantkravet eg hadde sett opp på førehand. Eit tilfeldig utval krev svært mange informantar for å gjera utvalet representativt for den populasjonen ein undersøkjer. Difor er denne metoden därleg eigna til kvalitative studiar. Innafor kvalitativ forsking har det vorti meir vanleg å gjera ei skjønnsmessig eller strategisk vurdering av kven ein må ha med som informantar for å få svar på den problemstillinga ein har vald (Llamas 2007:13). Dette er naturlegvis enklare å gjennomføre på ein god måte der

### 3. METODE

ein har ein viss kjennskap til undersøkingsområdet frå før. I mitt tilfelle meiner eg at eg har god oversikt over innbyggjarane i Tydalen, både ungdom og eldre. Min kjennskap til innbyggjarane vil nok variere litt innafor dei forskjellige grendene, sia eg har best kjennskap til den nedre delen av kommunen. Uansett har eg vori bevisst på å ta i mot innspel frå informantane om kven *andre* som kan tenkast å fungere som informantar. Å bruke ein slik ”snøballmetode” i feltarbeidet kan ofte vera nyttig, men då helst i område der forskaren har liten kjennskap til lokalmiljøet. I feltarbeidet mitt nytta eg denne metoden meir som ei forsikring om at eg ikkje hadde ”glømt” personar som kunne ha vori nyttige informantar.

Ved å gjera eit strategisk utval av informantar i Tydalen har eg intensjonar om at informantane skal fungere som døme på ulike språklege strategiar. Dei blir såleis ståande som *typeinformantar*, som syner fram kva språklege variasjonsmønster ein finn innafor språksamfunnet (Akselberg og Mæhlum 2008:80). Sjølv om ein person fyller informantkrava og i tillegg representerer ein språkpraksis som er verd å ha med i ei sosiolinguistisk undersøking, er det likevel ikkje sikkert at vedkommande eignar seg som informant. Det er nemleg heilt avgjerande at informantar faktisk er i stand til å setta ord på sine eigne tankar og meningar. I eit intervju om språk og identitet kjem ein ofte inn på personlege tema som kan vera vanskeleg å snakke om for mange. Difor har eg brukt min eigen kjennskap til lokalbefolkinga til å plukke ut informantar eg trur ville vera i stand til å uttrykke seg på ein mest mogleg ærleg og nyansert måte.

Eit anna sentralt spørsmål er kor mange informantar ein skal ha med for at datagrunnlaget skal gjeva svar på det ein har som mål å undersøke. Innafor kvalitativ forsking finst det ingen fasitsvar på dette. Difor er det vanleg å ikkje setta noko fast tal på førehand på kor mange informantar ein vil ha med, men heller vurdere dette undervegs i prosessen. Ein indikasjon på at ein har samla inn nok data er at nye registreringar ikkje avvik i særleg grad frå registreringar som er gjort tidlegare i prosessen (Holter 1996:13).

#### 3.2.2. Oversikt over mine informantar

Her gjev eg ei oversikt over dei informantane eg har brukta i denne undersøkinga. Eg har vald å gjeva namn berre til dei informantane eg presenterer i informantportretta i kapitel 5.2.2. eller dei som blir presentert inngåande andre stader i oppgåva. Namna eg har gjevi informantane er fiktive. I tillegg til desse til saman 13 personane fordelt på 12 intervju, gjorde eg òg eit gruppeintervju med 15 ungdomsskuleelevar. Informantane *Finn, Bård, Kristine, Gunn* og

### 3. METODE

*Berit* vil eg i det vidare omtale som ”hovudinformantar” sia det er desse fem eg teiknar eit meir utfyllande portrett av i kapitel 5.2.2.

**1. Finn. Gut på under 20 år.**

**2. Bård. Gut på under 20 år.**

**3. Kristine. Kvinne mellom 20 og 30 år.**

**4. Gunn. Kvinne mellom 20 og 30 år**

**5. Berit. Kvinne mellom 30 og 40 år med sørsamisk bakgrunn.**

6. K 20. Kvinne kring 20 år.

7. Hans. Mann på ca. 50 år.

8. M 60. Mann på ca. 60 år.

9. M 60 Sørs. Mann på ca. 60 år med sørsamisk bakgrunn.

10. K 80. Kvinne på ca. 80 år.

11. Bakgrunnsinformantar. To eldre menn frå Tydalen som vart intervjuet i lag.

12. Bakgrunnsinformant. Kvinne frå utanfor Tydalen med sørsamisk bakgrunn. Ein ressursperson innafor opplæringa av sørsamisk.

#### 3.2.3. Forskaren si rolle

”Betydningen av å etablere en god og tillitsfull atmosfære i intervjuasjoner kan ikke overvurderes. Hvis forskeren ikke lykkes i dette, får intervjuet en dårlig kvalitet” (Thagaard 2009:103).

Før forskaren går ut i ”felten” er det viktig at han har reflektert over korleis han vil bli oppfatta i møtet med det samfunnet han forskar på. I forsking der datagrunnlaget i hovudsak er henta frå intervju med informantar, bør forskaren ha som mål å utjamne det asymmetriske maktforholdet som ofte kan oppstå mellom forskaren og informanten. Mange informantar oppfattar forskaren som ein med høgare sosial status enn dei sjølve og kan difor bli skeptiske eller reserverte i ein intervjuasjon. Dette bør forskaren erkjenne og vidare opptre på ein måte som skapar tillit og tryggleik under intervjuet. Det oppnår han best ved å halde ei uformell tone, samstundes som han viser stor interesse for det informanten fortel, sjølv om ikkje alt har like stor relevans for undersøkinga. Som forskar på ”heimebane” kan mykje av den sosiale avstanden mellom forskar og informant vera utjamna allereie før sjølve intervjuet

### 3. METODE

startar (Thagaard 2009:104). Alle informantane mine visste kven eg var og hadde langt på veg ”plassert” meg før sjølve intervjuet tok til. Eg trur ikkje mine informantar fyrst og fremst assosierer meg med språkforsking. Eg blir nok heller sett på som ein relativt normal tydaling, som i likskap med mange andre tydalinger bur utanfor bygda for å studere.

Å drive vitskapleg arbeid i eit område som ein har såpass god kjennskap til, fører med seg både fordelar og ulemper. Fordelen er utan tvil at god kjennskap til studieområde gjev ein del ”gratis” kunnskap. Denne kunnskapen måtte ein utanforståande i dei fleste tilfella brukt lang tid på å opparbeide seg. Til dømes kjenner eg til dei aller fleste i lokalsamfunnet og kunne difor nytte den kunnskapen i arbeidet med å plukke ut informantar til undersøkinga.

Samstundes er det ein del feller ein lett kan gå i når ein er så nære knytt til området. Den mest nærliggjande fella i denne oppgåva er at eg i kraft av å vera tydaling, påverkar talemålet til informantane i ei bestemd retning. Dette har eg vald å undersøke nærare, ved å la ein av mine informantar bli intervjua av ein annan person som *ikkje* er tydaling. Då kan eg samanlikne vedkommande sin språkpraksis når ho snakkar med ein tydaling, med korleis ho snakkar når ho pratar med ein person som har eit anna talemål og ikkje bur i Tydalen. Dette ”eksperimentet” gjer eg reie for i kap 6.1.1.

Vidare kan det i mange tilfelle vera vanskeleg å sjå på det ein forskar på med nøytrale augo. No trur eg rett nok det er umogleg å legge alle meininger og haldningar frå seg når ein driv forsking. Difor vil denne avhandlinga sjølv sagt vera farga av at det er eg som står bak, og ikkje ein annan. Rune Røsstad (2008:40) seier beint ut at språkforskarar har laga seg ein *vitskapleg skapt røyndom* som dei tolkar dataa i. Dette er ikkje til å komme utanom. Fullstendig nøytralitet er difor ikkje eit mål i seg sjølv. Med omgrepene ”nøytrale augo” meiner eg at eg òg må gå ut av rolla som tydaling og betrakte bygda frå ein viss avstand. Denne avstanden har eg prøvd å regulere etter kva fase i arbeidet eg er inne i. Gjennom feltarbeidet har eg forsøkt å gjera denne avstanden minst mogleg for å skapa ei tillitsfull og trygg ramme rundt intervjuia. I det analytiske arbeidet derimot, har det vori naudsynt å betrakte Tydalen meir *utanfrå*. Å betrakte heimbygda frå eit fugleperspektiv kan ofte vera vanskeleg fordi det på mange måtar er ein del av meg sjølv eg forskar på. Språk er eit tema som rører ved sterke kjensler og det kan difor vera vanskeleg å rive seg laus frå dette når ein forskar på sitt eige språk. Dette har tvinga meg til å minne meg sjølv på at målet har vori å skildre språksituasjonen slik den *er*, ikkje slik eg meiner den *bør vera*. Eit anna faremoment ved å forske på sitt eige lokalmiljø er at samanhengar som omhandlar det lokale, anten det er historie, kultur, talemål eller noko anna, kan virka innlysande for meg og andre innfødde,

### 3. METODE

medan lesarar utanfrå ikkje er i stand til å sjå dette på same måte. Dette har eg etter beste evne prøvd å ta omsyn til.

#### 3.2.4. Det kvalitative forskingsintervjuet.

Det finst to ytterpunkt i den teoretiske tilnærminga til intervjuet som forskingsmetode. Det eine ytterpunktet representerer ei *positivistisk* tilnærming, der dei opplysningsane informanten gjev uttrykk for blir vurdert som ei *korrekt* skildring av den ytre verda i form av opplevingar og kunnskap informanten sitt inne med. Forskaren er den nøytrale og passive instansen som registerer desse opplysningsane. Ei meir *konstruktivistisk* tilnærming fokuserer på interaksjonen mellom forskar og informant, der båe utviklar ei felles forståing og kunnskap om dei emna forskaren tar opp (Thagaard 2009:87). Eg vel å ta ein mellomposisjon mellom desse tilnærmingane. På den eine sida blir den ytre verda representert gjennom det informanten seier, og på den andre sida vil interaksjonen mellom forskar og informant i stor grad setta sitt preg på dei empiriske funna ein gjer.

Når det gjeld sjølve utforminga av eit kvalitativt forskingsintervju, er det eit *delvis strukturert intervjuopplegg* som er mest vanleg (op.cit:89). Det vil seie at forskaren sett opp dei emna han vil prate med informanten om, men der rekkefølgja og dei endelige spørsmåla ikkje er formulert på førehand. Dermed har forskaren i stor grad moglegheit til å tilpasse intervjuet etter kva føresetnader informanten har for å svara. Ved å ha eit såpass fleksibelt intervjuopplegg kan forskaren i tillegg stille oppfølgingsspørsmål der det måtte passe, utan å bli fanga av ein rigid og strukturert intervjugplan.

Sjølve oppbygginga av intervjuet er viktig for å få svar på det ein er ute etter. Ved å legge opp til ei *dramaturgisk oppbygging* tar forskaren omsyn til at rekkefølgja på dei ulike emna i intervjuet kan ha innverknad på kva informanten seier og ikkje seier (op.cit.:96). Svært ofte vil eit kvalitativt forskingsintervju komme inn på tema som er kjensleladde for informanten. Dette kan vera aspekt som eigen identitet, personlege meininger og meir tabubelagde tema. Slike emne får ein sjeldan gode svar på tidleg i intervjuet. Det beste er å starte med meir nøytrale tema, der informanten får moglegheit til å ”prate seg varm”. Emne som eigen oppvekst, utdanning og hobbyar eignar seg godt i ein slik oppvarmingsrunde, samstundes som dette er viktig bakgrunnsstoff om informanten. Vidare i intervjuet kan forskaren dreie samtalen sakte over på meir emosjonelle tema. Då er informanten vonleg så trygg på situasjonen at ho er i stand til å gjeva uttrykk for eigne kjensler og meininger. Sjå vedlegg 4 for meir inngåande opplysningar om korleis eg la opp intervjeta mine.

### 3. METODE

Kva informanten vel å fortelja under eit intervju og kva vedkommande vel å ikkje fortelja, vil mellom anna vera avhengig av om forskaren klarar å redusere den sosiale avstanden mellom dei. Eit anna aspekt som òg kan vera avhengig av det hierarkiske forholdet mellom forskar og informant, er *måten* informanten snakkar på. Det kan ofte vera vanskeleg for forskaren å veta om informanten snakkar sitt ”mest naturlege talemål”, eller om ho snakkar annleis fordi ho er i ein situasjon ho opplever som formell eller unaturleg. Dette fenomenet er kjend som ”observatørens paradoks” og vart først tematisert av William Labov (Swann et al. 2004:227). Å hevde at alle har eit ”eigentleg” talemål som nærmast ligg uforanderleg og rotfast i vårt indre, er ei nokså problematisk slutning. Alle har eit register av ulike språklege praksisformer som me vekslar mellom etter kva situasjonar me er i. Nokon har eit brent register med totalt forskjellige praksisformer, medan andre har eit nokså snevert språkleg register å spela på. Uansett er det problematisk å hevde at *ei* bestemd praksisform er den naturlege for kvar einskild av oss. Ein språkpraksis som er naturleg i heimen, kan vera heilt unaturleg å ta i bruk til dømes på universitetet. Difor er det problematisk å operere med omgrepene *eigentleg* eller *naturleg* talemål om eit slags basisspråk som i så fall skulle utgjera det opphavlege og ekte. Språkpraksisen til informantane i eit forskingsintervju vil spegle det språket som er naturleg for akkurat den personen i akkurat den situasjonen. Likevel trur eg bestemd at det faktum at dei snakkar med meg som ein sambygding, gjer at dei legg seg på ei praksisform som ligg nære den praksisforma dei nyttar elles i kvardagen, til dømes overfor vener og familie.

Som sagt er det gjort lydopptak av alle intervjeta, der lengda varierer frå 45 minutt til 1 time og 20 minutt. Alle informantane har skrivi under på ei erklæring om informert samtykke der eg kort presenterer prosjektet og gjer dei merksame på at det dei seier, vi bli brukt i denne avhandlinga. Samstundes understreka eg til alle informantane at alle opplysningar som kjem fram under intervjeta, er konfidensielle og underlagt fullstendig anonymitet. For informantar under 18 år har eg fått skriftleg godkjenning frå føresette. Intervjeta er stort sett gjort heime hos informantane, med nokre få unntak der intervjeta er gjort på arbeidsplassen deira eller på skulen.

#### 3.2.5. Gruppeintervjuet

Gruppeintervju går ut på at forskaren leiar ein samtale eller ein diskusjon mellom fleire informantar. Fordelen med gruppeintervjuet er at det her er rom for diskusjon mellom informantane. Dersom diskusjonen held seg på eit sakleg nivå, kan dette kaste lys over

### 3. METODE

sentrale delar av den kvardagen informantane lever i. Berit Brandth (1996:155) peikar på at ”den spontane samhandlingen som oppstår blant gruppedeltakerne, produserer innsikt som sjeldan eller aldri kan oppnås gjennom andre metoder.”

Ved å intervju 15 ungdomsskuleelevar fekk eg for det fyrste demonstrert ulike språklege praksisformer på ein lite tidkrevjande måte, framfor å måtte intervjuje kvar og ein av informantane separat. For det andre gjer nok gruppeintervjuet sjølve intervjustituasjonen enklare å takle for mange. Det verka som om mange av informantane glømte at lydopptakaren gjekk under intervjuet. Eg gjorde dette intervjuet med elevar eg har vori vikarlærar for tidlegare, noko som òg kan ha gjort intervjustituasjonen mindre ”skummel” for mange. Det heile tok meir form som ein vanleg klassediskusjon om dialekt enn som eit forskingsintervju. Difor meiner eg at den språklege praksisen eg fekk demonstrert gjennom gruppeintervjuet i stor grad speglar det kvardagslege talemålet til desse ungdommane, slik dei praktiserer det seg i mellom. For det tredje fekk eg starta ein diskusjon som langt på veg illustrerer kva språklege vurderingar desse ungdomane gjer og korleis desse vurderingane sett spor i det realiserte talemålet deira.

Ei ulempe med å intervju ei såpass stor gruppe er at det vil vera stor variasjon i kor mykje taletid den einskilde informant får. Det var stort sett ein minoritet på ein 6–7 elevar som prata heile tida, medan resten av gruppa var nokså stille. Eg prøvde å bøte på dette ved å innføre handsopprekking, men det var likevel stort sett dei same 6–7 elevane som kom til orde. Eit par av elevane sa ingenting under intervjuet. Ei anna metodisk ulempe ved gruppeintervjuet er at informantane kan påverke kvarandre og at dei dermed ikkje nødvendigvis er ærlege i sine svar, men heller svarar det som dei trur er den gjengse eller aksepterte oppfatninga (op.cit.:157). Ei analyse av eit gruppeintervju bør ta høgd for dette, men eg meiner at informantane i mitt tilfelle var såpass trygge på kvarandre at dei ikkje var redde for å ta eit anna standpunkt enn fleirtalet. I gruppeintervjuet tok eg opp mykje av den same tematikken som i dei individuelle intervjuia, men prøvde samstundes å gjera det på ein meir engasjerande måte. Dei mest kjensleladde spørsmåla valde eg likevel å hoppe over då dette kunne ha gjort intervjustituasjonen meir alvorsprega og formell.

## 3.3. Analysemetode

### 3.3.1. Transkripsjon

A transcript is necessarily a partial representation of talk, and transcribers have to decide what information to include and what to leave out (Johnstone 2000:116-117).

Utgangspunktet for transkripsjonsmetoden i denne oppgåva er *The International Phonetic Alphabet*, forkorta IPA. Ulempa med denne transkripsjonspraksisen er at ei reindyrking av IPA gjer transkripsjonane vanskeleg å lesa, særleg for personar med ikkje-lingvistisk bakgrunn. Difor har det vorti vanleg å operere med ein moderert versjon av IPA, der ein delvis brukar det vanlige latinske alfabetet og delvis IPA. I store drag har dette ført til at eg brukar vokalane omtrent slik me kjenner dei frå det latinske alfabetet, medan eg finn det nødvendig å skildre delar av konsonantismen ved hjelp av IPA.

Eit anna lydskriftsystem som tradisjonelt har stått sterkt innanfor norsk målføregransking, er *Norvegia*, utarbeidd av Johan Storm fyrste gong i 1884 (Nes 1982:12). All litteratur som omhandlar dialektane i nabokommunane til Tydalen, nyttar Norvegia (sjå kapittel 1.1.2). Eg skal vera ærleg nok til å innrømme at Norvegia i mange tilfelle er meir lesarvennleg for eit norsk publikum, men sia IPA no er det som er mest brukt i moderne språkvitskap, vil eg halde meg til det her. For å klargjera tilhøvet mellom Norvegia og IPA finn eg det nødvendig med ei samanlikning av noko av lydinvaret i dei to systema. Her har Oddvar Nes si framstilling *Storms norske lydskriftsystem (med tillegg) definert ved hjelp av IPA's lydskriftsystem* (1982) vori til god hjelp. Dersom ikkje anna er nemnd, svarar grafema eg brukar frå det latinske alfabetet, til ein standard austnorsk uttale.

Konsonantar	Norvegia	IPA	I denne oppgåva
Palatal nasal	n̪	n̪	n̪ (hajn - han)
Velar nasal	ŋ	ŋ	ŋ (tråŋŋ - trøng)
Stemd palatal lateral	l̪	l̪	l̪ (tułł - tull)
Ustemd alveolar lateral frikativ	l̥	l̥	l̥ (hallte - halte)
Ustemd palatal plosiv	t̪	t̪	t̪ (trøcc - trøtt)
Stemd palatal plosiv	d̪	d̪	d̪ (hayye - hadde)
Ustemd postalveolar frikativ	ʃ	ʃ	ʃ (ʃøt - skyte)
Ustemd palatal frikativ	k̪	k̪	k̪ (çøre - kjøre)
Retrofleks flap	ɬ	ɬ	ɬ (tærrg - talg)
Retrofleks nasal	r̪n̪ (Reitan)	r̪n̪	r̪n̪ (ørn - ørn)
Ustemd retrofleks plosiv	t̥	t̥	t̥ (fatt - fart)
Stemd retrofleks plosiv	d̥	d̥	d̥ (hødd - hørt)

I tillegg til dei ni ”vanlege” vokalane frå det latinske alfabetet vil eg operere med tre ”spesialvokalar” som tradisjonelt har ein særeigen lydverdi i tydalsmålet. Desse er *v*, *ø* og *ə*, der *v* er ein trykklett *a* som i tydalsmålet blir uttala meir ope enn ein trykktung *a*. Den utgjer såleis ein mellomting mellom *æ* og *a*. Dette forholdet finn me òg i svensk, til dømes i uttalen av verbet *sa'gv* (tonelag 2). No har ikkje tydalsmålet *a*-endingar i infinitiv slik som svensk, men om me ser på substantivet *sag* i bunden form, får me omtrent det same lydinventaret som i svensk; *sagv* (tonelag 1). Dermed heiter det vidare *dørv* (best. eintal) og *gu'tv* (ubest. fleirtal) på tydalsmål. *Ø* er ein halvtrong midtre vokal. Den skil seg frå vanleg *ø* ved at den blir uttalt lenger bak i munnhola. Denne finn me i hovudsak som monoftongeringsprodukt av diftongen *au*, til dømes i ord som *hest* [haust] og *sø* [sau]. Endeleg tar eg med *ə* (schwa) for å markere mellom anna den trykklette endestavinga me finn fleirtalsendingar i dativ *-əmm*, i ord som *hæstəmm* og *biləmm*. Her er det vanskeleg å avgjera om vokalen ligg nærmast ein *e* eller ein *ø*-lyd. Eg vel å ikkje skilja ut ein eigen *u*-lyd som i tradisjonelt tydalsmål heller mot ein meir bakre *u*-lyd enn den me har i standard austnorsk.

Vokalar	Norvegia	IPA	I denne oppgåva
Open, bakre	a	a	a (dag - dag)
Ganske open, midtre	ä	æ	æ (solæ - sola)
Halvtrong, midtre, runda	ò, ö eller ø	ø	ø (rø - raud)
Schwa	ə	ə	ə (gutəm- dat, pl av gutane)

### 3. METODE

Vokallengd vil eg markere med enkel eller dobbel konsonant, som høvesvis markerer lang og kort vokal, i staden for bruk av kolon som i IPA. Eg skriv difor verbet [skrive] som *skrive* og ikkje *skri:ve*, og verbet [komme] som *kåmmå* og ikkje *kåmå*. Dette vil etter mi meining gjera transkripsjonane meir lesarvennlege. Tonelag blir heller ikkje markert i denne avhandlinga, med mindre prosodien bryt med ein meir ålmenn trøndersk uttale. Ord som blir samantrekte blir markerte med ein apostrof, slik at me får *ha du jott'de nå?* [har du gjort deg noko?].

#### 3.3.2. Behandling av empirien

Hovudtilnærminga til det empiriske materialet er som sagt prega av ein kvalitativ metode, der målet har vori å oppnå ei djupare forståing av språklege fenomen i Tydalen. Dei 12 kvalitative forskingsintervjua dannar såleis eit godt grunnlag. Intervjua er gjennomgått inngåande og nedteikna i stikkordsform. Det totale intervjuematerialet er på om lag 10 timer og det ville ført til ei enorm, for ikkje å seie uoverkommeleg arbeidsmengd å skulle transkribere alt dette til lydskrift. Difor har eg berre gjort transkribering der sitat frå intervjua blir attgjevi i oppgåva. Den kvalitative metodikken er gjort såpass nøye reie for i det føregåande at eg ikkje finn det nødvendig med ei meir inngåande drøfting her.

Derimot er det verdt å nemne at denne oppgåva ikkje reindyrkar det kvalitative vitskapsprinsippet. For å ha meir generaliserbar og samanliknbar evidens å slå i bordet med har eg i tillegg tatt i bruk ein meir kvantitativ forskingsmetode i delar av oppgåva (kap. 5.2.). I ei såkalla frekvensanalyse framstiller eg den kvantitative fordelinga mellom tradisjonelle og modifiserte språkrealiseringar hos ti av mine informantar<sup>8</sup>. Denne analysen byggjer på eit 30 minutt langt utdrag frå kvart intervju, der eg registrerer alle førekommstar av former som svarar til ein av dei språklege variablane<sup>9</sup> eg har plukka ut. Dermed får eg ei numerisk fordeling mellom førekomsten av tradisjonelle former på den eine sida og modifiserte former på den andre sida. Då blir eg i stand til å rekne ut den prosentvise fordelinga for kvar variabel og for kvar informant. Ein slik framgangsmåte har rett nok sine svakheiter. Til dømes vil variablar som har låg frekvens ha stor innverknad på den totale modifiseringprosenten. Variabelskjemaa gjev difor mest innsikt når ein ser på dei ulike variablane isolert sett. Likevel meiner eg dei totale forholdstala gjev ein *peikepinn* på korleis språksituasjonen er, sjølv om det heilt klart òg er andre språkdrag enn akkurat dei eg har vald å undersøke som er av betydning for språksituasjonen i Tydalen.

<sup>8</sup> Sjå Mæhlum (1985) for inngåande drøfting av omgrepet *modifisering*.

<sup>9</sup> Sjå kap. 5.2.1. for meir om *språklege variablar*.

# Del 2: Analyse

## 4. INTRODUKSJON

### 4.1. Om analysen

Ved å rette lysiskastaren mot det same fenomenet, men frå ulike vinklar, vil ein ofte kunne avdekke fleire nyansar enn om ein berre ser alt i frå ein og same synsstad. Å kaste lys over språksamfunnet Tydalen vil difor gjeva eit mest nyansert bilet som ein lykkast i å veksle mellom ulike synsstader. Dette vil eg forsøksvis prøve å etterleva i den følgjande analysen. Innleiingsvis finn eg det nødvendig med ein nærmere presentasjon av det språklege landskapet me i det vidare skal sjå på. Dette vil for det fyrste gå ut på å plassere Tydalen i ein språkhistorisk kontekst, der forholdet til andre sørtrønderske målføre sjølv sagt vil vera viktig. For det andre vil eg ta for meg dei overordna utviklingstendensane i trønderske talemål og sjå på korleis Tydalen passar inn i dette bilet.

Deretter vil eg skifte synsstad i kapitel 5, der eg ser språksamfunnet i eit meir ”innafrå”-perspektiv. Her er det den einskilde språkbrukaren som står i fokus og hovudmålet vil vera å komme nærmare ei forståing av kva *språknormer* som pregar språksamfunnet. Her vil ei kvantifisering av språklege praksisformer utgjera ein viktig del (kap. 5.2.), i tillegg til at eg ser på ulike oppfatningar både av Tydalen generelt og av språklege fenomen (kap. 5.1.). Kapitlet om språkleg praksis bli altså meir kvantitativt orientert, medan undersøkinga av språkoppfatningar blir meir kvalitativ. Samla sett legg kapitel 5 såleis grunnlaget for kapitel 6, som må kunne seiast å utgjera ein vesentleg del av denne oppgåva. Her posisjonerer eg meg på nytt og ser på språksamfunnet frå eit ”utanfrå”-perspektiv, først ved å drøfte kva slags språksamfunn Tydalen eigentleg er, og deretter ved å vurdere ulike faktorar som kan ha forklaringskraft for dette språksamfunnet.


### 4.2. Tydalen i det trønderske språklandskapet.

Det trønderske dialektområdet famnar om eit vidt geografisk område i Midt-Noreg. I tillegg til talemålet i dei to trøndelagsfylka og på Nordmøre er det ofte vanleg å rekne Kvikne og Elgå i Hedmark, sørlege delar av Bindal i Nordland og den vestlege delen av Frostviken i

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

Jämtland som ein del av det trønderske dialektområdet. Arnold Dalen et al. (2008:28) deler trøndermåla inn i 8 undergrupper, der det går fram at tydalsmålet utgjer den nordaustlege delen av gruppa *indre sørtrøndermål* (figur 6). Det som i hovudsak er likt når det gjeld alle dei indre måla i Trøndelag, er at jamvektsorda får *full* utjamning. Medan dei ytre måla har jamningsformer som *nævva* og *læssa* [neve og lesa], har dei indre måla *nåvvå* og *låsså*.

Området der ein finn dei indre sørtrøndermåla er stort, og ein vil fort oppdage at det er nokså gjennomgripande skilnader i talemåla innafor dette området. Til dømes er gjennomføringa av apokope nokså forskjellig. Her utgjer Tydalen ei austleg gruppe i lag med Holtålen, Røros og Kvikne, som berre har apokope i hjelpeverb og -ja-verb. Eit anna språkdrag mange legg merke til er diftongforenkling. Kommunane Tydal, Selbu, Holtålen, Midtre Gauldal og Rennebu har gjennomført monoftongering av dei aller fleste diftongane<sup>10</sup>. Her skil Røros seg ut ved at dei har au-diftongen intakt. Monoftongeringsområdet fortsett nedover Nord-Østerdalen.



Kart nr. 2. Inndeling av trøndermåla

A. Ytre mål		B. Indre mål		
A1	Nordmørsmål	B1	Indre sørtrøndermål	Overgangsmål mellom indre og ytre mål
A2	Fosenmål	B2	Inntrøndermål	
A3	Ytternamdalsmål	B3	Innernamdalsmål	

Figur 6. Inndeling av det trønderske dialektområdet (Dalen et al. 2008)

<sup>10</sup> I opphavleg utlyd er diftongen intakt i alle desse talemåla. Det heiter såleis *øy* og *høy*. I Rennebu har monoftongeringa litt varierende gjennomføring då delar av kommunen har halde på au-diftongen.

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

Vidare vil det sjølvsagt vera ei rad med likskapar og ulikskapar i anten den eine eller den andre retninga, men konklusjonen blir uansett at det er tre talemål som peikar seg ut som tydalsmålet sine nærmaste slektningar. Desse er Selbu, Røros og Holtålen. Om eg legg målmerka som vart gjennomgått i kapitel 2.3. til grunn, vil nok dialekten i Holtålen vera den som ligg nærmast tydalsmålet. Ei slik rangering er ikkje uproblematisk, sia det å måle og fastsetta språkleg avstand er vanskeleg. Det vil til dømes vera umogleg å avgjera om selbumålet sin mangel på jamningsformer med vokalsambandet  $\phi$ -*u* ligg lengre i frå tydalsmålet, språkleg sett, enn ålbyggane sitt samanfall av sterke og svake hokjønnsord (der tydalsmålet og selbumålet *ikkje* har samanfall).

I eit historisk perspektiv har rørosmålet hatt sterk innverknad på nabomålføra, i aller størst grad på ålbyggmålet (Reitan 1906). Fleire språkdrag i ålbyggmålet som tidlegare viste til slektskap mot Neadalsføret (altså Selbu og Tydalen) er no erstatta av rørosformer. På eit morfologisk nivå kan dette til dømes vera samanfallet av sterke og svake hokjønnsord, som i eldre ålbyggmål anten fekk endinga *-å* eller *-i* i fleirtal, akkurat som i selbu- og tydalsmål. Desse endingane er no erstatta av rørosformer, dvs *-a*-ending både i sterke og svake hokjønnsord. På eit meir leksikalsk nivå kan eg nemne uttalen av ordet [kyrkje], som i eldre mål vart uttala *çørce* i heile det som i dag er Holtålen kommune. Dette er likeins i Selbu og Tydalen. I dag ser me at den øvre delen av kommunen (Ålen), som ligg nærmast Røros, har adoptert rørosforma *cerke*, medan mange i den nedre delen av kommunen, Haltdalen, framleis har den gamle uttalen.

Det er altså liten tvil om at Røros i kraft av sin sosiokulturelle posisjon som regionsenter har påverka ålbyggmålet. Meir usikkert er det om rørosmålet har påverka talemålet i Tydalen. Til dømes kan ein sjå bortfallet av palatalisering av velarar i tydalsmålet som ein påverknad frå Røros. Eg nemnde i kapitel 2.3.3. at både *førce* [folket] og *hujji* [hoggi] ser ut til å ha vori eldre tydalsformer der ein i dag seier *førke* og *huggi*. Likevel er det vanskeleg å avgjera om denne endringa er eit resultat av påverknad frå rørosmålet, eller om det er ein meir generell nivelleringsprosess som her har verka inn. Heller ikkje Amund B. Larsen (1886:43) kjem fram til eit sikkert svar på dette:

Tydalen, anneks til Selbu, og Holtålens præstegjeld øverst ved Gula hører nøie sammen i modsetning til bygderne nærmest nedenfor. Det er måske kulturpåvirkning frå Røros som i sen tid har trengt inn her med østlandske vulgærformer, men en del afvigelser synes dog hellere at pege dels i østlig retning, dels på en sammenheng med Tønset.

Denne problematikken vil eg drøfte meir inngåande i kapitel 6.3.

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

Målføret som grensar til Tydalen i nord, det vil seie i Meråker i Nord-Trøndelag, viser relativt lite slektskap til tydalsmålet. Meråkermålet har haldi på dei gamle diftongane og har gjennomført apokope på overvektsorda, noko som viser eit langt tydelegare slektskap med målføra i Stjørdalen og Verdalens enn med dialektane på sørssida av fylkesgrensa. Då finn ein fleire språklege fellesdrag med tydalsmålet om ein ser austover og inn i Härjedalen, noko Larsen òg var inne på (jf. sitatet ovafor). Her blir både dei nemnde språkdraga monoftongering og fråvær av apokope realisert på same vis som i tydalsmålet. Vidare har dialektane i Härjedalen mykje av det same ordtilfanget som tydalsmål, til dømes *ales* [annleis], *øsnilldre* [augestikkar], *øvvi* [over] og *nunn* [nokon] (Olofsson 1999). Det siste dømet blir uttala *nujn* i Tydalen og er dessutan ei form som tydalsmålet berre har til felles med hårjedalsmålet, sia uttalen i Selbu og Meråker er *nåjn* og Røros og Holtålen har *nå'an*. Derimot finn me ikkje palatalisering og j-bortfall i hårjedalsmålet (jf. kap. 2.3.)

I kapitel 2.1.3 konkluderte eg med at medan den sosiokulturelle orienteringsretninga for tydalingane tidlegare i hovudsak var retta over fjellet mot sør, har grannekommunen i nordvest, Selbu, i dag ein langt meir sentral posisjon. Politisk og administrativt har Tydalen og Selbu alltid vori naturlege parhestar, men kulturelt og sosialt har nok særleg Ålen og Haltdalen (altså det som i dag er Holtålen kommune) hatt dei sterkeste banda til Tydalen. Tydalen sin sosiokulturelle posisjon har såleis utvikla seg til å bli noko diffus og samansett, der rørosregionen på den eine sida og Selbu på den andre sida har ein meir fokusert og klart definert sosiokulturell profil. Med *fokusert sosiokulturell profil* meiner eg at desse stadene har ei kulturhistorie og ein sosiokulturell status som gjer at dei blir oppfatta som noko særskild, og dermed utmerkar seg som ein merkevare blant trønderske bygder. Vidare er det vanskeleg for Tydalen å definere sin eigen profil, sia kommunen er såpass liten og dermed har avgrensa med sosiale og kulturelle ”ressursar” å spela på. Denne situasjonen meiner eg òg gjeld *språksituasjonen* i Tydalen. Tydalsmålet kan lett bli oppfatta som ein hybridvarietet mellom selbumål, rørosmål og dialekten i Holtålen. Eit anna viktig poeng som ein bør ta med i vurderinga, er at tydalsmålet utgjer det nordlegaste målføret av dei dialektane ein kan kalle overgangsmål mellom trøndersk og austnorsk, og at det dermed òg på dette området kan vera vanskeleg å plassere tydalsmålet innafor anten den eine eller det andre dialektgruppa. Likevel vil nok dei fleste vera samde i at tydalsmålet er ein trøndersk dialekt, men at den i mange tilfelle ikkje blir oppfatta som ”typisk trøndersk”, for å låne eit uttrykk frå Hårstad (2004). Som informanten Gunn (sjå kap. 5.2.2.) sa: */de let jo'cc akkorat såmm andre trønderiske dialekter/*.

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

### 4.2.1. Utviklingstendensar i trønderske talemål

På eit generelt nivå er det særleg eit fagomgrep som er dekkande for den tendensen me ser innafor den norske talemålsutviklinga: *Nivellering*. I ein dialektkontaktsituasjon blir språkdrag som har veldig avgrensa geografisk utbreiing ofte erstatta av meir utbreidde og umarkerte former. Dette med markerte og umarkerte språkdrag diskuterer eg i kapitel 5.1.3. Språkdrag som i tillegg er sjeldan i bruk er truleg ekstra utsett for nivellering (Swann et al. 2004:77). Dette fører altså til at mange av dei dialekttrekka som før kunne knyte ein dialekt opp mot eit avgrensa geografisk område ikkje er like framtredande lenger, og dermed blir det fort vanskeleg å avgjera om ein nordtrønder er frå til dømes Levanger eller Verdalens. Dersom denne utviklinga held fram vil me etter kvart nærme oss ein språksituasjon der større regionale talemål har overtatt for dei små lokale bygdemåla. *Regionalisering* er ein mykje brukt term på denne prosessen<sup>11</sup>. I Nord-Trøndelag kan det dermed bli ein realitet at Innherad står fram som ein språkleg region med ein meir eller mindre einsarta dialekt i framtida, dersom dagens nivelleringstendens held fram. Likevel ser det ut til at vegen dit framleis er nokså lang. For sjølv om denne språkutviklinga langt på veg er ein homogeniseringsprosess der dialektar blir meir like kvarandre, ser me i dag at på *individnivå* er språkbruken prega av stor interindividuell variasjon. Folk som kjem frå same stad kan i mange tilfelle snakke høgst forskjellig. Dermed blir det rett å seie at dagens språksituasjon både er prega av homogenisering ved at dialektar blir meir like, og heterogenisering ved at ein på individnivå finn større språkleg variasjon enn før.

Når det gjeld Trøndelag ser det ut til at språkutviklinga her i stor grad følgjer same mønster som resten av landet, med nivellering som ein fellesnemnar. Likevel er det nokså openbart at visse lokale forhold sett sitt sær preg på språkutviklinga i landsdelen. Trondheim er det definitive sentrum og særleg i Sør-Trøndelag er det vanskeleg å komme utanom Trondheim som mogleg påverkingsfaktor og normsettar overfor resten av fylket. I sørfylket er ”byen” synonymt med Trondheim, medan det i Nord-Trøndelag finst fleire byar med ein viss storleik, i hovudsak Stjørdal, Levanger, Namsos og Steinkjer. Kor stor påverknad eit bymål har på bygdemåla i ein region er likevel eit omstridd spørsmål. Dette vil eg drøfte meir inngående i kapitel 6.3.

Det finst lite sosiolinguistisk forsking på sørtrønderske språksamfunn som er av same storleik som Tydalen. Eg vel likevel å samanlikne Tydalen med Stian Hårstad (2004) si hovudoppgåve om ungdom og talemål i Oppdal, og Unn Røyneland (2005) si

<sup>11</sup> Sjå til dømes Akselberg (2000) for nærmere drøfting av dette fenomenet.

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

doktoravhandling om dialektivellering, ungdom og identitet på Røros og Tynset. Eg kunne òg tatt med Kari Anne Ulset Vold (Ulset 2002) si undersøking frå Melhus, men eg vel her å ta for meg dei samfunna som liknar mest på Tydalen, og dermed kan gjeva grunnlag for samanlikning. Melhus er for det fyrste større, og for det andre er både den geografiske og den språklege avstanden frå Melhus til Trondheim og trondheimsål langt mindre enn det som er tilfelle for Tydalen, Røros og Oppdal.

I avhandlingane om Røros og Oppdal blir det peika på nivellering som ein gjennomgåande tendens i talemålutviklinga. Til dømes har den karakteristiske Røros-s-en i ord som *fj/k* og *svænjk* [fisk og svensk] lett for å bli erstatta med ”vanleg s”. Røros-s-en er relativt særegne for rørosmålet og kan dermed stå i fare for å falle bort i ein nivelleringsprosess. Dette er eit døme på ei lokal språkendring, men tendensen er den same over heile Trøndelag; Lokale former blir i stor grad erstatta av former som har støtte anten i trondheimsål eller i eit bokmålsnært standardtalemål, eller i både to. Samstundes ser ein fleire døme på endringar som er felles for heile Trøndelag:

- Bortfall av dativformer, som dermed blir erstatta av nominativformer.
- Bortfall av morfonologisk veksling mellom velar og palatal, til dømes at *bok - boça* blir til *bok – boka*.
- Nektingsadverbet *icc(e)* blir erstatta med *ikke*.
- Vokalar som har vori utsette for lågning blir heva: *Løs* blir *lys* og *verke* blir *virke*.
- Retrofleks flapp i ord med opphavleg *rð* blir erstatta av *r*, slik at *bor* og *gar* blir til *bor* og *gar* (Mæhlum 2007:48-51).
- Reduksjon av preposisjonsrekka. *Åt* og *så* [hjål] blir erstatta av *te*, samstundes som *tå* og *ti* blir erstatta av *av* og *i* (Hårstad 2008:408).
- Svekking av jamningsformer. Former som *låsså/læssa* blir til *læs* og *vørrå/vårrå/værra* blir til *vær*.

### 4.2.2. Utviklingstendensar i tydalsmålet

I dette delkapitlet vil eg peike på nokre overordna tendensar eg meiner er gjeldande for dagens tydalsmål. Desse drøftingane bygger i hovudsak på det materialet eg har samla inn frå mine informantar. Her vil det mellom anna vera relevant å trekke inn andre trønderske målføre det er naturleg å samanlikne tydalsmålet med. Spørsmålet er om utviklinga i

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

tydalsmålet skil seg ut, eller følgjer det langt på veg ein meir generell regional utviklingstendens som er gjeldande for heile Trøndelag?

Kva som fører til at språk endrar seg eller ikkje, er eit stort og komplekst spørsmål. Ei rad med mekanismar og prosessar er i verksemd under ein språkendringsprosess, både innafor det einskilde individet og på eit meir overordna samfunnsmessig nivå. På individnivå er språkendring ein psykologisk prosess, men samstundes nære knytt til den sosiale røyndomen individet er ein del av. På samfunnsnivå er språkendring ein sosiokulturelt fundert prosess, men samstundes styrt av individuelle val og språkhandlingar. Såleis er det umogleg å skildre språkendring på ein nyansert måte utan å ta høgd for både desse dimensjonane.

Det vil vera rett å seie at tydalsmålet er i endring, men samstundes òg stabilt. Det eine utelukkar på ingen måte det andre. Medan visse språkdrag heilt klart er i endring, held andre språkdrag seg stable og uforandra. Dette er truleg tilfelle for alle norske målføre. Difor vil det vera meir presist å seie at *delar* av tydalsmålet er i endring, medan andre delar ikkje er det. Det som då blir avgjerande i det vidare er om det er dei labile eller dei stable prosessane som er *nest framtredande* i språksamfunnet Tydalen. For å komme nærmare eit svar på dette må ein fyrst og fremst sjå språkutviklinga i Tydalen i *forhold* til andre samanliknbare språksamfunn.

For å ta det siste fyrst vil eg sjå på språksituasjonen i Tydalen i forhold til tre andre stader i Sør-Trøndelag som tradisjonelt sett har hatt eit utprega og tydeleg markert talemål. Desse stadene er Oppdal, Røros og Selbu. Frå dei to fyrstnemnde stadene finst det god språkvitskapleg dokumentasjon som seier mykje om utviklinga i dei respektive talemåla (Hårstad 2004 og Røyneland 2005). Når det gjeld Selbu, har eg delvis brukt synspunkt som kom fram under eige feltarbeid og delvis gjort mindre systematiske observasjonar gjennom relativt god kontakt og kjennskap til lokalmiljøet på staden. Språksamfunnet Selbu er i for seg interessant og hadde absolutt vori verdt ei nærmare sosiolinguistisk undersøking.

Blant ungdom i Oppdal ser det ut til å vera relativt omfattande interindividuell variasjon. Det eine ytterpunktet snakkar utprega og gammaldags oppdaling, medan ein òg finn døme på det andre ytterpunktet, altså ungdom som har eit såpass modifisert talemål at det er vanskeleg å lokalisere dei til Oppdal. Ein av informantane i Hårstad si undersøking manglar til dømes eit såpass fundamentalt oppdalstrekk som palatalisering og har former som *bṛe* i staden for *vatt* [vart] og *vorr* i staden for *korr* [kor] (Hårstad 2004:130). Det same ser me i Selbu, der ein finn både eit tilnærma arkaisk talemål blant ein del ungdommar, medan ei stor gruppe pratar ein slags trondheimsnær ”standardtrøndersk” som ikkje har noko av det tradisjonelle selbumålet i seg. Denne varieteten har eg til og med observert hos ungdom som

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

har budd heile livet i Selbu og har foreldre som er selbyggjar. Mellom desse to ytterpunktta finst det sjølvsagt mange mellomvarietetar som skil seg meir eller mindre frå den tradisjonelle dialekten.

Talemålsutviklinga på Røros er påfallande lik mange av dei utviklingstendensane Hårstad (2010) peikar på blant unge språkbrukarar i Trondheim. Særleg gjeld dette svekkinga av palatalar ved at den palataliserte lateralen (ʎ) og den palataliserte nasalen (ɲ) går over til å få ein slags postalveolar uttale. I tillegg ser ein at nektingsadverbet *ikke* har stor utbreiing blant ungdom både på Røros og i Trondheim. Her er det likevel viktig å skilja mellom sentrumsmålet i Bergstaden og dei kringliggande glandene, i hovudsak Brekken og Glåmos. Eg meiner å ha registrert at ungdom som bur i dei meir perifere glandene i Røros kommune ser ut til å halde på eldre dialektdrag i større grad enn ungdom som bur i sentrum.

Kva så med tydalsmålet? Det som heilt klart er fellesnemnaren for alle desse talemåla, inkludert tydalsmålet, er nivellering. Det er liten tvil om at mange av dagens unge tydalingar legg bort ein del tradisjonelle former, både på eit fonologisk, morfologisk, leksikalsk, syntaktisk og prosodisk nivå. Likevel meiner eg det kan sjå ut til at endringane, eller nivelleringsprosessen, ikkje er like gjennomgripande i Tydalen som innafor dei andre språksamfunna eg har sett på. Dette underbyggjer eg ved at det ut i frå ei språkleg analyse vil vera relativt upproblematisk å lokalisere alle dei tydalingane eg har som informantar til Tydalen (sjå kap. 5.2.2. og vedlegg 3). Dette er òg tilfelle hos dei fleste informantane hos både Hårstad og Røyneland, men der finn ein i tillegg eit par døme på informantar som skil seg ut ved at dei har eit talemål som er vanskeleg å lokalisere til høvesvis Oppdal og Røros. Den typen språkpraksis finn ein ikkje blant mine informantar. Lokalsamfunnet Tydalen er ikkje større enn at eg veit kven kvar og ein av ungdommane som bur der er. I tillegg har eg, grovt sett, kjennskap til korleis kvar og ein pratar. Faktum er at ingen av ungdommane som har vaksi opp og bur i Tydalen, har ein språkpraksis som ligg så langt frå det tradisjonelle talemålet som tilfellet er i Selbu, Oppdal og Røros. Dette er noko informantane mine òg har merka seg. Fleire av dei samanliknar språkpraksisen blant tydalsungdom med språket blant dei unge på Røros og i Selbu: */Døm e my frinkør te å hǻæ p'v (dialekten) oppi her ææ onjdomm på røros dr, såmm e ha ver mæst me/*. Ein av lærarane på skulen hadde merka seg det same vis-à-vis Selbu:

*/e ha nujjn få gåj verri te særbu me elevəm å da ha de fli me nujjn gåjŋ ett tydařijŋŋn snakke tydařij ja, men manje tå særbyggəm snakke'icc særbygg. de e fårhǻæsvis manje i onjdommsaæden der såmm... kujn lik så gått ha trudd ett dømm va frå trånnheim og aŋndre stææle i trøndelag/.*

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

For det fyrste held alle mine informantar på språkdrag som har relativt stor utbreiing utover Tydalen sine grenser, til dømes palatalisering i tråd med det tradisjonelle målet, kløyvd infinitiv utan apokope på overvekstorda, monoftongering og jamning.

Det som er meir oppsiktsvekkande er at informantane òg stor grad held på språkdrag som er langt meir geografisk avgrensa, til dømes *j*-bortfall (sjå kap. 2.3.8), *iyn*-ending i bunden form eintal av svake hankjønnsord, forma *nuyy* for [nokon] og til ein viss grad dativformene. Sjølv om språkdraget dativ i seg sjølv ikkje har lite geografisk utbreiing, utgjer samansettinga av ulike dativendingar i tydalsmålet ein kombinasjon som har svært avgrensa geografisk distribusjon. I tillegg er det eit faktum at ein del ungdom i Tydalen brukar dativ i dag, noko som truleg er nokså oppsiktsvekkande, sia både Hårstad og Røyneland langt på veg hevdar at dette morfosyntaktiske språkdraget har gått ut av bruk både i Oppdal og på Røros. Informanten Bård på 19 år (sjå kap. 5.2.2. for nærmare omtale av Bård) brukar til dømes dativ i setninga */mi bodde við der te mi va... vet icc ke gammer mi va e... træje fjædeklasser i skuljan antali* [antagelig]/ der preposisjonen [i] gjev hokjønnsordet [skula] dativform ([skule] er hokjønnord i tydalsmålet). Meir detaljerte vurderingar av dei konkrete språklege realiseringane vil eg gjera i kapitel 5.2.

Historisk sett har det vori ein viss skilnad på talemålet mellom dei forskjellige glandene i Tydalen. Det er då særleg talemålet på Stugudalen som har skild seg frå målet i resten av bygda, ved å ha nokre former som er identiske med dei me finn på Røros og i Holtålen. Det har i hovudsak vori slik at stugudalingane har hatt fleirtalsforma *me* i staden for *mi* som personleg pronomen og at dei manglar *j*-bortfall i ord som til dømes [sjø] og [fjell]. Denne skilnaden ser ein no lite til hos dei yngre. Fleire av dei yngste informantane peika på at dei som er på same alder snakkar nokså likt uavhengig kor i Tydalen dei bur, men samstundes har dei merka seg ein viss variasjon. Ein av dei yngste informantane, Finn, sa:

*e tyçce egentli mi snakke ganske likt e da, æðð...[PAUSE] sennerellt ja. men e...e'e litt spesiell... ha e høðð da. Fe'nerr e jekk på oñyndommskula så fekk e høre ætt e snakk'e lite (litt) sæþbygg. å nerr e çæmm te særbu så fe'e høre ætt e snakke tyarñj.*

Tydalen står dermed fram som meir språkleg homogent og einsarta enn før, ved at tidlegare språklege skilnader mellom glandene no er borte. Dermed har me heller ikkje fått utvikla eit såkalla sentrumsmål i Tydalen, slik ein har på litt større stader som til dømes Tynset (Bakås 1998) og Melhus (Ulset 2002). På den andre sida er det mykje som tyder på at den interindividuelle variasjonen er større no enn før, sjølv om eg meiner at denne variasjonen er mindre i Tydalen enn i til dømes Selbu. Den generelle slutninga om talemålet i Tydalen er

## 4. INTRODUKSJON TIL ANALYSEN

dermed at det ser ut til å halde seg relativt stabilt samanlikna med talemålet i Selbu, Oppdal og Røros, ved at den språklege *interindividuelle variasjonsbreidda* ser ut til å vera mindre.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Denne delen av analysen vil fokusere på individet i språksamfunnet. Sjølv om hovudmålet med denne oppgåva er å sjå på meir overordna språklege utviklingstendensar i Tydalen, vil mange av desse tendensane til sist dreie seg om individuelle språkhandlingar og -haldningar. Eit viktig omgrep for å forstå dette er *språknormer*. Språknormene representer dei internaliserte konvensjonane som får oss til å handle konformt, altså handle etter eit mønster som blir sett på som ”normalt” i den sosiale konteksten me er ein del av. Her er det viktig å vera klar over at språknormer ikkje er rigide og uforanderlege. Gjennom ein kontinuerleg sosial forhandlingsprosess blir språknormene stadig endra og fornya.

Normomgrepet omfattar for det fyrste eit visst *åtferdsmønster* innafor ei gruppe. Kva type språkleg åtferd som er sosialt akseptert innafor ei gruppe, vil dermed i stor grad kvile på dei språklege normene innafor gruppa. I tillegg vil *haldningar* og *oppfatningar* om språk innafor ei gruppe òg vera eit resultat av kva språknormer som ligg til grunn (Mæhlum 2008:90-91). I denne individorienterte delen av analysen vil det overordna målet altså vera å kaste lys over kva språknormer som er gjeldande i Tydalen. Dette gjer eg fyrst ved å ta for meg oppfatningar om språk, for deretter å sjå nærare på kva språklege åtferdsmønster som finst innafor Tydalen.

### 5.1. Oppfatningar om språk og samfunn

I løpet av dei siste åra har sosiolingvistikken retta meir merksemd mot dei perceptuelle aspekta ved språk, altså kva idear og oppfatningar folk flest har om språk og språkutvikling<sup>12</sup>. I denne delen vil eg sjå nærare på kva oppfatningar som pregar folk sitt syn på språklege fenomen i Tydalen, både når det gjeld det tradisjonelle tydalsmålet og når det gjeld sør-samiske språkforhold. I tillegg vil oppfatningar om ein *dialekt* i stor grad kvile på meir generelle oppfatningar om *staden* der denne dialekten hører heime. Difor vil eg innleiingsvis sjå staden Tydalen i eit såkalla ”sense of place”-perspektiv (Tuan 1977), der eg følgjeleg legg vekt på dei subjektive opplevingane av staden og korleis dei over ein viss periode fyller staden Tydalen med mening.

<sup>12</sup> Sjå til dømes Jaffe (2009) for ei meir generell drøfting av språkideologi og språkhaldningar.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

### 5.1.1. Tydalen i eit ”sense of place”-perspektiv

/de å våkne opp å vårrå ute uccø aett de e nåppn såmm bṛi sur på de fårr'aett du e styrjñ (bråkete)... du kappn få jør akkurat såmm du viāføles de ut såmm nårr du e oppi her, tycce e/ (Informanten Kristine).

I dagleglivet blir nok omgrepet *stad* sett på som nokså eintydig og lite problematisk. Sett frå eit vitskapleg perspektiv er omgrepet derimot meir komplekst. Mange av dei objektive eigenskapane ved ein stad blir kartlagt av geologar, biologar osb. og er relativt eintydige og handgripelege. Meir diffust blir omgrepet dersom ein er opptatt av dei subjektive eigenskapane til ein stad. Slike eigenskapar veks ikkje fram på grunn naturforhold eller klima, men er eit resultat av folk sine oppfatningar og haldningar til staden. Slik sett blir ikkje individuelle handlingar eit resultat av korleis ein stad ”eigentleg” er, men meir eit resultat av korleis me tolkar og oppfattar staden. Staden og særleg *heimstaden*, blir såleis ein heilt sentral del av den menneskelege eksistens, ved at staden me er fødd og oppvaksen på dannar eit sikkert utgangspunkt som me vidare orienterer oss etter (Berg et al. 2004:42-43). Kritikarar av ei slik ”sense of place”-tilnærming hevdar at det her blir lagt for mykje vekt på det einskilde individet. Ved å studere individet lausrivi frå dei strukturane det er ein del av, vil ein gå glipp av viktige faktorar som utspelar seg i *samspelet* mellom individ og samfunn (ibid.).

Som eit tilsvart på denne kritikken har fleire, særleg innanfor samfunnsgeografien kommi med forslag til ei oppdatering av ”sense of place”-tilnærminga. Gillian Rose (1995:89) hevdar at folk sine oppfatningar og haldningar til ein stad må sjåast i lys av den sosiale konteksten dei er ein del av:

[...] although senses of place may be very personal, they are not the entirely result of one individual's feelings and meanings; rather, such feelings and meanings are shaped in large part by the social, cultural and economic circumstances in which individuals find themselves.

Vidare koplar ho denne tilnærminga til identitetsomgrepet (jf. kap. 6.2.3.) ved å sjå på tre ulike måtar kjensler og haldningar til ein stad kjem til uttrykk på; det vil seie gjennom tre ulike identitetshandlingar<sup>13</sup>. For det fyrste kan ein identifisere seg *med* ein stad, ved å ha eit positivt og godt bilet av staden som til dømes trygg, komfortabel og vakker. For det andre kan ein identifisere seg *mot* staden. Ved å skapa kontrast mellom sin eigen identitet og staden sin sosiale identitet, vil ein tydeleg markere at ein bryt med dei verdiar og haldningar staden

<sup>13</sup> Termen *identitetshandlingar* vart lansert i ein språkvitskapleg samanheng av Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller i *Acts of identity* (1985).

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

representerer. Ein tredje måte haldninga til ein stad kan komme til uttrykk på, er gjennom å ikkje identifisere seg korkje med eller mot staden. I slike tilfelle vil staden kjennast irrelevant for den personlege identiteten (op.cit:89-96).

Eg finn godt grunnlag gjennom mine intervju for å hevde at tydalingar generelt, og tydalsungdom spesielt, identifiserer seg *med* Tydalen, rett nok i noko varierande grad. Ingen av informantane nøler med å kalle seg sjølv tydaling, og det er langt enklare for dei å trekke fram positive sider ved Tydalen og tydalssamfunnet enn negative. Mange er opptatt av å vise fram ”tydalsidentiteten” sin for folk utanfrå. Det gjer dei anten indirekte ved bruk av ei dialekt som assosierast med Tydalen, eller meir direkte gjennom å fortelja om heimbygda og marknadsføre Tydalen overfor andre. Informanten Hans seier såleis at det er viktig for han å snakke godt om Tydalen til folk som ikkje kjenner plassen så godt frå før:

*/e stålt tå di egentli... ætt e e frå tydaṛv å e benycce enkvar mulihet te å snakke bra om tydan ivæffað nárr e e appne prasse. de fe e tebakemæðingv på å nárr e ha me me fórk åt tydaṛv, ivæffað i ferrbijnels me jobb å slik, ætt de kanſe bṛi i mæst lage somm'gåj me rekrame vettu. men e e appselucc stålt tå bygda å tå å vår tydaṛij/.*

Slik marknadsføring kan lett leie over i idyllisering, slik denne informanten er inne på. Særleg blant dei unge vil eg påstå at slike idylliseringar og romantiseringar er nokså utbreidd (jf. opningssitatet til dette delkapitlet). Det er nemleg ofte slik at det er typiske romantiske eigenskapar som går att når eg ber informantane trekke fram positive sider ved Tydalen. ”Fjell og natur”, ”alle kjenner alle” og ”tryggleik” er typiske gjengangarar. Om dette berre er overflatiske grunnar til at dei unge informantane er såpass positivt innstilte til heimbygda veit eg ikkje, men det er på ingen måte slik at ungdommen i Tydalen er ein gjeng fjellfolk som tar med seg soveposen og spring til fjells så snart dei har fri. Difor kan slike romantiske grunnar til å like Tydalen kanskje vera meir sosialt motiverte enn personleg. Kanskje er det slik at ungdommen seier dei likar å bu nære fjellet fordi alle andre seier det og fordi dette av storsamfunnet blir sett på som ein legitim grunn til å busetta seg i perifere strok? Eit anna moment er at det kan hende at informantane si innstilling til heimplassen kan vera påverka av mi rolle som forskar og sjølve intervjustituasjonen. Alle informantane kjenner meg og mitt engasjement for Tydalen og dermed er det ein viss fare for at deira tilsynelatande positive innstilling til heimplassen blir overdrivi for å tekjkast forskaren. Slike potensielle feilkjelder er eg nøydd til å leva med, men eg meiner mine lokalkunnskapar i stor grad har gjort meg i stand til å plukke ut informantar som er fortrulege med å snakke om personlege meininger og såleis ikkje let seg affektere i nemneverdig grad av intervjustituasjonen.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Når informantane blir spurt om dei meiner Tydalen er eit moderne eller eit tradisjonelt samfunn blir svara som oftast ikkje eintydige. På den eine sida seier dei at Tydalen er moderne ved at tydalingane har tilgang til den same teknologien som andre stader, og at livet ein lever i Tydalen ikkje er så forskjellig frå livet dei lever i byen. Som informanten Hans sa: */mi ha jo dæn infrastruktur mi ska ha, så mi e jo'cc nå attikommijjn på nå vis/*. På den andre sida gjev fleire av informantane klart uttrykk for at Tydalen ikkje akkurat er verdas navle, og at det på mange måtar er eit gamaldags samfunn, slik Kristine (jf. kap. 5.2.2) peikar på:

*/lik e ser på de så e de (Tydalen) gammerdakks. ta bussn da såmm i æksæmpel. de går jo'cc en buss hele tiø oppi her. på annindre prassø trøgøy du næstn'icc å tænçe på kess du ska kåmmå de nuyystass, ferr det går dø bestajndi en buss. flik secc e de mer gammerdakks oppi her/.*

Det ser altså ut til at førestillingane om modernitet og tradisjon lever side om side i Tydalen. Det er eit moderne samfunn, men mykje av det gamle heng framleis att, både som konkrete døme som det med såg i sitatet ovafor, men òg i medvitet til folk, gjennom familieband, sosiale strukturar og verdiar. Den forma for tradisjon som eksisterer i medvitet til folk, blir nettopp noko av det som er med på å definere ein stad. Ein stad blir altså ein kontinuitetsberar av tradisjonar som over tid har utforma seg på staden (Mæhlum 1999:16).

For å forstå samanhengen mellom stad og språk er me nøydde til å ta i bruk termen *identitetshandlingar* enno ein gong. Språk eller dialekt blir altså eit uttrykk for tilhørsle og dermed eit uttrykk for identitet, ved at våre språkhandlingar gjev konnotasjonar til eit geografisk område og vidare til eit bestemd sosialt og kulturelt innhald. Ein person som snakkar tydalsmål vil først og fremst bli lokalisiert til den geografiske eininga Tydal kommune, men vil i tillegg bli tillagt visse sosiokulturelle eigenskapar på bakgrunn av dei sosiale og kulturelle verdiane folk assosierer med Tydalen som stad. Desse verdiane kjem eg attende til i kapitel 6.1.1.

### 5.1.2. Oppfatningar om tydalsmål og andre dialektar

Det er eit velkjend fenomen at folk vurderer språk på grunnlag av estetikk. Det går jamleg føre seg kåringar av ulikt slag, der språk og språkvarietetar blir rangert ut i frå rein estetisk synsing. Til dømes har Dagbladet nyleg hatt ei avstemming om kva som er den mest og minst sjærmerande dialekten i Noreg ([www.dagbladet.no](http://www.dagbladet.no) 2011). Estetiske vurderingar av språk ber sjølvsagt sterkt preg av å vera individuelle og høgst subjektive, samstundes som dei ofte har

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

vorti oversett av språkforskarar fordi dei er ”uvitskaplege” og ”feilaktige”. Likevel ser det ut til at det er ei viss kollektiv semje om at somme språkdrag er å sjå på som styggare eller finare enn andre. Kva kvar og ein legg i ”stygt” og ”fint” er det sjølvsagt vanskeleg å veta eksakt, men ofte har dette med sosiokulturell status å gjera. Dialektar som blir assosiert med høg sosiokulturell status blir ofte karakterisert som ”finare” enn dialektar med låg status. Svein Arne Strømsodd (1979) si undersøking av språkhaldningane blant oslofolk viser ein klar tendens til at dialektane på flatbygdene på Austlandet skårer lågt når det gjeld status. Det same gjeld i stor grad trønderske og nordnorske dialektar.

Når folk skal vurdere sin eigen dialekt på eit estetisk grunnlag, er det vanleg at denne vurderinga ber preg av eit positivt syn, der eigen dialekt blir tilskriven eigenskapar som ”vakker”, ”særprega” og ”klangfull”. Særleg gjeld dette for dialektar heimehørande i meir rurale område. Dette kjem tydeleg fram i Gunnstein Akselberg (2002:100) si undersøking frå Voss der heile 47 av til saman 60 informantar karakteriserer vossamålet som ”fint”. Vidare seier 55 av dei same informantane at dei er tilfredse med eige talemål. Meir interessant er det å høre kva folk har å seie om *andre* dialektar. Her nemner Akselberg at estetiske vurderingar av andre dialektar ofte heng saman med språkleg avstand. Vossingane i hans undersøking likar både trøndersk og hallingdialekt därleg, dialektar som ligg langt i frå vossamålet lingvistisk sett. I tillegg ser ein likevel at meir nærliggande dialektar ofte blir vurdert som ”stygge” eller ”rare”. Her er det ikkje den lingvistiske avstanden som er avgjerande. Dette må ein nok heller sjå som eit uttrykk for naboposisjon, eit omgrep eg drøftar inngående i kapitel 6.2.1. Ofte er det viktig å markere avstand til dei tilgrensande nabodialktane, og mange har difor klare oppfatningar om korleis desse står i forhold til eigen dialekt, reint estetisk. Dette ser me òg døme på hos vossaungdommen, som likar bergensdialekt därleg (op.cit.:113-114).

Mine informantar har, ikkje uventa, eit gjennomgåande positivt syn på eigen dialekt. ”Fin”, ”kraftfull” og ”levande” er typiske adjektiv som blir trekte fram. Adjektivet ”fin” kan òg bli brukt negativt i ein slik samanheng, i betydinga fisefin eller jálete, særleg om meir prestisjefulle varietatar: */står du på butikkjynn å snakke ræcc tydařij å de çæmm nujjn såmm ha finær diælækt så bṛi de ver vannskeli/* (sitat frå ein av informantane).

Dei aller fleste meiner tydalsmålet ligg nærmast dialektane i Holtålen og Røros, med nokre unntak som meiner at selbumålet ligg nærmast. Informanten Finn, som vil bli presentert nærmare i kapitel 5.2.2, stikk seg litt ut ved å ha ein del selbuformer. Han er vidare ein av dei få som opplever selbumålet som meir likt tydalsmålet enn det dialektane i Holtålen og Røros er.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

På spørsmål om kva for eit av nabomåla som liknar mest på tydalsmålet svarar han: */de må nå mæst vørr særbrygg de, tru e. dæmm si nå så my raſ boſſe fele<sup>14</sup> ætt... e fønne nå'cc kerr dæmm si. dæmm si nå "je" å "sku'unl"* (skulen). Han modererer seg likevel noko: */jo, e fønne jo ker dæmm si dr/, men han meiner heilt klart at for han så ligg selbumålet nærmare.* Denne avstandsmarkeringa til Holtålen og Røros representerer likevel eit unntak blant mine informantar. Den gjennomgåande haldninga er at det er selbumålet som representerer det "rare" og "uforståelege". Særleg kom dette klart fram i gruppeintervjuet med ein gjeng ungdomsskuleelevar. Her var det mildt sagt brei semje om at selbumålet på ingen måte kan kallast "fint". */selbudivlækt e ræcc å flæcc i görstygg dielæk. mi ha my mer tehørihet te dæmm såmm bor boſſe fele nårr de jælls dielakte vår/*. Desse elevane meiner at det typiske for tydalsmålet er at det er "breitt" og at det har mange endingar på -ijyn og -ejjn.

### 5.1.3. Saliens

Innafor alle norske målføre er det slik at ulike språklege trekk kan vera meir eller mindre stabil, eller rettare sagt meir eller mindre utsette for endring. *Saliens* er i denne samanhengen eit omgrep som seier noko om graden av språkleg medvit eller merksemd om eit bestemd språkdrag. Slik sett har dette i høg grad med språkoppfatningar å gjera. Språkdrag *er* ikkje saliente i seg sjølv, men blir *oppfatta* som det av omverda. Dermed har ein vikla seg inn i den komplekse problematikken kring spørsmålet om *kvifor* somme språkdrag er meir salient enn andre. Peter Trudgill (1986:11) hevda mellom anna at språkdrag som er utsette for stigmatisering og språkendring er meir saliente enn andre språkdrag. Samstundes meiner han at høg grad av saliens er *årsaka* til at desse språkdraga er utsett for stigmatisering og språkendring. Ein slik sirkulær argumentasjon gjev difor ikkje eit tilfredsstillande svar på kva som er årsaka til at me er meir eller mindre medvitne om visse språkdrag. Kritikarar meiner at grunnen til at somme språkdrag er meir markerte enn andre, er meir kompleks enn det Trudgill hevda. Auer, Barden og Grosskopf (1998:164) legg fram eit alternativt syn på saliens. Dei stiller to viktige spørsmål:

1. Is salience a good predictor of the loss of acquisition of a given dialect by speakers of another dialect?
2. Can perceived salience be explained in objective (structural-phonological or phonetic) terms?

<sup>14</sup> "Boſſe fele" [bortom fjellet] er eit vanleg uttrykk i Tydalen og Selbu som i hovudsak siktas til kommunane Røros og Holtålen.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Dei tar for seg det som har vorti sett på som årsakene til at eit språkdrag blir oppfatta som salient og deler desse inn i objektive og subjektive kriterium, der dei objektive kriteria er sjølve *årsakene* til saliens, medan dei subjektive kriteria meir er å sjå på som kausale *følgjer* av saliens (op.cit.:165). Dei konkluderer med at ja, saliens er eit nødvendig men samstundes eit mangefullt omgrep å operere med:

While the notion of salience implies that a linguistic variable is socially and interactionally significant in a way or other, it does not indicate the attitudinal polarity (positive and negative) of this significance, let alone its precise ‘ideological’ value (op.cit.:184).

Dei hevdar vidare at saliens *ikkje* let seg forklare ut i frå dei såkalla objektive kriteria, men at subjektive kriterium til ein viss grad kan forklare saliens ved ein skilde språkdrag (ibid.). Likevel kjem dei ikkje fram til ei eintydig avgrensing av omgrepet. Eit anna moment som er viktig å trekke inn her, er at andre mekanismar enn saliens kan ha innverknad på om eit språkdrag blir utsett for endring eller ikkje. Trudgill (1986:16) seier beint ut at saliens “[...] is not the whole story”. Andre sosiale og psykologiske faktorar kan spela inn og såleis demme opp for at saliente språkdrag blir endra. Unn Røyneland vel å ikkje bruke termen saliens som predikerande forklaringsfaktor, men “som ein av fleire faktorar som kan vere med på å gi ei djupare *forståing* av kvifor enkelte trekk er meir utsette for nivellering enn andre” (2005:68). Ved å bruke omgrepet på denne måten unngår ein dei sirkulære problema, samstundes som ein tar høgd for at markerte språkdrag faktisk finst, og at dei spelar ei ikkje uvesentleg rolle i spørsmålet om språkendring kontra språkbevaring. Samstundes er det viktig å framheve at språkdrag som blir oppfatta som saliente innafor ein kontekst, kan vera mindre markerte innafor andre samanhengar. Difor er det viktig at ein tar dei kontekstuelle forholda med i vurderinga av saliente språkdrag innafor eit språksamfunn. Vidare vil eg, slik Auer, Barden og Grosskopf (1998) hevda, gå ut i frå at saliente språkdrag ikkje oppstår på grunn av objektive, eller språkinterne forhold. Saliente språkdrag vil eg dermed forstå som ”[...] språktrekk som blir trekte fram som “typiske dialekttrekk når informantane blir bedne om å skildre den tradisjonelle dialekten [...]” (Røyneland 2005:68).

Saliens forstått på denne måten betyr altså at det er informantane sine eigne fråsegner som blir avgjerande for om eit språkdrag er salient eller ikkje. På bakgrunn av mitt empiriske materiale ser det ut til at følgjande trekk blir oppfatta som særleg saliente i tydalsmålet:

### Stukturelle trekk

Palatal trykklett *-ijyn*-ending i bunden form av hankjønnssord.

Palatal trykklett *-ejyn*-ending i fleirtalsformer.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Det personlege pronomenet *e* og til ein viss grad fleirtalsforma *mi*.

J-bortfall

Dativ. Hovudsakleg blant eldre informantar.

Vokalen *ø* som monoftongeringsprodukt av diftongen *au*. I hovudsak blant dei eldre.

### Leksikalske trekk

*huggu* [hovud]

*ustøvvi* [austover]

*pænnij* [pengar]

*çøṛi attukt* [veldig artig]

Det vil sjølvsagt vera store individuelle skilnader på kva personar med ikkje-lingvistisk bakgrunn er i stand til å setta ord på av språklege fenomen. Difor har det vorti vanleg å operere med forskjellige *typar* av språkleg medvit, der både imitasjon og meir ”formell” kunnskap om språk kan vera ulike døme på typar av språkleg medvit (Røsstad 2008:33-35). Vidare vil det òg vera skilnad på kva *språkdrag* folk er i stand til å setta ord på. Rune Røsstad har undersøkt dette nærmare i si doktorgradsavhandling. Der ser ein at det er særleg pronomenformer og einskilde ord på eit leksikalsk nivå det er mest medvit om i høve til eigen dialekt. I tillegg er nektingsadverbet noko mange nemnar som eit særdrag. Språkdrag av meir fonologisk eller morfologisk karakter er det derimot lite medvit om (op.cit:141).

Eit anna viktig poeng er at medan somme saliente språkdrag er utsette for endring, ser ein ofte at andre saliente språkdrag er meir stabile. Det kan sjå ut som at visse endringar rett og slett blir for radikale til at språkbrukaren ser det som akseptabelt å adoptere dei. Til dømes vil det vera heilt utenkeleg for dei aller fleste tydalingar å bytte ut 1. personpronomenet *e* med den meir utbreidde trønderforma *ø*. Dette er eit godt døme på eit saliente språkdrag som ikkje er utsett for endring. Det same gjeld forma *huggu*.

### **5.1.4. Oppfatningar om sørsamisk etnisitet og språk**

I intervjuua mine med dei yngre informantane la eg fram følgjande påstand: Tydalen har vori tospråkleg i over tusen år<sup>15</sup>. Deretter let eg informantane reflektere over påstanden. Berre eit fåtal av desse informantane resonnerte seg fram til at dette måtte dreie seg om tydalsmål og

---

<sup>15</sup> Sjå intervjuumalen i vedlegg 4.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

sørsamisk. Dette viser tydeleg at medvitet er påfallande lite om at det sørsamiske språket hører heime i Tydalen, og at slik har det vori i lange tider. Derimot er alle klar over at somme tydalingar driv med rein og såleis har sørsamisk bakgrunn. Alle kjenner eller veit av nokon som driv innafor reindrifta, men den etniske dimensjonen ved dette ser det derimot ut til å vera lite medvit om. Ein av dei eldre informantane hevdar likevel at det er større medvit kring dette blant dei unge i dag enn kva det var då han var ung, då dei fekk høre at samar var noko som hørde heime i Nord-Noreg. Sørsamar i Tydalen vart dermed berre sett på som */nå fijye såmm huáá på me ren/* [nokre finnar som dreiv med rein], som han sa.

Det sørsamiske språket ser heller ikkje ut til å vera særleg framtredande i medvitet til tydalingar. Ingen av dei ikkje-samiske informantane har hørt det i bruk og fleire er faktisk i tvil om kva sørsamisk i det heile tatt er. Somme blandar sørsamisk språk med den måten sørsamar snakkar norsk på, noko som skapte misforståingar mellom intervjuar og informant. Det ser ikkje ut til at dei yngste informantane har eit større medvit kring dette enn dei som er eldre, noko ein kanskje skulle forvente med tanke på at det i dag er generelt meir bevisstgjeringa kring dette med etnisitet i skulen.

Når det gjeld oppfatninga om måten sørsamar pratar norsk på var det derimot fleire som hadde meiningar og erfaringar. Dei aller fleste av dei ikkje-samiske informantane, særleg dei yngre, meinte nemleg at sørsamar prata norsk på ein annan måte enn det ikkje-samar gjer: */e tyçce de e nå me tonefaáé liksom. Kess e ska fárklare de dø? Tonefaáé e så ojæmt, de går så my opp å ne liksom, høkt å låkt/*. Dette sitatet er frå informanten Kristine (sjå kap. 5.2.2.), som vidare meiner at denne typen språkleg praksis kan vera eit resultat av samane sin nomadiske livsførsel: */kanse dømm ha fått my mer dø, å verri áver te sværje (Sverige) lite mer å. ferr svænskjan ha jo i tonefaáé dømm å såmm e lite (litt) alest (annleis)*. Det same synspunktet kom fram under gruppeintervjuet: */dømm ha lite aynø tonefaáé nårr dømm snakke noffk ja. men de e jo nynn såmm e son hædd same å icc så my same såmm di aynrejjn da, viss du sønne/*. Vidare kom det fram at dei meinte at samane i Tydalen ikkje var like mykje samar som samar andre plassar, mellom anna fordi dei snakkar likeins som andre tydalingar.

Når eg tok opp dette spørsmålet med dei samiske informantane fekk eg derimot eit meir eintydig svar: */næi dømm prate nå dænn dialækt Ferr den prassn dømm ha vuksi opp på dømm å, såmm meraker å tydan å brækken og røros og bofme fæmuñø å oppovvi mot snåsa å... dømm snakke nå siññ bygdædialækt/*. Informanten modifiserer seg rett nok litt ved å seie at fleire av samane som budde ved Essandsjøen i Tydalen, truleg braut litt på svensk: */spessielt me bæssferældrøm mine så va de my svænske or og uttrykk/*. Han avviser altså at samisk

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

substrat har eksistert i måten sørSAMAR pratar norsk på, i alle fall i hans levetid. Likevel tar han høgd for at somme hadde ei slags blandingsdialekt med mykje svensk substrat, men at dette ikkje er særleg utbreidd i dag.

Det ser altså ut til at det er eit misforhold i oppfatninga av måten sørSAMAR pratar norsk på mellom samane sjølve og ikkje-samar elles i lokalsamfunnet. Hos dei sistnemnde er det framleis ei utbreidd oppfatning at sørSAMAR pratar ein annleis norsk. Det kan sjå ut som at mange baserer denne oppfatninga på måten samar *utanfor* Tydalen snakkar. I revyar og liknande der ein imiterer samar er det i dei fleste tilfella nemleg ein variant av rørosmål som blir brukt. Det kan faktisk tenkjast, som eg kjem nærmere innpå i kapitel 6.1.4. at ein kan finne restar av ein slags blandingsdialekt mellom norsk og svensk blant somme samar til dømes i Brekken eller Røros. Truleg er det denne praksisforma som held liv i førestillinga om at *alle* samar pratar annleis. Som eg kjem nærmere innpå i kapitel 6.2.3. er det nemleg slik at me ofte generaliserer individ som hører til i andre grupper enn dei me sjølve er deltakarar i. Vidare kjem det klart fram at det òg i Tydalen tidlegare har budd samar som hadde ein slags blandingsdialekt. Korleis dette artar seg *i dag* vil bli diskutert i kapitel 6.1.4.

## 5.2. Språkleg praksis

### 5.2.1. Språklege variablar

Når ein kartlegg talemålet til ein person ville det optimale ha vori å ha så mange variablar som mogleg, slik at mest mogleg av talesekvensen blir registrert og dermed lagt til grunn for vidare analyse og samanlikning. Dette vil i dei fleste tilfella medføre eit altfor omfattande arbeid. I staden for å kartlegge alle språklege realiseringar i ein talesekvens må ein difor velje ut einskilde språkdrag som ein meiner er relevante. Termen *språkleg variabel* impliserer at det her dreier seg om språkdrag som kan ha varierande språkleg realisering: "A linguistic or sociolinguistic variable is a feature that has two or more identifiable linguistic forms, or realisations" (Swann et al. 2004:190).

Sjølve utveljinga av språklege variablar vil sjølvsagt vera av stor betyding for sluttresultatet av ei undersøking. Hovudgrunnen til å operere med språklege variablar, er å registrere variasjon innafor kvar einskild variabel og såleis talfeste denne variasjonen. I fyrste omgang gjeld dette på individnivå, men med analyse av fleire individ vil ein bli i stand til å trekke meir generelle konklusjonar på bakgrunn av resultata. I mitt tifelle er det viktig at resultata har ein viss samanliknbar verdi med andre sørtrønderske språksamfunn der slike

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

kvantifiseringar føreligg, altså Røros (Røyneland 2005) og Oppdal (Hårstad 2004). Difor må eg til ein viss grad velje variablar som er brukt i desse undersøkingane. På ei anna side vil eg i tillegg vise kva som er situasjonen for meir lokale særdrag eg meiner kan ha ei varierande realisering blant tydalingar. Desse variablane er dermed ikkje heilt samanliknbare, men har likevel verdi fordi dei representerer meir lokale endringstendensar. Eit viktig poeng er at den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten eg reknar ut for kvar einskild *informant* ikkje er samanliknbar med korkje Røyneland eller Hårstad sine resultat, fordi me ikkje nyttar eksakt dei same variablane. Til dømes har eg to variablar som går på dativbruk, noko som er med på å draga opp den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten. Ei meir nøyaktig samanlikning med andre studiar må difor berre gjerast mellom like variablar, og ikkje mellom dei individuelle variabelkjema som heilskap.

Eit anna viktig krav er at variabelen må opptre med ein viss frekvens for å vera reliabel. Difor har eg vald å ikkje rekne med variablar som opptrer mindre enn tre gonger. På bakgrunn av desse vurderinga har eg kommi fram til at eg vil bruke følgjande variablar i den vidare analysen:

1. Dativformer av substantiv [DAT.SUBST]<sup>16</sup>
2. Dativformer av stadnamn [DAT.STAD]
3. Lågning i > e og y > ø [LÅGNING]
4. *e*-ending (altså ikkje apokope) i historiske overvektsord [÷APOK]
5. Full utjamning i jamvektsord [UTJAMN]
6. Palatal av lang *l*, *d*, *t*, *n* og konsonantsambanda *lt*, *ld*, *ls* *nd*, *nt*, *rn* og *ns* [PALAT]
7. Retrofleks flapp av opph. rð. [RETROF. -rð]
8. Personleg pronomen *mi* [PERS.PRON]
9. Endinga *-ijnn* i hankjønnsord i bunden form, eintal [MASK. -ijnn]
10. J-bortfall [J-BORTFALL]
11. Nektingsadverb i trykksvak stilling [NEKT.TRYKKSV]
12. Adjektivsuffikset *-ug* [ADJ.SUFF -ug]

Eg vel å liste variablane ovafor *før* eg tar til med informantportretta der desse variablane vil blir brukt. Ei nærmare omtale og dei samla resultata for kvar variabel kjem i kapitel 5.2.4.

---

<sup>16</sup> Forkortingane av variabelnamna er for å gjera dei meir handterlege i ei tabellframstilling.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

### 5.2.2. Nærblikk på fem unge tydalingar

Her har eg plukka ut fem unge tydalingar som eg meiner illustrerer ulike personlegdomar og ulike språklege strategiar. "Ung" er ein høgst relativ kategori sia fleire av informantane som blir presentert i det følgjande meir er å sjå på som unge vaksne. Omtalen av kvar informant er meint å gjeva eit nyansert bilet av dei einskilde individua, men av etiske omsyn kan eg ikkje gå for nære inn på alle detaljar. Når ein forskar på eit lite samfunn som Tydalen skal det ofte ikkje så mange opplysingar til før ein lesar med litt lokalkunnskap blir i stand til å identifisere informantane. Dette har eg etter beste evne prøvd å tatt omsyn til, men meiner likevel opplysningane som kjem fram i følgjande dannar eit godt bilet av kvar person. I omtalen av kvar informant framstiller eg informanten sin faktiske språkbruk i eit variabelskjema, samstundes som det òg er viktig å få med informanten sine eigne vurderinga av språklege fenomen av ymse slag.

#### Gunn

Gunn er mellom 20 og 30 år og er for tida student i ein europeisk storby. Ho budde i Tydalen fram til ho var ferdig på vidaregåande. Faren er tydaling, medan mora er frå Selbu. Gunn voks ikkje opp på gard. Ho er engasjert i heimbygda og er framleis aktiv i kulturlivet i bygda dei gongane ho er heime. Ho har ein vid omgangskrins med vener både frå Tydalen og andre stader i landet. Som student i Europa lever ho eit nokså anonymt liv der i motsetnad til når ho er heime i Tydalen. Gunn tykkjer det er godt å "gjømme seg bort" til tider sia det skal lite til før ein skil seg ut i Tydalen. Livet i ein europeisk storby er meir egoistisk enn livet i Tydalen, meiner ho. I Tydalen må alle stille opp og hjelpe til, noko som det er lite av i ein storby. I framtida håpar Gunn å slå seg ned ein eller annan plass i Trøndelag, men ikkje nødvendigvis i Tydalen. Alt kjem an på kor ho får arbeid. Gunn ser på Tydalen som eit typisk ruralt samfunn, samanlikna med til dømes Røros og Selbu som er meir urbaniserte.

For Gunn er dialekt viktig og ho har eit høgt medvit om språkforholda i Tydalen og områda ikring. Under oppveksten har ho ofte opplevd å bli korrigert dersom ho snakka feil, eller hadde innslag av selbumål. Til dømes sa ho *stævvri* [støvlar] som mor si da ho var mindre, heilt til ho skjønte at det var selbygg. Då la ho om til *støvvra*. Blant tydalingar trur ho at mange snakkar *breiare* no enn får 30 år sia, fordi i dag er det meir medvit kring dette med dialekt. Sjølv opplever ho å bli meir interessant når ho brukar dialekt, særleg i møte med folk frå andre stader i Noreg. Difor legg ho ikkje om i nemneverdig grad i slike situasjonar, noko eg òg har merka meg ved denne informanten.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Variabelskjema Gunn. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 17 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings -prosent
DAT.SUBST	4	7	11	64 %
DAT.STAD	5	3	8	38 %
LÄGNING	4	4	8	50 %
÷APOK	10	0	10	0 %
UTJAMN	10	0	10	0 %
PALAT	77	3	80	4 %
RETROF. - <i>rð</i>	12	1	13	8 %
PERS.PRON	5	0	5	0 %
MASK - <i>ipp</i>	6	0	6	0 %
J-BORTFALL	-	-	-	-
NEKT.TRYKKSV	28	0	28	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	4	1	5	20 %

Gunn brukar fleire gamle uttrykk som til dømes *snakkejyn* [pratsom], *træʃi* [vanskeleg] og *jåsått* [rart]. Ho er ein av dei unge informantane som har lågast modifiseringsprosent, med eit gjennomsnitt på 17 %. Ho har ein del tilfelle av korrekt dativbruk, eit språkdrag ho har høgt medvit om. Me ser at dativen en mest gjennomført i stadnamna. Ho har ein tendens til å erstatte [e] med [i] i former der det tradisjonelt har vori lågning. På ein skala frå 1 til 10, der 10 er tradisjonell tydaling, karakteriserer ho sitt eige talemål som 7.

### Kristine

Kristine voks opp på ein gard i dei midtre delane av Tydalen, ikkje langt frå sentrum. Ho er mellom 20 og 30 år og båe foreldra er tydalinger. Etter vidaregåande tok ho lærarutdanning som ho no snart er ferdig med. Ho har slått seg ned i Tydalen i lag med sambuaren og er fast bestemt på å bli i heimbygda. Ho ser ikkje på seg sjølv som urban og verdsett det livet ho no lever i Tydalen, med nærleik til naturen og gode vene rundt seg. Ho er opptatt av at Tydalen er ein god heimplass slik han er i dag og ser ikkje behov for store endringar. Kristine er likevel litt bekymra for framtida dersom folketalet fortsett å gå nedover. Då kan ein risikere at Tydal kommune blir samanslått med Selbu, noko ho ser på som svært problematisk.

Som det går fram av variabelskjemaet nedafor har Kristine relativt mange modifiserte former. Dette er kanskje noko uventa om ein tar oppveksten, foreldrebakgrunnen og den låge graden av mental urbanisering med i vurderinga. Samstundes skal det nemnast at Kristine òg bruker ein del eldre tydalsleksem, som til dømes *kvænnejyn* [kvarandre] og *viʃðer* [betre, likare], som i dag er lite brukt blant dei yngre.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Variabelskjema Kristine. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 43 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	0	6	6	100 %
DAT.STAD	4	5	9	56 %
LÄGNING	1	7	8	88 %
÷APOK	12	1	13	8 %
UTJAMN	15	0	15	0 %
PALAT	98	2	100	2 %
RETROF. - <i>rð</i>	3	16	19	84 %
PERS.PRON	3	4	7	57 %
MASK - <i>iŋŋ</i>	6	0	6	0 %
J-BORTFALL	0	4	4	100 %
NEKT.TRYKKSV	25	0	25	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	4	1	5	20 %

Vidare hevdar Kristine at det er veldig viktig å markere avstand til selbumålet, og er medviten om viktige skilnader mellom tydalsmål og selbumål. Trass i denne motviljen mot selbumålet ser me likevel at ho har mange former som *kan* tolkast som konvergens mot nettopp selbumål (jf. kap. 6.3.) Dette kan vera at ho seier *nåŋŋ* [nokon] i staden for *nujŋŋ*, mangel på lågning i ord som *gjekk* og *fekk* og *r* i staden for *ɻ* av opphavleg *rð*. Ho har ikkje *j*-bortfall og nyttar i mange tilfelle pronomenet *vi* i staden for *mi*, noko som derimot bryt med både tydalsmål og selbumål. På andre viktige område som palatalisering, jamning, fråvær av apokope, *iŋŋ*-ending og bruk av adjektivsuffiksett *-ug*, følgjer ho derimot langt på veg det tradisjonelle tydalsmålet. Dativformer har ho lite av, berre i somme stadnamn. På ein skala frå 1 til 10 karakteriserer ho sitt eige talemål som 10 (ho sa nok ikkje dette i fullt alvor). Kristine har ein gjennomsnittleg modifiseringsprosent på 43 %, noko som er den høgaste graden av modifisering blant mine informantar

### Berit

Berit er mellom 30 og 40 og har etablert seg i Tydalen med mann og born. Mora kjem ikkje frå Tydalen, medan faren var sørsamisk reineigar. Ho har budd fleire år utanfor Tydalen, men flytta heim att for nokre år sia. Ho er ikkje veldig aktiv innafor reindrifta, sia det er andre slektningar som tar seg av dyra som hører familien til. Kalvmerkinga er likevel noko ho prøver å få med seg. Ho er klar på at ho både er tydaling og same, og stolt av det. Ho er opptatt av å ta vare på det sørsamiske språket og har gått ein del kurs for å lære seg det, men understrekar at det er vanskeleg når ein ikkje fekk lære det som barn. Ungane hennar får derimot samiskundervisning gjennom skulen, noko ho er glad for. Faren hennar kunne sørsamisk godt, men prata det sjeldan slik at ungane hørde det. I dag er det få i Tydalen som

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

kan språket godt, men Berit framhevar at somme ord framleis blir brukt i samband med reindrifta.

Variabelskjema Berit, sørs. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 39 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	2	11	13	85 %
DAT.STAD	0	1	1	100 %
LÅGNING	4	9	13	69 %
÷APOK	20	0	20	0 %
UTJAMN	16	2	18	11 %
PALAT	75	7	82	9 %
RETROF. - <i>rð</i>	3	5	8	62 %
PERS.PRON	9	0	9	0 %
MASK - <i>ipy</i>	2	1	3	33 %
J-BORTFALL	-	-	-	-
NEKT.TRYKKSV	36	6	42	14 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	6	3	6	50 %

Berit har relativt mange modifiserte former og den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten er på 39 %. Her bør det nemnast at den eine stadnamnforma som ikkje har dativ, er med på å draga gjennomsnittet noko opp. Eit av hovudmåla med å sjå nærmare på språkpraksisen til sørsamiske informantar var å finne ut om deira språkpraksis er annleis enn språkpraksisen til informantane som ikkje har samisk bakgrunn. Ut i frå Berit sin språkpraksis finn eg ingen ting som tyder på det. At Berit har ein relativt høg grad av modifikasjon kan heller tenkjast å vera eit resultat av at ho har budd utanfor Tydalen i fleire år, meir enn at ho snakkar annleis fordi ho er samisk. I tillegg har mor hennar eit talemål som ligg nokså langt i frå tydalsmålet, noko som òg kan vera ein relevant bakgrunnsfaktor.

### Finn

Finn er under 20 år og går på yrkesfag ved Selbu vidaregåande skule. Han bur i dei nedre delane av Tydalen og har mor frå Selbu og far frå Tydalen. Finn er glad for å vera tydaling og meiner sjølv han har hatt ein god oppvekst med mange vene i nærleiken. Han trekker særleg fram det gode ungdomsmiljøet i Tydalen, der alle hører til innafor same gjeng, som han seier. Han er ikkje så sikker på om han kjem til å bu i Tydalen i framtida, men han har heller ikkje sterke motførestillingar mot det. På skulen i Selbu blir det ofte kommentert at Finn er tydaling og dermed snakkar annleis, men det tykkjer han berre er artig.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Variabelskjema Finn. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 30 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	2	6	8	75 %
DAT.STAD	1	6	7	86 %
LÄGNING	8	5	13	38 %
÷APOK	11	5	16	31 %
UTJAMN	4	0	4	0 %
PALAT	59	2	61	3 %
RETROF. - <i>rð</i>	5	2	7	29 %
PERS.PRON	13	7	20	35 %
MASK - <i>iŋŋ</i>	5	0	5	0 %
J-BORTFALL	2	0	2	0 %
NEKT.TRYKKSV	24	1	25	4 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	2	3	5	60 %

Variabelskjemaet viser at Finn modifiserer ein del på visse område. Hans samla prosentdel av modifiserte former ligg på 30 %. Det som er gjennomgåande, er at han nærmast utan unntak modifiserer i retning selbumål. Han skil seg til dømes ut frå dei andre informantane ved å ha apokope i ein del overvektsord noko som kan tolkast både som konvergens mot selbumål og trondheimsmaål. I visse tilfelle skiftar han ut det tydalske adjektivsuffifikset *-ug* med selbuforma *-åg*, slik at han kan seie *attåg* [artig] i staden for *attug*. Dette kan ikkje tolkast som anna enn konvergens mot selbumål. Det ein kan merke seg er at Finn meiner selbumålet er det som er mest likt tydalsmålet, og han i nokre tilfelle usikker på om ei form hører heime anten i Selbu eller Tydalen. Likevel er han tydeleg på at det er viktig å ikkje snakke selbygg, så der han er medviten om det, ser han ut til å bruke tydalsformer, til dømes *huggu* og *pænniŋ* i staden for *hø* og *peŋŋ*.

### Bård

Bård er under 20 år har vaksi opp i kommunesenteret Ås. Den eine av foreldra er frå Røros, medan den andre er tydalning. Bård tykkjer oppvekstmiljøet i Tydalen var godt og trygt og han har heile tida vori aktiv innafor idretten. Han er for tida i militærret, men planlegg å studere etter at han er ferdig der. Han gjekk vidaregåande på Røros og budde såleis der i tre år. Han ser det som lite sannsynleg at han blir buande i Tydalen i framtida, då det er lite arbeidsplassar i bygda. Mest sannsynleg vil han slå seg ned i ein større by. Bård ser på Tydalen i dag som eit moderne samfunn når det gjeld teknologi og tenester, men er samstundes klar på at det på at det framleis på mange måtar er eit bondesamfunn. Han sett pris dei kvalitetane tydalssamfunnet har, med mykje urørt natur og godt samhald blant folk.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Likevel meiner han at det kan bli kjedeleg i lengda, i og med at det ikkje er så mykje å finne på.

Variabelskjema Bård. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 15 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	3	7	10	70 %
DAT.STAD	8	2	10	20 %
LÄGNING	6	1	7	14 %
÷APOK	16	0	16	0 %
UTJAMN	4	0	4	0 %
PALAT	68	0	68	0 %
RETROF. - <i>rø</i>	5	0	5	0 %
PERS.PRON	8	3	11	27 %
MASK - <i>ijyn</i>	11	0	11	0 %
J-BORTFALL	1	0	1	0 %
NEKT.TRYKKSV	26	0	26	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	2	2	4	50 %

Bård har ein gjennomsnittleg modifiseringsprosent på 15 % og er dermed den av ungdomsinformantane som har færrast modifiserte former. På den måten utmerkar han seg ved å ha mange tradisjonelle former, men har samstundes nokre avvik som peikar mot Røros eller Holtålen, til dømes vekslar han mellom tydalsformene *mi*, *fysst* og røros/holtålsformene *vi*, *føfft*. Her er det rimeleg å tru at tre år på Røros vidaregåande skule har hatt ein viss innverknad, i tillegg til at Bård har mykje slekt på Røros og at ein av foreldra er derifrå. Eg drøfta fenomenet dativ med Bård og han er relativt stø i dativbruken, men berre i eintal. Han seier at han sjeldan brukar dativendinga i fleirtal, -*ømm*. Noko som ein fort legg merke til er at Bård vekslar mellom tydalsforma *tycce* og den meir geografisk nøytrale forma *synns*. Han seier at han lett forandrar språket når han snakkar med folk utanfor Tydalen, så det kan vel tenkast at forma *synns* som han bruker i visse tilfelle, er noko som heng med frå det meir modifiserte talemålet han òg har.

### 5.2.3. Samla framstilling av språkleg praksis hos mine informantar

I den samla framstillinga nedafor ser ein den prosentvise modifiseringsgraden hos ti<sup>17</sup> av mine totalt 13 informantar. Dei som ikkje med her, er tre informantar som fungerte som bakgrunnsinformantar. To av dei vart intervjua saman, noko som gjorde dette intervjuet lite eigna for denne typen språkleg analyse. Den siste bakgrunnsinformanten var frå utanfor

<sup>17</sup> Sjå vedlegg 3 for individuelle variabelskjema for dei informantane som ikkje vart omtala i kap. 5.2.2.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

Tydalen og eg fann det difor ikkje relevant for denne oppgåva å studere vedkommande sin språklege praksis inngåande.

Variabel	Finn	Bård	K 20	Krist -ine	Gunn	Berit sørs.	Hans	M 60	M 60 sørs.	K 80	Gj. snitt
<b>DAT. SUBST</b>	75 %	70 %	88 %	100 %	63 %	85 %	65 %	6 %	3 %	7 %	57 %
<b>DAT.STAD</b>	86 %	20 %	100 %	56 %	38 %	100 %	40 %	0 %	12 %	0 %	45 %
<b>LÄGNING</b>	38 %	14 %	75 %	88 %	56 %	69 %	18 %	38 %	26 %	0 %	42 %
<b>÷APOK</b>	31 %	0 %	0 %	8 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	3 %
<b>UTJAMN</b>	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	11 %	0 %	0 %	0 %	0 %	1 %
<b>PALAT</b>	3 %	0 %	5 %	2 %	4 %	9 %	0 %	0 %	1 %	0 %	2 %
<b>RETRO -rđ.</b>	29 %	0 %	60 %	84 %	8 %	62 %	0 %	0 %	0 %	0 %	24 %
<b>PERS. PRON</b>	35 %	27 %	57 %	57 %	0 %	0 %	4 %	0 %	0 %	15 %	18 %
<b>MASK -ipp</b>	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	33 %	0 %	0 %	13 %	0 %	5 %
<b>J-BORT- FALL</b>	0 %	0 %	67 %	100 %	-	-	50 %	0 %	0 %	24 %	26 %
<b>NEKT</b>	4 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
<b>ADJ.SUFF -ug</b>	60 %	50 %	11 %	20 %	20 %	50 %	0 %	0 %	0 %	33 %	24 %
<b>Gj. snitt</b>	30 %	15 %	39 %	43 %	17 %	39 %	15 %	4 %	5 %	7 %	

Figur 7: Samla variabelskjema for ti av mine informantar

### 5.2.4. Samla vurdering av kvar einskild variabel

I det følgjande vil eg gjeva ei vurdering av dei språklege realiseringane eg har registrert for kvar einskild språklege variabel. I tilfelle der eg finn ein markant skilnad mellom språkbruken til eldre og yngre informantar har eg vald å framstille éin gjennomsnittleg modifiseringsprosent for dei fem ungdomsinformantane eg skildra i kapitel 5.2.2., og éin modifiseringsprosent for heile informantgruppa. Samanlikning med høvesvis Oppdal (Hårstad 2004) og Røros (Røyneland 2005) vil naturleg nok berre bli gjort i tilfelle der eg brukar same variabel som ein av desse undersøkingane.

#### 1. Dativformer av substantiv

At dativ er eit språkdrag som er på veg ut av norske talemål, er eit velkjend fenomen. Likevel ser ein at dette trekket framleis finst i talemålet til unge tydalingar, men at bruken er lite konsekvent. Samstundes er det òg interessant at talet på *posisjonar* som etter tradisjonelt tydalsmål skulle hatt dativ, heller ikkje er særleg stort blant dei unge. Det ser altså ut til at

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

ungdommen meir eller mindre medvite unngår syntaktiske konstruksjonar som aktualiserer dativbruk. Dermed blir ikkje dativbortfallet så merkbart som ein kanskje skulle vente seg. Helge Sandøy (2011) opplyser at dativmarkerte ord i norrønt utgjorde heile 10 %, medan dativposisjonar i ein moderne norsk tekst berre utgjer 1 %. Noko liknande må ein til ein viss grad kunne seie gjeld skilnaden mellom eldre og nyare tydalsmål. Den totale summen av aktuelle dativposisjonar er altså generelt større hos eldre enn hos yngre tydalingar. Til saman har til dømes informanten K 80, som altså er ei kvinne på ca. 80 år, heile 42 potensielle dativposisjonar, medan informanten K 20 (ca. 20 år) har 12. Kva syntaktiske endringar som har skjedd her er eit såpass komplekst område at eg ikkje finn rom for å behandle dette i denne oppgåva. Sjå heller Sandøy (2011, 2000) for utfyllande opplysningar.

Den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten når det gjeld dativ generelt blant dei fem hovudinformantane me no har sett på er på totalt 70 %, men dersom ein ikkje reknar med stadnamna ligg den samla modifiseringsprosenten på 80 %. Om ein tar med alle informantane er modifiseringsprosenten av dativformer, både av stadnamn og substantiv, på 51 %. Dativ førekjem berre etter preposisjon hos dei fem hovudinformantane, i all hovudsak etter *på*, *ti* (*i*) og *åt*, og det ser ut til at dativ er meir frekvent i eintalsformer enn i fleirtalsformer. Bortfallet av dativformer er utvilsamt ein del av ein nasjonal nivelleringstendens ein ser i så godt som alle dei tradisjonelle norske dativdialektane. Likevel kan det vera ting som tyder på at dette språkdraget er meir seigliva blant unge i Tydalen, enn blant ungdom i Oppdal og Røros, der Hårstad (2004) og Røyneland (2005) opplyser at dativ no er heilt borte.

### 2. Dativformer av stadnamn

Mine registreringar viser at dativ held seg betre i stadnamn enn elles, ved at den samla modifiseringsprosenten hos dei fem hovudinformantane her ligg på 60 %. Om ein reknar med alle informantane ligg modifiseringsprosenten på 45 %. Grunnen til at det er meir dativbruk i stadnamna enn elles, særleg blant dei unge, kan ha samanheng med at gardsnamn som blir brukt som etternamn får dativ. Ein person som til dømes heiter Jon og kjem frå garden Brekka får såleis namnet *Jo(n) Brækkan*<sup>18</sup> på folkemunne, sjølv om det ”offisielle” etternamnet til vedkommande kan vera noko heilt anna. Dermed blir dativformer av denne typen nokså frekvente i omtalen av personar i lokalmiljøet og ein kan dermed forvente seg at det er høgare medvit kring denne typen dativ, enn elles.

---

<sup>18</sup> Svake hokjønnord får endinga -*ān* i dativ eintal, jf. kap. 2.3.7.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

### 3. Lågning i > e og y > ø

Om ein ser bort frå dativ, så er variabelen *lågning* den av variablane der ein finn mest modifisering. Hos dei fem unge hovudinformantane ser ein at 53 % av formene som tradisjonelt sett har hatt lågning, blir modifisert, altså uttale med ein høgare vokal. Det ser altså ut til at lågningsformene er meir utsette for endring enn dei andre variablane, om ein ser bort frå dativ. Lågning er ei vokalutvikling som har røter heilt attende i norrøn tid og me finn mest lågning i trønderske og nordnorske målføre (Papazian og Helleland 2005:49). Innafor Trøndelag er det likevel store skilnader på gjennomføringa av den typen lågning eg ser på her, nemleg *i* > *e* og *y* > *ø*.

I Tydalen har det tradisjonelt vori stor variasjon i gjennomføringa av dette språkdraget. På den eine sida har me former som *jekk*, *fekk*, *verke*, *krøbbe* og *trøkke*, medan det på den andre sida heiter *fisk*, *piss*, *bygge*, *fysst* og *tysst* (tørst). Dette kan til og med variere innafor same ord, etter kva bøyingsform ordet har. Adjektiva [stygg] og [trygg] blir til dømes uttala *stygg* og *trygg* i hankjønn og hokjønn, men *støkkt* og *trøkkt* i inkjekjønn. Difor kan ein hevde at denne blandinga av former *med* og *utan* lågning i seg sjølv er ein viktig grunn til at mange av dei unge modifiserer. Til dømes har ungdom i Oppdal langt færre modifiserte lågningsformer av denne typen enn mine ungdomsinformantar (jf. Hårstad 2004:136), noko ein truleg langt på veg kan forklare med at det tradisjonelle oppdalsmålet har meir konsekvent gjennomføring på dette området enn tydalsmålet. Saliens ser i alle fall ikkje ut til å vera relevant her, sia ingen av informantane nemner dette språkdraget. Sjølve retninga på denne endringa er derimot eintydig: Det er alltid formar *med* lågning som blir endra. At former som tradisjonelt ikkje har lågning blir uttala med [e] eller [ø] har eg ikkje registrert.

### 4. e-ending i historiske overvektsord

Bevaringa av trykklett endestaving i historiske overvektsord ser ut til å vera eit stabilt trekk i Tydalen. Berre informanten Finn har eit visst innslag av apokope i slike ord. Hos resten av informantane er dette språkdraget så godt som invariabelt. Den samla modifisingsprosenten er på 3 %. Det er usikkert kor høgt medvitet kring dette språkdraget er, sia ingen av informantane nemner det eksplisitt. Dette er likevel eit nokså avstikkande drag innafor det trønderske språklandskapet. Bevaringa av *e*-endinga i overvektsorda blir elles diskutert i kapitel 6.3.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

### 5. Full utjamning i jamvektsord

Jamningsformene ser ut til å vera eitt av dei mest stabile av dei språkdraga eg har undersøkt. Modifiseringsprosenten ligg her på 1 %. Ein finn likevel somme kortformer av nokre jamvektsinfinitivar, i all hovudsak *vårr/vår/vørr/vør* av *vårrå/vørrå*, og *jør* av *jørrå*. Denne praksisen er nemnd allereie av Amund B. Larsen (1882:39) i lag med andre meir gjennomførte kortformer av opphavlege jamvektsord som *tå* (norr. *taka*) *hå* (norr. *hafa*) og *jå* (norr. *gefa*). Slike former ser altså ut til å ha eksistert i tydalsmålet lenge, slik at det her ikkje er snakk om ei nyare endring. Ingen av informantane nemner jamningsformer som eit typisk trekk ved tydalsmålet.

### 6. Palatal av lang *l, d, t, n* og *lt, ld, ls, nd, nt, rn, ns*

Palatalisering av lang *l, d, t, n* og konsonantsambanda *lt, ld, ls, nd, nt, rn, og ns* er òg eit stabilt drag i Tydalen. Om eg skulle peike på noko her måtte det bli at lang *t* kan ha ein tendens til å opptre utan palatal i somme tilfelle, særleg blant dei yngre. Dette språkdraget har såpass stor geografisk distribusjon at det truleg ikkje er særleg salient. Somme kan såleis seie *rætt* å *flætt* i staden for *ræcc* å *flæcc*. Dette utgjer likevel ein marginal del av det totale biletet der ein ser at modifiseringsprosenten hos hovudinformantane er på 4 % og for heile informantgruppa 2 %. Røyneland (2005:312) opplyser om ein viss tendens til avpalatalisering på Røros, særleg av lang *n* og *l*. Utviklinga på Bergstaden ser ut til å føre til ein slags kompromissvariant der uttalen ligg nærare ein retrofleks enn ei palatal. Denne lydutviklinga ser altså ikkje ut til å ha nådd Tydalen.

### 7. Retrofleks flapp av opph. *rð*.

Mæhlum (2007:51) peika på at det innafor fleire trønderske dialektar er eit visst tilløp til at mange av dei yngre legg bort retrofleks flapp (*r*) i ord med opphavleg *rð* til fordel for *r*. Dette blir gjort i 37 % av tilfella hos mine fem hovudinformantane og i 24 % av tilfelle dersom ein ser alle informantane under eitt. Dette er altså ein endringstendens som òg ser ut til å gjelde tydalsmålet og i særleg grad unge språkbrukarar. Denne språkendringa trur eg nærmast umerka ”snik seg inn bakvegen” ved at det er veldig lite medvit knytt til dette. Ingen av informantane har merka seg denne endringstendensen. Det som er verdt å merke seg her er at denne endringstendensen ser ut til å vera leksikalsk fundert, eller kanskje rettare sagt fonologisk, ved at rotvokalen ser ut til å spela ei viktig rolle her. Eg har nemleg berre registrert denne endringa i ord med [o] som rotvokal, i hovudsak i *ord, bord* og *nord*,

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

*gjord(e)*. Derimot finn eg ikkje døme på denne typen endring i til dømes *hard*, *gard*, *gjarde* [jorde].

### 8. Personleg pronomen *mi*

Den tradisjonelle forma av 1.person fleirtal, subjektsform i Tydalen er altså *mi*. Det som er mest særmerkt med denne variabelen er at det er veldig stor intraindividuell variasjon blant somme av dei yngre informantane. Dei kan faktisk bruke både *mi* og *vi* i ei og same setninga. Informantane Kristine og K 20 er dei som brukar *vi* i størst grad ved at dei vekslar mellom *mi* og *vi* i omrent halvparten av tilfella. Det er likevel ingen av informantane som heilt og fullt har lagt bort den tradisjonelle forma. Den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten her ligg på 22 % for dei fem hovudinformantane, medan heile informantgruppa ligg på 18 %. Dei personlege pronomena har truleg høg grad av saliens, og mange av informantane peikar på *e*, *me* og *de* som typiske tydalsord, i motsetting til dei meir ”ålmenentrønderske” *æ*, *mæ* og *dæ*. Difor er det rimeleg å tru at den nokså geografisk avgrensa forma *mi* òg blir oppfatta som salient på liknande måte.

### 9. -*ijyn*-ending i hankjønnsord i bunden form, eintal

Ei palatal -*ijyn*-ending i trykklett stilling finn ein altså i hankjønnsord i bunden form, Dette trekket opptrer både i sterke og svake hankjønnsord, som til dømes *dagijyn*, *knivijyn*, *støbbijyn* og *bakkijyn*. I Sør-Trøndelag er dette trekket avgrensa til Tydalen, Selbu, Oppdal og Rennebu. Mine funn viser at dette er eit stabilt trekk i tydalsmålet, med ein gjennomsnittleg modifiseringsprosent på 5 %. Blant dei fem hovudinformantane ligg snittet på 7 %. Hårstad (2004:136) opplyser at dette trekket har ein gjennomsnittleg modifiseringsprosent på 25 % i Oppdal. Dette er eit trekk mange av informantane nemner som typisk for tydalsmålet.

### 10. J-bortfall

At *j*-bortfall berre finst i eit fåtal ord i tydalsmålet skulle tale for at dette trekket ikkje er særleg godt eigna som språkleg variabel. Me finn med andre ord relativt få potensielle døme på *j*-bortfall i mine intervju, i all hovudsak i orda *fel* [fjell] og *føs* [fjøs]. Eg meiner likevel at dette språkdraget er såpass signifikant for tydalsmålet at det bør vera med, men ein bør ikkje legge for mykje i resultata for denne variabelen.

Ein finn ein relativt stor grad av modifisering på dette området. Det totale gjennomsnittet ligg på 26 %. Likevel er ikkje dette ein ny tendens. Dei tre målføra som

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

historisk sett har hatt dette bortfallet er Selbu, Tydalen og Holtålen. Her tar eg altså ikkje med den typen *j*-bortfall ein finn i stjørdalsområdet og Meråker (sjå Dalen et al. 2008:52 for meir). I Holtålen er former med *j*-bortfall no så godt som borte, medan tydalsmålet framleis har *j*-bortfall i nokre ord (jf. kap. 2.3.8). Selbumålet har flest slike former, slik at svekkinga av dette språkdraget har kommi lengst i Holtålen og kortast i Selbu. Tydalsmålet innehavar her altså ein mellomposisjon. Det ser ut til at denne endringsprosessen, sakte men sikkert, går mot ei utradering av dei få formene med *j*-bortfall som no er att i tydalsmålet, sjølv om dei mest frekvente formene *fel*, *føs*, *bøn* og *bøle* framleis held brukbart stand.

### 11. Nektingsadverb i trykksvak stilling

Nektingsadverbet *icc* i trykksvak stilling ser ut til å halde seg stabilt. Den samla modifiseringsprosenten ligg på under 1 % både for hovudinformantane og for heile informantgruppa. Hårstad (2004:136) opplyser at ungdom i Oppdal har ein modifiseringsprosent på 11 %, medan Røyneland har registrert 20 % modifisert former av nektingsadverbet i trykksvak stilling hos ungdom på Røros (2005:322). I *trykksterk* stilling derimot, er *ikke* på god veg til å erstatte den eldre forma *icce* i Tydalen, særleg blant dei unge. Dette er òg tilfellet på Røros. I mange tilfelle vil det rett nok vera vanskeleg og skilja mellom kva som er trykklett og trykksterk stilling, men det trønderske *icc* ser uansett ut til å halde stand blant tydalsungdom i dei aller fleste tilfella. Blant eldre kan ein framleis høre ein enda eldre variant i visse tilfelle, nemleg *iync* (trykksvak) og *iynce* (trykksterk).

### 12. Adjektivsuffikset *-ug*

Tradisjonelt sett har tydalsmålet haldi på det norrøne adjektivsuffifikset *-ug*. Det heiter dermed til dømes *hæðug*, *fædug*, *attug* og *snedug*. Dette er eit nokså avstikkande språkdrag som ein i tillegg til Tydalen finn i Holtålen og Røros. Selbu har suffikset *-åg*. Likevel ser det ikkje ut til å vera stort medvit om dette. Hos mine informantar er det stor intraindividuell variasjon på dette området. Dei fem hovudinformantane har ein modifiseringsprosent på 40 %, medan den totale graden av modifisering ligg på 24 %. Her er det særleg eitt ord som utmerker seg. Den lokale uttalen *attug* blir nemleg svært sjeldan modifisert, i motsetting til dei andre orda av denne typen. Likevel registerer eg at dette språkdraget truleg er på veg ut av tydalsmålet, men at forma *attug* kan bli ståande att som eit relikt i tydalsmålet slik [vettug] no gjer i skriftspråket.

## 5. EIT LITE UTSNITT – INDIVIDET I SPRÅKSAMFUNNET

### 5.2.5. Kvantitativ samanlikning med Oppdal og Røros

I kapitel 5.2.2. såg eg nærare på språklege praksisformer hos eit utval tydalingar. Den prosentvise differansen mellom den informanten som hadde høgast grad av modifisering og den som hadde lågast var på 38 %. Dette er ikkje så forskjellig frå Røros og Oppdal, men sia dei språklege variablane som ligg til grunn er forskjellige vil ei slik samanlikning seie oss lite eller ingenting om moglege skilnader og likskapar i dei tre språksamfunna. I staden vil det vera meir fruktbart å sjå berre på dei variablane som er like. Ei slik samanlikning er heller ikkje uproblematisk sia det er skilnader i til dømes informantkriterium, intervjustituasjon osb. Det faktum at eg som tydaling intervjuar sambygdingar, medan Røyneland og Hårstad forskar i eit meir ”ukjend” lokalmiljø, kan òg ha innverknad. Likevel meiner eg dei tre studia har ein viss samanliknande verdi, men då må eg sjølvsagt utelata dei eldre informantane i mi undersøking. I tabellen nedafor ser ein ei samanstilling av resultata av dei variablane som blir undersøkt både i denne undersøkinga og i anten Hårstad (2004) eller Røyneland (2005):

Variabel	Oppdal	Røros	Tydalen
NEKT	11 %	21 %	< 1 %
PALAT	-	55 % (lang l og n)	4 %
÷APOK	-	1 %	8 %
MASK.- <i>iyy</i>	25 %	-	7 %
LÄGNING	29 % ( <i>i &gt; e</i> )	-	53 %
UTJAMN	17 %	50 % <sup>19</sup>	2 %

Eit heilt essensielt poeng til slutt her er at dei variablane eg har undersøkt ovafor på ingen måte fangar opp *alt* i tydalsmålet. Dei er plukka ut for å vise dei hovudsaklege endringstendensane og i tillegg vise korleis eit lite utval språkdrag ser ut til å halde seg *stabile* i tydalsmålet. Dei fleste av språkdraga som ikkje er nemnd i variabelanalysen er dermed å sjå på som invariable, eller rettare sagt stabile. Dette kan til dømes dreie seg om stor delar av morfologien, pronomenbruken og sjølve lydinviantaret.

<sup>19</sup> Røyneland tolkar her kortformer som *vær* og *gjør* som modifiserte former av dei høgfrekvente jamningsformene *værra* og *gjærra*. Dette finn eg ikkje grunnlag for å gjera blant mine informantar sia kortformene *vår* og *jør* har vori vanlege i tydalsmålet i over 100 år (jf. det eg skreiv om jamning ovafor). For meir lågfrekvente jamningsformer har Røyneland ein gjennomsnittleg modifiseringsprosent på 63 %. Eg har ikkje rekna ut dette for dei lågfrekvente formene blant mine informantar, men det er klart at desse står relativt sterkt i Tydalen og vil følgjeleg ha ein langt lågare modifiseringsprosent enn den Røyneland finn på Røros.

# 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

## 6.1. Språksamfunnet Tydalen

Et stabilt samfunn opprettholder gjerne tette nettverk og bygdeidentitet, noe som har vist seg å kunne virke konserverende på språket (Ulset 2002:213).

Eit av hovudmåla med denne oppgåva er å sjå på den overordna språksituasjonen innafor språksamfunnet Tydalen. I denne delen vil eg på bakgrunn av dei funna og registreringane eg har gjort blant mine informantar, forsøke å sjå språksamfunnet i eit meir heilskapleg perspektiv. For det fyrste vil dette dreie seg om å karakterisere og skildre heile språksamfunnet, med andre ord: Kva slags språksamfunn er Tydalen og kvifor er det slik? For det andre vil det vera naturleg å sjå på den delen av tydalssamfunnet på den eine sida og den etniske minoritetsdimensjonen på den andre sida. I tillegg til informantintervjua vil det vera nødvendig å trekke inn meir usystematiske observasjonar eg har gjort opp gjennom tida for å få eit meir utfyllande bilet.

### 6.1.1. Språkleg stabilitet

*Språkleg stabilitet* har, som nemnd tidlegare, vori eit langt mindre framtredande problemfelt innafor sosiolingvistikken enn motpolen, *språkleg endring*. Sistnemnde innbyr på mange måtar til analyse og drøfting i større grad enn språkleg stabilitet, der nettopp mangelen på endring kan gjeva inntrykk av at dette er noko det ikkje er vits i å forske på. Språkendring føresett at *noko har skjedd*. Dermed blir oppgåva å kartleggje kva dette *noko* er, og vidare gjera eit forsøk på å forklare kvifor det skjedde. Dersom språkleg endring derimot *ikkje* skjer, føresett det følgjeleg *at "noko" ikkje har skjedd*. Dermed er det inga språkendring å kartleggje, og det fundamentale spørsmålet blir då kvifor det *ikkje* skjedde. I tillegg er det viktig å nemne at når det gjeld dialektar, så er tendensen over heile Europa den same: Dialektane blir meir like ved at språklege særdrag blir erstatta av meir regionale og nasjonale former (sjå t.d. Kerswill, Auer og Hinskens 2005). Dermed er det på mange måtar naturleg at endringsmekanismane har stått i fokus, snarare enn stabiliseringsmekanismane. Likevel er det

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

stor skilnad på kor gjennomgripande omfanget av desse endringane er frå stad til stad, noko Johan Taeldeman (2010:358) slår fast:

Time and time again, the same observations can be made: (1) one dialect is more resistant to both kinds of leveling processes than another; (2) one dialect feature is more resistant to change by leveling than another; (3) stability of a dialect (feature) is increasingly becoming a marked phenomenon.

Vidare framhevar han tre viktige faktorar som avgjer graden av stabilitet i ein dialekt:

### 1. *Funksjonalitet.*

Det er ein tydeleg tendens at dialektar med høg grad funksjonell styrke har høg grad av stabilitet. Med funksjonell styrke siktar Taeldeman til at dialekten har eit vidt bruksområde og at den fungerer som morsmål i barns språklearingsprosess. I tilfelle der samfunnsdomene er okkupert av andre varietatar, vil dette redusere den funksjonelle styrken til ein dialekt. Tydalsmålet står sterkt både som heime- og opplæringsspråk. Rett nok har lærarstanden i Tydalen vori dominert av folk med bakgrunn frå utanfor Tydalen, men i dei siste åra har ein sett at mange tydalsungdommar tar lærarutdanning, for så å få seg jobb i heimbygda. Tydalsmålet står altså sterkt innafør ein lokal kontekst, både innafør kommunegrensa, og i møtet med dei tilgrensande nabomåla. Dette ser ut til å gjelde alle bruksområde. Dersom konteksten derimot er meir regional eller nasjonal, som til dømes jobbsamanheng og formelle situasjonar, meiner eg på bakgrunn av meir eller mindre usystematiske observasjonar å sjå ein påfallande stor grad av akkommadasjon mot trondheimsål. Denne modifiserte eller nivellerte varianten av tydalsmål er altså korkje trondheimsål eller utprega tydalsmål, men plasserer seg, språkleg sett, ein stad mellom desse varietetane. Tydalsmålet ser altså ut til å ha sterkt funksjonalitet på heimebane, men relativt låg grad av funksjonalitet på bortebane, der mange ofte legg om til ein meir nivellert versjon av den tradisjonelle dialekten. For å sjå litt nærare på korleis denne modifiserte/nivellerte varianten av tydalsmålet artar seg, har eg nedafor transkribert delar av eit intervju med ein tydaling som vart sendt i NRK fjernsyn for ei stund sia.

*/de såmm kan se e att de faktisk e ganske maye såmm vær å ikke søke fådi att de næccopp e et kriterie att du ska stå på ei sene å promotere de før såmm pesson å slik e yi'cc aāče sammen laga. De kan ha me förtillitt, de kan ha me çønn, de kan faktisk å ha me utseende, så ja, de kan faktisk bri slik att dømm fe ikke di bæste färka, men att dømm fe färk som fræksæmpel (for eksempel) ikke har fagkompetanse./*

Eg har rett nok ingen opptak som viser denne personen sin språkpraksis i ein meir lokal kontekst, men eigne erfaringar tilseier at vedkommande snakkar eit nokså konservativt

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

tydalsmål på heimebane. I utdraget finn ein fleire døme på at intervjuobjektet konvergerer til eit meir standardisert talemål. Dei konvergente formene har eg streka under. I utdraget finn me følgjande konkrete døme på konvergens:

<i>ætt</i> > <i>att</i>	<i>mi</i> > <i>vi</i>
<i>hå</i> > <i>ha</i> (infinitiv)	<i>läggå</i> > <i>laga</i>
<i>icc(e)</i> > <i>ikke</i>	<i>samen</i> (eldre <i>såmmåyn</i> ) > <i>sammen</i>
<i>fedī</i> > <i>fādī</i> [fordi]	<i>utſāna</i> > <i>utseende</i>
<i>sta</i> > <i>stā</i>	<i>fōlk</i> > <i>fālk</i> [folk]
<i>i</i> > <i>et</i> og <i>ei</i> ( <i>i sene</i> > <i>ei sene</i> )	<i>ha</i> > <i>har</i> (presensforma av å <i>hå</i> [å ha])

Elles er det interessant å sjå at setningsbygnaden er trøndersk, medan mykje av ordtilfanget er meir standard austnorsk. Difor får me litt atypiske syntaktiske konstruksjonar som */de kan faktisk bṛi flik at dəmm fe ikke di bæste fālka/* der det standardiserte nektingsadverbet *ikke* går rett inn og ”overtar” plassen til *icc*, der ein i standard austnorsk ville hatt *ikke* på plassen *før* verbet *fe/får*, og ikkje etter, slik som er vanleg i trøndersk. Ein slik språkleg praksis der ein meir eller mindre vekslar mellom eit tilnærma arkaisk tydalsmål og ein modifisert variant er noko fleire av informantane mine òg er inne på. Ein av dei eldre sa:

*/di åra e bodde på söljanne (Sørlandet) la e nå om fōr, å snakke sölænnij. men nerr e komm att åt tydaṛe så snakke e tydařing. ferr mi snakkə nå tydařing heme ni der å, gjor mi, fōr om e la om nerr e komm ut bṛant vænne. Så de vat såmm to språk... to dielækte./*

Denne typen kodeveksling er ikkje uvanleg i det norske språksamfunnet, men det som er viktig her er at todelinga mellom tradisjonelt og nivellert tydalsmål ser ut til å halde seg stabil. Termen *todeling* er rett nok litt misvisande sia det ikkje er snakk om to fullstendig åtskilde og rigide varietetar. Då er det meir rett å seie at tradisjonelt tydalsmål og nivellert tydalsmål utgjer dei to ytterpunktene for kva språklege strategiar som er tilgjengelege for tydalingane. Mykje tyder altså på at den tradisjonelle varianten ikkje tapar terreng til fordel for ein meir modifisert variant. I visse tilfelle kan ein òg snakke om domeneerobring, dvs. at tydalsmålet blir tatt i bruk på nye område, til dømes som SMS-språk og i sosiale medium.

Dette kan tyde at det kan vera rett å sjå på forholdet mellom tradisjonelt og modifisert/nivellert tydalsmål som ei *mild* form for *diglossi*, der det går eit skilje mellom bruksområde der det er sosial aksept for bruk av tradisjonell dialekt, og bruksområde som ofte blir oppfatta som ein lite eigna arena for utprega dialektbruk. Dermed meiner eg at språkforholda i Tydalen i større grad ber prega av diglossi, snarare enn *diaglossi*, der resultat blir ein syntese eller ei samansmelting av to variantane. (jf. Kerswill, Auer og Hinskens 2005:26).

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Eg valde å teste ut denne typen kodeveksling med ein av mine informantar. Informanten K 20 hadde i intervjuet med meg ein gjennomsnittleg modifiseringsprosent på 39 % (sjå vedlegg 3). Deretter let eg ein person med anna talemål<sup>20</sup> intervju K 20. På den måten håpa eg å få svar på kor stor skilnaden på ”vanleg” og modifisert tydalsmål var hos denne informanten. Informanten visste ikkje at det siste intervjuet ville bli brukt i mi undersøking, men ho vart sjølvsagt førespurd om dette i etterkant. Det viste seg at den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten med ein intervjuar som snakka tilnærma trondheimsmål, var på 50 % (sjå vedlegg 3). At det er ein skilnad i graden av modifisering mellom dei to intervjuia, er på ingen måte uventa. Likevel vil eg ikkje seie at skilnaden er påfallande stor. Her bør det nemnast at sjølv om intervjuaren i dette tilfelle snakkar eit tilnærma trondheimsmål, kjem vedkommande frå Selbu. Det kan med andre ord hende at denne intervjuaren ikkje blir oppfatta som så ”framand”. Dette var òg informanten sjølv inne på. I etterkant sa ho at ho truleg hadde modifisert meir dersom det var ein person med sør-austnorsk dialekt som hadde intervjuha.

Likevel ser ein at to av variablane utmerkar seg når ein samanliknar dei to intervjuia. For det fyrste gjeld dette variabelen ”personleg pronomen *mi*”. I intervjuet med meg vart dette trekket modifisert i 57 % av tilfella, då som forma *vi*. Med den andre intervjuaren var den modifiserte forma *vi* derimot einerådande. For det andre ser ein eit relativt stor sprik mellom dei to intervjuia når det gjeld variabelen ”adjektivsuffikset *-ug*”. Her viste mitt intervju ikkje modifikasjon i det heile tatt, medan intervjuet med annan intervjuar viste modifikasjon i 62 % av tilfella. Dette talet er noko usikkert sia denne variabel berre hadde ein frekvens på fire i mitt intervju, mot 13 i det andre. Ein variabel som viser motsett tendens er [RETROF. *-rð*]. Her har K 20 ein modifiseringsprosent på 60 % med meg som intervjuar og 25 % med annan intervjuar. Dette viser at biletet på ingen måte er eintydig, sjølv om tendeser er nokså klar.

Ein ser altså ein klar tendens til fleire modifiserte former i intervjuet med ein annan intervjuar, men førekomensten av slike former er på langt nær like gjennomgripande som i det tidlegare nemnde NRK-intervjuet. Her må ein for det fyrste ta høgd for at ulike personar modifiserer i svært varierande grad. Det at ein person endrar talemålet sitt i ein bestemd situasjon, betyr ikkje at alle andre gjer akkurat det same i same situasjon. For det andre er det mykje som tyder på at ”modifiseringspresset” er langt sterkare i eit NRK-intervju enn i eit intervju med ein selbygg som snakkar trondheimsmål. Det å skulle opptre og ordleggje seg korrekt og forståeleg er nok eit press som kjennes mykje sterkare på riksdekkande fjernsyn.

---

<sup>20</sup> Den ”nye” intervjuaren har eit talemål som ligg nærmere trondheimsmålet. K 20 kjenner denne personen frå før, men ikkje inngående.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Desse to tilfella blir altså ståande som døme på at det *ikkje* er rett å seie at det finst to faste storleikar som kan kallast tradisjonelt og modifisert tydalsmål, men at desse to varietetane meir er å sjå på som ytterpunkt. Mellom desse to ytterpunkta finn ein fleire mellomvariantar som den språklege praksisforma til K 20 i møte med ein annan intervjuar er eit godt døme på. Ein slik glidande overgang mellom ulike språklege koder blir av John Gibbons kalla *code swaying* (1987:103). Denne termen ser til å passe godt til den typen kodeveksling eg skildrer ovafor.

### 2. Symbolsk verdi.

At ein dialekt har symbolsk verdi, har i høg grad med språket sin *indeksikalitet* å gjera. Gjennom ei slik indeksering blir språkvarietetar og språkformer tolka og relaterte til ein sosiokulturell kontekst og såleis lada med ein symbolsk verdi (Swann et al. 2004:143). Taeldeman hevdar her at dialektar som har ein symbolsk verdi som markerer ei lokal eller regional tilhørsle, har stor grad av stabilitet. Her ser det ut til at Taeldeman siktat til språkforholda i Nederland og Belgia, sia så godt som alle dialektar i Noreg markerer ei eller anna form for geografisk tilhørsle, anten regionalt eller nasjonalt. Dermed skulle ein vente at alle norske målføre held seg nokolunde stabile, noko som vil vera ei høgst problematisk slutning. I Noreg har me jo mange døme på at det motsette førekjem, nemleg at den symbolske verdien til ein dialekt kan vera så negativt ladd at det *ikkje* er sosialt lønnsamt å bruke han. Dermed er det *ikkje* rett slik Taeldeman hevdar, at dialektar som markerer regional eller lokal tilhørsle er meir stabile enn andre. Likevel er det mykje som tyder på at symbolsk verdi spelar ei rolle for stabiliteten til ein dialekt, og at geografisk tilhørsle er ein viktig del av denne verdien. På den måten kan den symbolske verdien av ein språkvarietet både føre til stabilitet og labilitet, avhengig av om den symbolske verdien blir sett på som positiv eller negativ. Me finn døme på både desse mekanismane i Tydalen. På den eine sida vil bruk av tydalsmål bera med seg ein symbolsk verdi som markerer tilhørsle til heimplassen, noko som innafor ein lokal kontekst blir sett på som positivt. Korleis den sosiale statusen til ein dialekt konnoterer med oppfatningane om staden der denne dialekten hører heime vart drøfta i kapitel 5.1.1. Eg har registrert at det ofte blir peika på at ein i Tydalen *ikkje* finn ein like sterk grendepatriotisme som til dømes i Selbu. Dermed blir tydalingane ofte betrakta som ei samla gruppe, utan dei store motsetningane. Tydalsmålet blir såleis ein tydeleg markør av ein felles tydalsidentitet. Å vera tydaling er noko alle mine informantar ser på som udelt positivt. Dei uttrykkjer stoltheit over å kalla seg tydaling og ser på dialekten som ein viktig del av dette. Eg meiner difor at det er mykje som tyder på at det i Tydalen finst ein *gruppeidentitet*, det vil

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

seie ei felles forståing av kven ”me” er og at det er ein markert skilnad mellom forståinga av ”me” og ”dei andre”. Dette drøftar eg nærare i kapittel 6.2.3.

På den andre sida viser utdraget frå NRK ovafor at modifisering av talemålet i meir formelle eller ikkje-lokale situasjonar førekjem. I slike situasjonar verkar det tydelegvis feil for mange å bruke dei mest avstikkande tydalsformene, og dei legg seg difor på ein meir umarkert, ”standardtrøndersk” språkpraksis. Denne problematikken heng nøye saman med den siste faktoren (sjå nedanfor, punkt 3).

I tillegg vil eg nemne *språkleg konformisme* som ein tilleggsfaktor her. Det at det er liten sosial aksept for språkleg konvergens, vil etter alt å dømme fungere konserverande på ein gjeve språksituasjon. Truleg er ein slik språkleg konformisme relativt utbreidd i Tydalen. I eit samfunn der alle kjenner alle blir det fort lagt merke til dersom nokon har ein språkleg praksis som i stor grad avvik frå resten. Dette fører til ei nærmast puristisk halding hos mange, særleg eldre, der førstillinga om eit ekte og opphavleg tydalsmål er gjennomgripande. Mange av dei yngre informantane har ofte opplevd å bli korrigert fordi dei snakkar feil tydaling, noko informanten Kristine her er inne på: */Sør så tyççe e nå vtt e snakke rætt tyarjij å fikkeli tyarjij. men viss du spøjn morfar så jær e visst icc de da/*.

Samstundes uttrykker dei eldre informantane bekymring for framtida til tydalsmålet. Dei er redd ungdommen vil legge om til eit meir trondheimsnært talemål, og at tydalsmålet etter kvart går ut av bruk. */e ser på språke såmm dæñŋ vektugest kulturærvij mi ha, å vtt de bṛi ti vare på å brukt/* slo ein av dei eldre informantane fast. Ofte kan ein høre fråsegn som tenderer mot katastrofetenking, slik dette sitatet frå ein av bakgrunnsinformantane viser: */du høre ijcnå oyjdomm såmm si "huggue" nå læjer. De bṛi "hode"/*. Ein slik forfallstanke blir ofte ei sterkt overdriving av den faktiske språksituasjonen. Eg har nemleg ikkje registrert modifiserte former av ordet *huggu* blant mine informantar. Det ser likevel ut til å vera ein generell aksept for at ein endrar språket sitt i meir formelle situasjonar, slik me såg ovafor i utdraget frå eit NRK-intervju. Fleire ser ut til å vera innforstått med at ein må endre språket sitt i slike situasjonar for å bli forstått. Oppfatninga om at tradisjonelt tydalsmål er vanskeleg å forstå for andre ser altså ut til å vera relativt utbreidd. Det modifiserte tydalsmålet er difor godtatt, men berre i situasjonar der det er forventa at ein brukar det.

### 3. Sosialt, økonomisk og kulturelt grunnlag.

Som ein tredje og siste faktor hevdar Taeldeman at dialektar som hører heime i eit område med gode sosiale, økonomiske og kulturelle føresetnadar, vil ha høg grad av stabilitet. Dette fordi dei er meir motstandsdyktige mot språkendringar utanfrå. *Status* vil vera heilt sentralt

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

her, sia høg språkleg status ofte heng saman med gode sosiale, økonomiske og kulturelle forhold samanlikna med resten av omverda (op.cit:360-362). Dermed blir den symbolske verdien (jf. drøftinga ovafor) til ein dialekt indeksert, eller persipert som høg eller låg, avhengig av mellom anna sosialt, økonomisk og kulturelt grunnlag. Som ein ser, er ein nøydd til å sjå desse tre faktorane i samanheng for at dei skal gjeva god meinings.

Å forklare språkleg stabilitet i Tydalen ved hjelp av sosial og kulturell status er likevel ikkje uproblematisk. Omgrepet Tydalen blir rett nok assosiert med tradisjonelle og rurale verdiar som skulle tilseie at bygda har eit solid sosiokulturelt grunnlag, som til dømes store utmarksområde, fjellbygd, landbruk, reindrift, gammaldans. Likevel er det klart at mange av desse eigenskapane er enda meir framtredande i andre sørtrønderske lokalmiljø som til dømes Oppdal, Selbu og Røros. Som sagt tidlegare (jf. kap. 2.1.3) har tydalskulturen ofte hamna i skuggen av Røros og Selbu, noko som langt på veg har ført til lite fokus og lita tru på eigen kultur blant tydalingane. Ein av informantane har jobba mykje med kulturhistorie og seier beint ut at det har vori tungt og vanskeleg å få oppslutning om den type arbeid både blant bygdefolk og frå kommunalt hald: */de e dæjjn da husmajjnsåjjne (husmannsånda) dø vettu: "pøh de her e dø'cc nå de. de e dø my liker de di narejjn (andre) ha"/*. Då arbeidet med ei ny bygdebok tok til på 1980-talet var det stor skepsis blant folk, og dei som jobba med prosjektet fekk ofte kommentarar av typen */æjjn å bruke skattpænniøjjn våre på å fårrå so i garjem å spør dø!/.* På bakgrunn av dette er det difor viktig å framheve at høg sosiokulturell status ikkje er *heile* forklaringa på den relative språklege stabiliteten, då det truleg er slik at tydalskulturen tradisjonelt har plassert seg lenger ned i eit kulturelt statushierarki enn både Selbu, Oppdal og Røros. Likevel ser det ut til at Tydalen er på veg ut av "den kulturelle bakevja", ikkje minst på grunn av arrangement som det tidlegare nemnde "Karolinerspelet" som no har markert seg som noko unikt på den trønderske, for ikkje å seie den *nasjonale* kulturarenaen (sjå kap. 2.1.2.).

Økonomisk status kan likevel vera ein faktor som veg opp for den, relativt sett, låge sosiokulturelle statusen. Dette gjeld særleg dersom ein samanliknar Tydalen med Røros og Selbu. Det er ikkje til å leggje skjul på at Tydal kommune har hatt gode økonomiske vilkår etter at kraftutbygginga tok til på 1960-talet. Sjølve gullalderen ser no ut til å vera forbi, men framleis må ein kunne seie at den økonomiske situasjonen i kommunen er god. I 2011 fekk Tydalen nemleg tildelt fyrsteplassen på Dagbladet sitt kommunebarometer, der dei testa velferdstilbod og buforhold i alle norske kommunar (Dagbladet.no). I tillegg har Stugudalen dei siste åra vorti eit populært turistområde, noko som fører med seg ei kommersialisering av utmarksressursane, særleg med tanke på sal av hyttetomter eller liknande. No er ikkje

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Stugudalen like ”turistifisert” som korkje Oppdal eller Røros, og framleis er det fleire hytter totalt i Selbu enn i Tydalen. Likevel vil det vera nærliggjande å tru at auka økonomisk omsetting på grunn av turisme til ein viss grad hevar den økonomiske statusen.

Ein annan modell som rommar mykje av det same som stabilitetsmodellen til Taeldeman, er den etnolingvistiske vitalitetsmodellen. Dei tre hovudkriteria for etnolingvistisk vitalitet er *status* (økonomisk, sosial, sosiohistorisk og språkleg), *demografi* (territorium, konsentrasjon og folketal) og *institusjonell støtte* (media, opplæring og kultur) (Giles, Bourhis og Taylor 1977:309). Særleg når det gjeld dei faktorane som omhandlar status og institusjonell støtte finn ein store likskapar med Taeldeman sin modell. Det er dermed langt på veg dei same språkeksterne faktorane som er viktige for vitaliteten til eit minoritetsspråk som for stabiliteten til ein dialekt.

Det eg no har sett på er dei overordna samfunnsmessige faktorane som er med på å gjera ein dialekt stabil. Desse tre faktorane heng nøye saman, og overlappar til ein viss grad einannan. På eit mikronivå vil ein i tillegg oppdage at stabilitet og endring i stor grad heng saman med graden av saliens til det einskilde språkdraget (jf. kap 5.2.4).

### 6.1.2. Kva type språksamfunn?

Speech varieties employed within a speech community form a system because they are related to a shared set of social norms (Gumperz 1968:382).

Innafor sosiolinguistikken vart omgrepene *språksamfunn* lansert på 60-talet. Om ein ser på bruken av omgrepene, oppdagar ein fort at det har hatt eit relativt mangfoldig bruksområde. Til dømes er omgrepene sentralt i Labov (1966) sin studie av språksamfunnet New York, der ein må kunne seie at omgrepene dekker eit storskala språksamfunn. På den andre sida finn ein fleire studiar der omgrepene blir brukt om meir spesifikke grupper, som til dømes nabolag (Patrick 1999). Eit språksamfunn kan altså fortone seg høgst forskjellig avhengig av kva *abstraksjonsnivå* ein legg seg på (Patrick 2009:252). Vidare har omgrepene vorti nytta både innafor den kvantitative, labovske sosiolinguistikken og den meir kvalitative, etnografiske retninga. Muriel Saville-Troike (2003:14) framhevar at hovudmålet innafor den etnografiske retninga er å utforske korleis språkleg kommunikasjon er organisert og kva mønster den følgjer innafor eit språksamfunn.

John J. Gumperz er ein av dei som har deltatt mest aktivt i definisjonsspørsmålet om kva eit språksamfunn er, heilt sia diskusjonen starta på 60-talet. Han definerte då eit språksamfunn som "any human aggregate characterized by regular and frequent interaction by

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

means of a shared body of verbal signs and set off from similar aggregates by significant differences in language usage” (1968:381). Her kjem det tydeleg fram at termen *språksamfunn* impliserer noko som er felles mellom medlemane, og at dette som er felles, har noko med språk å gjera. I ettertid har det vorti gjort tallause forsøk på å definere språksamfunnet ut frå eit sosiolingvistisk perspektiv, der ein har lagt ulik vekt på anten det *sosiale* eller det *lingvistiske*. Alle definisjonane postulerer at noko felles eller delt ligg til grunn i eit språksamfunn. Kva dette felles eller delte er, er det derimot mange meininger om. Lyons (1970) legg *felles språkbruk* til grunn for eit språksamfunn, medan Hymes (1972) legg vekt på *felles språklege reglar og tolking* av språk. Labov (1972) ser på språksamfunnet som eit fellesskap som deler *haldningar og verdiar* til språkbruk, medan Sherzer (1975) fokuserer på den overordna *sosiokulturelle forståinga* i si tilnærming til omgrepene. Det sentrale spørsmålet her blir altså kva ein skal legge mest vekt på av desse dimensjonane. Noko eintydig svar på det er det vanskeleg å gjeva. Både Hymes og Gumperz legg som sagt stor vekt på at språksamfunnet er eit samfunn som er haldi saman av felles sosiale og språklege normer. Samstundes er det verdt å nemne at det er brei semje blant lingvistar om at eit språksamfunn kan innehalde fleire språk og fleire språkvarietetar (Saville-Troike 2003:14). *Normene* er altså dei same, men *tolkinga* og *bruken* av desse normene kan variere.

Sia termen *språksamfunn* kan famne om alt frå New York til ei avsides norsk fjellbygd, vil det følgjeleg vera ein viss variasjon i kva for ein av dimensjonane ovafor som har mest relevans. Det vil til dømes vera vanskeleg å legge kravet om språkleg homogenitet til grunn i den språklege smeltedigelen New York (jf. Lyon si tilnærming). For ei avsides norsk fjellbygd vil den språklege homogeniteten vera langt meir framtredande, men sjølv her vil ein vera på gyngande grunn dersom ein legg denne dimensjonen i botn. Om mangfaldet ikkje er like gjennomgripande som i New York, vil ein finne interindividuell variasjon i alle språksamfunn. *Synkron variasjon* er dermed å sjå på som ”normalt” i alle språksamfunn. Det same kan me seie om *diakron variasjon*. Eit språksamfunn vil altså endre seg over tid, i takt med endringar som råkar det aktuelle samfunnet generelt (Saville-Troike 2003:15).

Som me ser, er det vanskeleg å gjeva ein eintydig definisjon på kva eit språksamfunn er. Det teoretiske landskapet kring dette emnet er høgst uoversiktleg og det florerer av ulike definisjonar som er meir eller mindre gode. Hovudmålet mitt er difor ikkje å plukke ut éin definisjon som eg vil reindyrke, men heller gjera meg opp ei mening om korleis *eg* vel å tolke omgrepet *språksamfunn*. Problemet med dei tidlegare definisjonane er todelt. På den eine sida ber mange av dei med seg eit isolasjonistisk syn på språksamfunnet, der ein overser den heilskaplege konteksten som språksamfunnet er ein del av. Dermed blir det vanskeleg å

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

lokalisere kva krefter som påverkar språksamfunn utanfrå. På den andre sida er mange av definisjonane så lause og porøse at dei nærmast er tømt for innhald, og seier dermed lite om kva som faktisk avgrensar eit språksamfunn. Slik eg ser det, vil det difor vera meir rett å sjå på språksamfunn som noko som er *psykologisk* fundert. Denne tilnærminga finn me òg hos Hudson (1996:27). Han seier at:

If we take the position that speech communities should have some kind of psychological reality for their members [...] then it follows that we must identify different speech communities in the same population according to the person whose viewpoint we are taking.

Eit språksamfunn vil dermed vera avgrensa av kva den einskilde personen ser på som ”sitt” språksamfunn. Synsstaden eller perspektivet er heilt avgjerande her, og det er dette som skil denne tilnærminga frå dei tidlegare definisjonane til Labov, Hymes og Gumperz. Medan dei i stor grad definerte språksamfunnet *utanfrå*, ser Hudson språksamfunnet *innanfrå*, det vil seie gjennom den einskilde språkbrukaren. Er det med andre ord samfunnet eller individet som er utgangspunktet for eit språksamfunn? Her representerer Labov eit strukturalistisk og Hudson eit individualistisk ytterpunkt. Ei vidare drøfting av dette vil ofte enda opp med ein sirkulær argumentasjon av typen ”språksamfunnet påverkar individet som påverkar språksamfunnet osb.” Reidunn Hernes (2006) legg fram ein alternativ modell for forståinga av språksamfunnet, som på mange vis foreinar synspunkta til Labov og Hudson. Ho hevdar at samfunnet ikkje kan styre den einskilde språkbrukaren, men at språkbrukaren heller ikkje har full språkleg fridom. Det er *språknormene* som avgjer det språklege spelerommet i språksamfunnet, og desse normene blir endra dersom språkbrukarane, gjennom forhandlingar, tolkar dei på ein måte som skil seg frå tidlegare tolkingar (Hernes 2006:60). Dermed er det språkbrukaren som står for sjølve språkendringa, men den underliggende årsaka ligg i dei allereie eksisterande språknormene. Det er med andre ord språknormene som gjer språksamfunkn forskjellige. Ei norm som gjeld i éit språksamfunn, treng ikkje nødvendigvis å gjeva mening på same måten i eit anna språksamfunn. Dermed ser det ut til at me er attende på ei tilnærming som framhevar felles språknormer som det fremste kjenneteiknet på eit språksamfunn. Mykje av analysen av Tydalen vil difor dreie seg om å avdekke kva språknormer som pregar dette språksamfunnet. Likevel er det viktig å framheve at desse normene ikkje blir ”mata” inn i kvar einskild språkbrukar, slik Labov sine definisjonar har ein tendens til å antyde. Som aktiv, fortolkande og reflekterande instans *må* språkbrukaren ha ein sentral plass i forståinga av omgrepene *språksamfunn*, og likeins i samspelet mellom språkbruk, språknormer og samfunn.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Henning Andersen (1988) lanserte to omgrepsspar som han meiner gjev ein dekkande karakteristikk av eit språksamfunn. For det fyrste karakteriserer han eit språksamfunn som anten *lukka* eller *ope*, og for det andre som anten *endosentrisk* eller *eksosentrisk*. Omgrepa *lukka* og *ope* siktar til konkrete eigenskapar ved språksamfunnet, som til dømes kommunikasjon med omverda og inn- og utflytting. Opne språksamfunn er difor prega av språkleg heterogenitet, medan lukka språksamfunn er prega av språkleg homogenitet. Omgrepa *ope* og *lukka* språksamfunn er i nære slekt med Muriel Saville-Troike (2003:13) sine termar ”hard-shelled” og ”soft-shelled”. Eit ”hard-shelled” språksamfunn er kjenneteikna ved at medlemane har ein språkleg praksis som har relativt avgrensa geografisk og samfunnsmessig distribusjon, dette fordi få personar utanfor dette språksamfunnet har tilgang til å lære den lokale varieteten. Ein slik type språksamfunn ligg nærmast utilgjengeleg for omverda, og på grunn av sitt ”tjukke skal” tar slike språksamfunn i liten grad i mot impulsar utanfrå. Graden av språkleg og kulturell stabilitet er dermed høg i eit ”hard-shelled” språksamfunn. Eit ”soft-shelled” språksamfunn har meir språkleg og kulturell ”gjennomtrekk” enn eit ”hard-shelled” språksamfunn og er såleis prega av stor språkleg variasjon og tette band til omverda. Dei fleste vestlege land er meir eller mindre ”soft-shelled”, mellom anna ved at dei har høg grad av kompetanse i eit andrespråk (ofte engelsk) og ved at dei har eit stort språkleg mangfald på grunn av innvandring. Eg vel likevel å nytte dei norske termene *ope* og *lukka* i det vidare, men med mykje av det same meiningsinnhaldet som ”hard-shelled” og ”soft-shelled”.

Omgrepa endosentrisk og eksosentrisk derimot, går på det psykososiale miljøet i språksamfunnet og handlar om korleis eit språksamfunn blir påverka av omverda. I eit endosentrisk språksamfunn oppstår språklege innovasjonar i stor grad i sjølve språksamfunnet. Endosentriske språksamfunn er difor lite mottakelege for endringar utanfrå. Motsetnaden til dette er det eksosentriske språksamfunnet, der det meste av språkleg påverknad kjem *utanfrå* (Andersen 1988:72). Ved hjelp av desse to omgrepsspara endar me dermed opp med fire klasser eller typar språksamfunn (Røyneland 2005:86):

1. Endosentrisk og *ope*: Typisk for dei største bysamfunna, der språklege endringar oppstår og spreier seg utover.
2. Endosentrisk og *lukka*: Typisk for avskjerma, rurale samfunn der eventuelle språkendringar kjem innafrå. I dag er slike samfunn nærmast ikkje-eksisterande i den vestlege verda.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

3. Eksosentrisk og ope: Eit typisk moderne samfunn, både mindre og litt større stader som er utsett for gjennomgripande språkendringar utanfrå. Slike språksamfunn har ofte stor språkleg heterogenitet.

4. Eksosentrisk og lukka: Typisk for mange rurale samfunn i dag, der stordelen av språkleg påverknad kjem utanfrå, men der stadens perifere geografiske plassering gjer at dette språksamfunnet ligg lite tilgjengeleg.

Røyneland klassifiserer både Røros og Tynset som eksosentriske og opne språksamfunn.<sup>21</sup> Likevel framhevar ho at Røros utpeikar seg som eit litt meir lukka språksamfunn enn Tynset: ”Både graden av variabilitet og haldningane til denne variabiliteten er truleg meir ”gunstige” på Tynset enn på Røros, der ein nok har vore meir restriktive og puristiske på vegner av rørosdialekten” (op. cit.:88). Eg har allereie peika på at eg meiner talemålsutviklinga i Tydalen ber preg av meir stabilitet enn kva situasjonen er på Røros. Dette byggjer på språklege registreringar eg har gjort blant eit utval informantar (jf. kap. 5.2.2).

Når det gjeld spørsmålet om Tydalen er eit lukka eller ope språksamfunn er det vanskeleg å komme fram til ein eintydig definisjon om kva som skal til for at eit språksamfunn skal falle inn under anten den eine eller den andre av dei to kategoriane. Sett i forhold til Røros er det likevel liten tvil om at Tydalen er meir lukka. For det første er graden av innflytting mindre i Tydalen enn på Røros (ssb.no) og for det andre ligg Røros som eit av Noregs mest kjende turistmål ope for turistar frå heile verda. Røros har difor tette band til omverda gjennom sin unike posisjon som verdsarvstad. I tillegg kan ein nemne andre samfunnsfaktorar som til dømes jarnbane, flyplass og vidaregåande skule, som alle er med på å knyte Røros tettare til omverda enn det som er tilfellet i Tydalen. Språkleg er tendensen langt på veg den same: Medan Røros er prega av stor språkleg interindividuell variasjon (Røyneland 2005:541), står språksamfunnet Tydalen fram som meir homogent og lukka.

Det vil vera liten tvil om at språksamfunnet Tydalen, i likskap med Røros, let seg klassifisere som eit nokså eksosentrisk språksamfunn, altså at språkendringar innafor språksamfunnet i all hovudsak har sitt opphav i eit anna og meir endosentrisk språksamfunn, alternativt i eit meir overordna standardtalemål. Språkleg påverknad på språksamfunnet Tydalen er eit stort tema og vil bli drøfta meir inngående i kapitel 6.3. Eit endosentrisk språksamfunn er prega av det Andersen kallar *sentripetale krefter*. Dette er krefter som

---

<sup>21</sup> Røyneland brukar rett nok termen eksogen, men eg vel å bruke same terminologi som Andersen

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

trekker inn i mot eit sentrum og slike krefter finn ein dermed fyrst og fremst i sentrale område. I og med at endosentriske språksamfunn har ei innoverretta orienteringsretning, ligg dermed forholda til rette for utvikling av lokale språktrekk som er eksklusive for akkurat dette språksamfunnet. Eit eksosentrisk språksamfunn bli derimot påverka av sentrifugale krefter, som spreier språklege innovasjonar ut i meir perifere område. Resultatet av denne prosessen blir ei nivellering i dei meir perifere/rurale områda (Røyneland 2005:85). Det er relativt uproblematisk å karakterisere Tydalen som eit eksosentrisk språksamfunn. Ein finn få eller ingen døme på *lokale* språklege innovasjonar som har fått gjennomslag, og nivellering er utan tvil ein gjennomgripande tendens. Likevel vil graden av isolasjon frå omverda spela ei avgjerande rolle i spørsmålet om kor fort nivelleringsprosessen går, og i mitt studieområde ser dette ut til å vera ein viktig ”bremsekloss”.

### 6.1.3. Kva med det sørsamiske?

Eg vil no vende blikket mot den tidlegare omtala sørsamiske befolkninga i Tydalen og sjå nærrare på i kva grad denne gruppa har ein språkleg praksis og åtferd som skil seg frå resten av befolkninga. Det fyrste som er verdt å nemne, er at dette ikkje er ei einsarta, homogen gruppe. Dei tydalske sørsamane bur spreidd i dei øvre delane av Tydalen og har forskjellige yrke, alt i frå mekanikar til sjukepleiar og reineigar. Dei utgjer ei gruppe på ca. 5-6 familiar, men som sagt har langt fleire tilhald i Tydalen i løpet av sommarhalvåret. Få av dei bufaste samane i Tydalen driv med rein på heiltid, men dei fleste har eige reinmerke (jf. kap. 2.1.4. for meir om dette). Det er stor skilnad på kor aktive dei med eige merke er innafor reindrifta, då mange har engasjert andre, som oftast slektningar eller liknande til å sjå etter dyra sine.

Samar i Tydalen peikar seg altså ikkje ut som ei einsarta gruppe som skil seg markant frå resten av lokalbefolkninga. Dei er ein del av lokalsamfunnet på lik line med andre tydalingar og dei ser dermed på seg sjølv som tydalingar. Samstundes er det viktig å understreke at den etniske dimensjon *ikkje* er utan relevans. Særleg gjennom reindrifta blir samane i Tydalen berarar av samisk kulturhistorie, anten dei vil eller ikkje. Gjennom mine informantar får eg likevel ei klar oppfatning av at dei er stolte av dette og ser på det som viktig, både for seg sjølv og etterkommarane, å ta vare på dei samiske tradisjonane. Dette gjev seg utslag i ei todelt identitetskjensle, med det ”tydalske” på den eine sida og det ”samiske” på den andre sida. Informanten Berit sa til dømes: */de e viki ferr me å ta vare på dæjn samiske tradisjon [...] e ser på me før både som tydar Ing å same, ja/*. Denne doble identitetskjensla er truleg utbreidd blant dei fleste samar i sør, noko Inger Johansen (2006:87-

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

88) òg er inne på i sin studie av revitaliseringa av sørsamisk språk. Sjå elles kapitel 5.2.2. for meir utfyllande opplysningar om Berit.

Sørsamisk språk er rekna som truga (Salminen 1999). Alle informantane mine beherskar sørsamisk til ein viss grad, men gjev klart uttrykk for at det er eit vanskeleg språk å lære seg. Ingen av dei har vaksi opp med sørsamisk heime og dei starta såleis frå botnen av når dei seinare i livet fekk samiskopplæring. Mykje tyder på at dei som vart fødd først på 1900-talet var dei siste som voks opp med sørsamisk som heimespråk og dermed hadde sørsamisk morsmålkompetanse. Likevel ser det ut til at ein del einskilde sørsamiske ord nærmast er obligatoriske i samband med reindrifta, eller ”i trøa”, som dei seier. Dette er informanten Berit inne på:

*/e prøve nå å snakke (samisk) me oijejju dr. åsså nárr mi e oppi trøa på kađvmærkjå å slik, der brukes de litegrajn [...] de e vær støt secc or (ord). De kajn nå vårrå en å aŋne sættnijjjn, men de e nåkk mest or de går på ja, viāč e tru/.*

På den måten lever sørsamane på mange måtar i to forskjellige språklege kvardagar, der dei den eine dagen handlar etter dei språknormene som er gjeldande i det etnisk norske språksamfunnet i Tydalen, medan dei har ein annan språkpraksis når konteksten er reindrift. Reindrifta utgjer såleis eit språkleg fellesskap som *inngår* i språksamfunnet Tydalen, for det første ved at denne aktiviteten finn stad innafør dei geografiske grensene for språksamfunnet, og for det andre ved at dei språknormene som gjeld for heile språksamfunnet, framleis til ein viss grad òg styrer den språklege åtferda innafør dette fellesskapet. Likevel er det klart at den sørsamiske reindrifta gjev rom for ein anna type språkleg åtferd enn det som er sosialt gangbart ”nerri bygda”. Difor meiner eg det er rett å seie at søramar i Tydalen *både* blir oppfatta som fullverdige medlemmar av det tydalske språksamfunnet *og* at dei i tillegg samlast om eit etnisk, språkleg fellesskap der reindrifta er ein heilt sentral kontinuitetsberar.

Eit omgrep som langt på veg vil vera dekkande for denne typen språklege fellesskap som sørsamane tar del i, er termen *praksisfellesskap*. På engelsk vart omgrepet lansert som *community of practice* og det vart vidare innlemma i ein sosiolingvistisk tradisjon og definert av Eckert og McConnell-Ginet (1992:464) på følgjande måte:

A community of practice is an aggregate of people who come together around mutual engagement in an endeavor. Ways of doing things, ways of talking, beliefs, values, power relations—in short, practices—emerge in the course of this mutual endeavor.

Bakgrunnen for at Eckert og McConnell-Ginet tok i bruk denne termen, var ein kritikk av termen *språksamfunn*, som etter Gumperz sin definisjon slår fast at eit språksamfunn er ei gruppe språkbrukarar som har felles reglar og normer for språkbruk (jf. diskusjonen i kap. 6.1.1.). Kritikken gjekk i hovudsak ut på at språksamfunnet i liten grad omhandla den sosiale

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET


samhandlinga som går føre seg mellom medlemene, og at rolla til den sosiale praksisen er noko uklar i relasjonen mellom språk og samfunn. Eckert og McConnoll-Ginet tok altså til orde for ei meir *interaksjonistisk* tilnærming til samspelet mellom språk og samfunn, der fokuset ligg på kva felles aktivitetar og engasjement som samlar folk i eit praksisfellesskap. Likevel meiner eg at med ei oppdatering av termen *språksamfunn*, slik Reidunn Hernes (2006) tar til orde for, vil både omgrepene *språksamfunn* og *praksisfellesskap* vera formålstenlege, men då brukt for å skildre to forskjellige sosiale aspekt. *Praksisfellesskapet* er dermed ei sosial gruppe som samlast om eit felles engasjement eller aktivitet, slik definisjonen over peikar på. *Språksamfunnet* derimot, består ofte av fleire praksisfellesskap og er ei større og vidare sosial eining. Språknormene som er gjeldande i det overordna språksamfunnet, må difor takast med i vurderinga av språklege praksisformer innafor eit praksisfellesskap.

Etienne Wenger (1998:72-84) peikar på tre sentrale dimensjonar eller kriterium som knyter dei to delane *praksis* og *fellesskap* saman. For det fyrste er eit *felles engasjement* nødvendig for at ei sosial gruppe skal kunne vera eit praksisfellesskap. Her er det ikkje ein føresetnad at det skal herske noka form for konsensus mellom medlemene, det kan ofte vera motsetnader og konfliktar som pregar gruppa. Likevel er det eit felles engasjement som knyter medlemene saman til eit praksisfellesskap. Det andre kriteriet er *felles føretak*. Dette føretaket er eit resultat av kollektive forhandlingar mellom medlemene, men kan òg vera sjølve utgangspunktet for eit praksisfellesskap, anten som eit formelt eller uformelt føretak (Mullany 2007:88). Samstundes er føretaket med på å opprette og oppretthalde dei sosiale relasjonane i praksisfellesskapet. Heller ikkje her er homogenitet og konsensus ein føresetnad. Usemje kan derimot vera viktig for det felles føretaket for å skapa nye idear og vidare forhandlingar. Det kan vera vanskeleg å avgjera om sør-samisk reindrift hører til under kriteriet *felles engasjement* eller *felles føretak*, men uansett er denne næringa heilt sentral i vidareføringa av sør-samisk kulturarv. Kanskje er det meir rett å seie at *det sør-samiske* i seg sjølv er eit felles engasjement, medan reindrifta dermed er å sjå på som eit felles føretak.

Det siste kriteriet for eit praksisfellesskap er at medlemene har eit *felles repertoar av ressursar*. Desse ressursane kan vera både språk, rutinar, verkty, framgangsmåtar og oppførsel. Samla sett er dette resultatet av den interne forhandlinga i gruppa (Wenger 1998:84). Mest interessant i denne samanhengen er dei språklege ressursane. Figur 7 er ein modell som illustrerer kva språklege ressursar som finst innafor det eg vil kalle *det rørossamiske praksisfellesskapet*. Dette er det sør-samiske fellesskapet som er knytt til reindrifta i dei to reinbeitedistrikta som har sine beiteområde innafor Tydal kommune (sjå

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

kap. 2.2.1). Den røde ringen symboliserer sjølve praksisfellesskapet, medan figurane *Meråker*, *Tydalen*, og *Røros* viser til ulike etnisk norske språksamfunn som alle påverkar det rørossamiske praksisfellesskapet i varierande grad.



Figur 8. Det rørossamiske praksisfellesskapet.

Her kjem det fram at språknormene frå språksamfunna der medlemane av det rørossamiske praksisfellesskapet bur, spelar ei sentral rolle innafor praksisfellesskapet, i tillegg til den etniske dimensjonen som utgjer ein viktig grunnpilar for sjølve praksisfellesskapet. Likevel ser ein at det innafor praksisfellesskapet er mykje ”ledig rom” mellom dei tre språksamfunna; rom for forhandlingar om normer som gjeld for akkurat dette praksisfellesskapet.

Graden av integrasjon blant medlemane i eit praksisfellesskap vil variere, alt i frå kjernemedlemmar til meir perifere medlemmar. I det rørossamiske praksisfellesskapet vil graden av integrasjon hovudsakleg vera bestemd av graden av deltaking i reindrifta. Vidare vil utskifting av medlemmar vera vanleg, utan at dette nødvendigvis medfører nemneverdige endringar i praksisfellesskap. Praksisfellesskapet som studieobjekt har vori ein del brukt i etnografiske, kvalitative studiar, men har ofte vorti kritisert for vera for interne og dermed ute av stand til å sjå større samanhengar (Mullany 2007:89).

### 6.1.4. Om måten sørSAMAR pratar norsk på

I kapittel 1.2.2. var eg inne på at ein etnolekt er eit talemål som inneheld *substrat* frå eitt eller fleire minoritetsspråk. Sagt på ein annan måte vil altså språklege særdrag frå eit eller fleire minoritetsspråk kunne bli innlemma som ein del av eit etnisk farga majoritetsspråk (Kulbrandstad 2003). I somme tilfelle der *fleire* minoritetsspråk er med på å farge eit majoritetsspråk, er det meir rett å bruke termen *multietnolekt*. Dette fenomenet finn ein fyrst og fremst i dei større byane, der innslaget av mange minoritetsspråk er stort. I mitt tilfelle, der

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

det er snakk om eitt minoritetsspråk som møter eitt majoritetsspråk, vil termen *etnolekt* difor vera mest dekkande. Reint historisk er det utan tvil Nord-Noreg som peikar seg ut som det området i Noreg som har hatt størst førekommst av denne typen språkmøte. Innafor både nordsamiske og kvenske område i nord har det vaksi fram ulike etnolektiske variantar av norsk<sup>22</sup>. Slike forhold har derimot vori lite i fokus i dei sør-samiske områda, noko det truleg er fleire og til dels samansette grunnar til. I denne delen vil eg avgrense dette problemfeltet til å gjelde sør-samar i Tydalen. Eg vil difor drøfte det finst ein sør-samisk etnolektisk variant av norsk, eller om sør-samar pratar norsk på ein måte som i stor grad fell saman med dei respektive bygdemåla der dei er busett.

Professor i finsk-ugriske språk Knut Bergsland skriv følgjande om forholdet mellom sør-samisk etnisitet og norske talemål: “Today all speakers of Southern Sami are also fluent speakers of the respective local Scandinavian dialects, without any observable “foreign accent” (1998:44). Bergsland meinte altså på slutten av 1900-talet at det norske talemålet til sør-samar ikkje bar med seg eit substrat frå sør-samisk i form av ein ”aksent”. Slike intonasjonsmessige og lydlege særdrag ved ein varietet er eit komplekst og vanskeleg område å kartleggje på ein nyansert måte. Det vil føre for langt her å kaste seg inn i ei vidare analyse av slike trekk i talemålet til sør-samar. Likevel meiner eg å registrere visse avvik frå dei tradisjonelle sør-aust-ønderske bygdemåla i mange av dei gamle lydopptaka av sør-samar eg har tilgang til, både når det gjeld prosodi, morfologi og fonologi. Reint morfologisk ser ein til dømes at dativformer er bortimot fråverande. I lydverket har somme fonem ei anna realisering enn tradisjonelt, til dømes ein *u*-lyd som ligg mykje nærmare [o] enn det ein hører i bygdemåla, og vidare ein meir markert *r*-lyd. I tillegg ser det ut til at svensk speler ei rolle her (jf. kap. 5.1.4.). Samkvem mellom sør-samar på norsk og svensk side har vori meir utbreidd enn blant folk elles i dei sør-ønderske grenseområda<sup>23</sup>. Om den språklege praksisforma eg her omtalar berre er ein slags hybriddialekt mellom ulike målføre på norsk og svensk side, eller om det verkeleg er snakk om ein sør-samisk etnolekt, kan eg ikkje gjeva eit velfundert svar på. Mine kunnskapar i sør-samisk er rett og slett ikkje gode nok til å kunne lokalisere eventuelle substrattrekk derifrå. Dette krev difor nærmare undersøking frå eit reint samisk perspektiv.

Blant mine informantar med sør-samisk bakgrunn går det fram i kapitel 5.2.3. at ingen av dei har eit talemål som skil seg frå det ein må kunne betrakte som normal språkleg praksis i Tydalen. Ein ser derimot at den eldste av dei (M 60 sør-s.) har eit utprega konservativt

<sup>22</sup> Sjå til dømes Sollid (2003) og Bull (2006) for nærmere omtale av nordnorske etnolektar.

<sup>23</sup> Sjå Tøsse og Aas (1987 band 4) for oversikt over giftemål blant sør-samar i Tydalen.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

tydalsmål. Den yngste av dei, Berit, brukar rett nok mange modifiserte former, men dei kan ein truleg ikkje ta til inntekt for sørsamisk påverknad. Det faktum at Berit har budd mange år utanfor Tydal er nok ei meir rimeleg forklaring i dette tilfellet. Den siste av dei samiske informantane bur ikkje i Tydal og fungerte meir som ein bakgrunnsinformant. Talemålet hennar er likevel interessant fordi det på mange vis liknar på den språklege praksisen eg meinte å kunne påvise frå dei eldre lydopptaka. Det vil seie at ho i all hovudsak snakkar rørosmål, men at det er ”eit eller anna” i det intonasjonsmessige eller lydlege som bryt med den tradisjonelle uttalen ein finn på Røros. Her kan det tenkjast at ein slik måte å prate norsk på er noko som tidlegare var nokså utbreidd i heile det rørossamiske området. I dag derimot kan ein tenkje seg at denne språklege praksisforma berre finst på Røros, der konsentrasjonen av sørssamar er tettare og demografien såleis ligg betre til rette for bevaring av både sørssamisk språk og sørssamisk etnolekt. Tendensen peikar i så fall i retning av at sørssamar i Tydal er meir språkleg assimilerte inn i eit trøndersk språksamfunn enn det som er tilfelle på Røros.

Likevel framhevar mine informantar eit anna språkleg fenomen, som i særleg grad knyter seg til reindrifta. På fjellet eller i reinstrøa finn ein nemleg ein påfallande stor førekomst av sørssamiske leksem som blir innlemma i talemålet når sørssamar kommuniserer seg i mellom. Dette fenomenet er òg omtala i Johansen (2006:75-77) og Mæhlum (2007:136-137). Sjølve setningsoppbygginga er framleis norsk, medan visse leksem er sørssamiske (jf. sitatet frå Berit i kap. 6.1.3.). Den eldre sørssamiske informanten kunne òg bekrefte dette: */ja de brukes nå fesellie or og utrykk såmm høre te driftn/*. Slike leksikalske innslag ser ut til å auke i omfang meinte han: */e høre di øyerøyjn no så byne døm å snakke lite mer sensimičom* (seg i mellom) *å. å de e vičč fedqi ett dømm ha gått å ledq* (lært) *mer å e inntresert ti å prøve å bevare de/*. Det ser altså ut som at den mykje omtala revitaliseringa av sørssamisk faktisk gjev seg utslag i praksis i dagleglivet, ved at ungdom tar språket i bruk i større grad enn før. Sia sørssamisk som sjølvstendig språksystem framleis er lite brukt er bruken av sørssamiske leksem i måten sørssamar pratar norsk på truleg desto viktigare i konstitueringa og bevaringa av sørssamisk etnisitet.

Kva ein skal kalle denne varianten av norsk med sørssamiske leksem, er ikkje heilt innlysande. Etnolektomgrepet blir truleg for ambisiøst i denne samanhengen, sia etnolekt i følgje somme definisjonar impliserer ein varietet som er nokolunde stabil og vidare fungerer som morsmål for nye generasjonar (sjå til dømes Kulbrandstad 2003). Omgrepet blir dermed lite eigna i omtalen av denne varieteten. Hilde Sollid lanserer omgrepet *etnolektisk stil* som ei mogleg løysing i slike tilfelle. Ved å føye til dimensjonen *stil* impliserer ein at denne varieteten ikkje er eit fast og eintydig språksystem, men derimot ein måte å kommunisere på

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

som gjer skilnaden mellom ”oss” og ”dei andre” meir tydeleg (Auer 2007:13). Eit slik omgrep stiller altså ikkje dei same krava til stabilitet og uniformitet som det *etnolekt*-termen inneber og passar difor godt til forhold der språksituasjonen er prega av stor variasjon, både intra- og interindividuelt<sup>24</sup>. Termen stil er elles mykje brukt innafor sosiolingvistikken, særleg utover 1990-talet då dette omgrepet hadde fått eit delvis fornys syn. Penelope Eckert (2001:123) definerer lingvistisk stil som “a clustering of linguistic resources, and an association of that clustering with social meaning”. Sambandet mellom språklege realiseringar og sosial mening er med andre ord ein bærande dimensjon ved omgrepet *stil*. Ei slik indeksering av språkdrag var eg tidlegare inne på i kapitel 6.1.1.

### 6.2. Tre potensielle forklaringsfaktorar

I denne delen vil eg ta for meg tre ulike teoretiske perspektiv som alle på ulikt vis kan vera med på å forklare språklege utviklingstendensar i Tydalen, nemleg polarisering/naboopposisjon, urbanisering og gruppeidentitet. Desse perspektiva ligg i utgangspunktet på eit makronivå, men ein vil fort oppdage at det er bortimot umogleg å forklare språkleg stabilitet og endring *berre* ut i frå eit overordna samfunnsmessig perspektiv. Både talespråkleg stabilitet og labilitet vil i siste instans vera ein individuell mental prosess som dermed ikkje fullt ut let seg forklare frå eit makroperspektiv. Når eg likevel vel å framstille denne analysen med makro- og mikroperspektiv som to distinkte delar, er dette fyrst og fremst eit strukurerande grep. Ved å skilja mellom dei to perspektiva blir røyndomen kort og godt meir oversiktleg. Eit anna, heilt essensielt poeng er *samspelet* mellom desse to nivåa. Som eg nemnde i kapitel 4.3.2. er det ikkje slik at dei underliggjande samfunnsstrukturane *styrer* den språklege åtferda til den einskilde språkbrukaren. Det er heller ikkje slik at språkbrukaren handlar totalt uavhengig av strukturelle normer. Individ og struktur inngår såleis i eit komplekst dialektisk samspel og det er nettopp i dette samspelet me finn dei mekanismane som fører til anten språkleg stabilitet eller labilitet. Dei følgjande forklaringsmodellane vil difor i hovudsak dreie seg om overordna sosiale strukturar, men eg finn det òg nødvendig å trekke inn meir individorienterte aspekt for å få ei djupare forståing av dei meir bakanforliggende årsakene til desse strukturane. Ei slik framstilling vil etter mitt syn vera meir ryddig enn om eg skulle ha behandla kvar modell to gonger, fyrst i eit makroperspektiv og sia i eit mikroperspektiv i kapitel 5.

<sup>24</sup> Her viser eg til personleg samtale med Inger Johansen, som òg brukar *etnolektisk stil* på ein slik måte i sitt doktorgradsarbeid om sørsamiske språkforhold.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Etter kvart vil ein òg sjå at dei tre perspektiv eg her skal drøfte, på mange vis glir over i einannan. Det er til dømes innlysande at eit fenomen som naboopposisjon har med gruppeidentitet å gjera. Identitetsomgrep vil òg vera essensielt i når det gjeld fenomenet urbanisering. Identitet må difor ikkje tolkast som ei forklaring i seg sjølv, men må heller sjåast på som ein viktig grunnpilar som i stor grad er avgjerande for korleis individet posisjonerer seg i forhold til meir forklarande perspektiv som nettopp naboopposisjon, urbanisering og tilhørsle. Desse er altså *ikkje* tre frittståande perspektiv som fungerer uavhengig av kvarandre. Dei inngår snarare i eit gjensidig forhold der det i praksis er vanskeleg å skilja dei frå kvarandre. Igjen må ein altså ty til vitskaplege forenklingar eller idealiseringar for å skildre dette på ein god og oversiktleg måte.

### 6.2.1. Polarisering og naboopposisjon

Men der er jo, som før sagt, en hel del ting som optræder i sproget ved naboposition, og har fått fast fot der på dennes sproghistoriske præmisser, og så vil det bli ved at være. Naboposition er en fast faktor i sprogutviklingen. (Larsen 1917:46)

Eit karakteristisk fenomen som kan finne stad mellom nabodialektar, er *polarisering*. Johan Taeldeman (2006:233) snakkar om polarisering på tre ulike nivå:

1. For det første kjem polariseringa til uttrykk på eit romleg, eller geografisk nivå, ved at det er bråe overgangar mellom dei ulike dialektområda. Ein finn altså inga form for mellomvarietetar. Vidare vil minst ein av dei polariserte varietetane ha lita utbreiing.
2. Det andre nivået går på det reint språklege. Her vil ein sjå at den lingvistiske avstanden mellom dei polariserte varietetane anten held seg stabil eller aukar.
3. For det tredje vil ein sjå polarisering på eit mentalt og sosio-psykologisk nivå, då først og fremst ved at det er stort medvit om polariseringa innafor minst ein av dei polariserte dialektane, men som oftast innafor både. I ein slik situasjon vil lojalitet til heimplassen, eller "Ortsloyalität" som Taeldeman kallar det, vera framtredande. I tillegg vil språkbrukarane innafor dei polariserte dialektane ha eit tydeleg og bevisst forhold til sine respektive varietetar, då i form av eit positivt syn på eigen dialekt og eit negativt syn på den konkurrerande nabodialekten.

Taeldeman understrekar likevel at denne forma for polarisering er eit sterkt avtakande fenomen i den vestlege verda i dag. Dette er særleg på grunn av auka mobilitet, både geografisk og sosialt, som vidare fører til at folk i dag møter langt fleire språk til dagleg

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

enn dei gjorde før. Polarisering blir difor eit fenomen som i hovudsak finn stad i rurale område, der graden av språkleg variasjon vil vera mindre enn i meir urbane område (op.cit.:233-236).

Omgrepet *naboopposisjon* blir på mange måtar ein underkategori av den meir overordna polariseringa. Det var Amund B. Larsen som lanserte omgrepet i *Oversikt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold* (1886:52), der han i tillegg faktisk viser til forholdet mellom Selbu og Tydalen for å illustrere dette (jf. sitatet i kap. 2.1.3) Omgrepet vart likevel ikkje for alvor innlemma i den moderne sosiolingvistikken før langt seinare, mellom anna av Peter Trudgill (1986), sjølv om dei sosialpsykologiske mekanismane som dette konseptet er basert på vart tematisert i sosiolingvistisk samanheng frå 1970-talet og framover. Larsen brukar omgrepet til å forklare framveksten av somme språkdrag ved at språkbrukarar av ein dialekt *overdriv* einskilde språkdrag med det mål å divergere eller distansere seg frå nabodialekten. Dersom denne divergerande språkstrategien går føre seg over ein lengre periode, vil etter kvart den overdrivne forma få status som eit stabilt språkdrag og språkendringa er gjennomført. Naboopposisjon var frå Larsen si side meint til å forklare *endringar* i språket, ikkje *stabilitet* slik polariseringsomgrepet intenderer. Med andre ord kan ein polariseringsprosess som resulterer i ei språkendring, eller rettare sagt auka språkleg avstand mellom to polariserte varietatar, ha si forklaring i nettopp naboopposisjon. Bakgrunnen for denne typen språkhandlingar er det ein ofte kallar *hyperdialektisme*. I mange språksamfunn vil det herske ei viss usikkerheit eller usemje om kva som er den historisk ”rette” forma av eit språkdrag. Dermed vil språkbrukarane ofte velje den forma som er mest avstikkande frå nabodialektane for å markere avstand, sjølv om denne forma ikkje er den som tradisjonelt har vori brukt innafor den aktuelle dialekten. I slike tilfelle, seier Larsen (op.cit.:35), ”[...] kan erindringen om et fremmet idiom gjøre forvirringen riktig stor, saa man enten uten at vite av det «laaner» noget helt fremmet eller man blir utsat for at overdrive det hjemlige sprogs særegenheter av frygt for at henfalde til det fremmede”. På den måten blir naboopposisjon ein kollektiv psykologisk prosess som blir drivi fram av misforholdet mellom kva som er ”rett og opphavleg” språk og kva som *oppfattast* som ”rett og opphavleg”. Denne forma for naboopposisjonen kan, ifølgje Larsen, vera anten positiv, ved at språkbrukarane erstattar den historisk rette forma med ei form dei sjølve meiner er meir ”rett” og ”ekte”; eller negativ, ved at språkbrukarane legg bort eit historisk rett språkdrag fordi dette blir oppfatta som lån frå andre språk og dermed framandt.

Innafor moderne sosiolingvistikk har naboopposisjon derimot fått ei breiare betydning. Medan Larsen i hovudsak brukte omgrepet til å forklare diakrone

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

endringsprosessar, har den moderne sosiolinguistikken adoptert denne termen til òg å gjelde språksituasjonar der allereie eksisterande skilnader mellom ulike nabovarietatar held seg stabile på grunn av det Taeldeman kallar ”Ortsloyalität”. Naboopposisjon blir dermed ein strategi frå språkbrukarane si side for å skilja seg ut frå tilgrensande varietatar og såleis framheve sin eigenart og den kollektive identiteten som er knytt til heimstaden. Dermed dekker omgrepene *polarisering* og den moderne tolkinga av omgrepene *naboopposisjon* mykje av det same.

I det vidare vil eg no drøfte om dei to omgrepene *polarisering* og *naboopposisjon* kan vera med på å forklare dei relativt stabile forholda som pregar tydalsmålet. Det er nemleg liten tvil om at det er eitt bestemd målføre som peikar seg ut til å vera potensiell ”motpart” til tydalsmålet i ein polariseringssituasjon, nemleg selbumålet. Forholdet mellom Tydalen og naboane i sør, Røros og Holtålen, artar seg langt meir harmonisk og inntrykket mitt er at tydalingar identifiserer seg meir med ”fjellfolket” i sør enn med ”skogsfolket” i Selbu, for å seie det litt stereotyp. Men som sagt tidlegare så peikar den generelle orienteringsretninga i dag vestover mot Selbu om ein ser på meir ”kjenslelause” faktorar som offentleg administrasjon, infrastruktur, jobbmarknad og demografi (jf. kap. 2.1.3). I tillegg kjem ein ikkje bort i frå det basale faktum at Selbu og Tydalen hører til i same dalføre og såleis utgjer ei naturleg avgrensa geografisk eining. På den eine sida blir difor Selbu den naturlege samarbeidspartnaren på mange viktige samfunnsområde, men blir samstundes *oppfatta* som ein sosio-psykologisk rival på den andre sida. Det er alltid Selbu og selbyggane tydalingane måler seg sjølve opp mot. I ein språkleg polariseringssituasjon er det nettopp den sosio-psykologiske distinksjonen mellom to motpolar som er sjølve kjernen, ifølgje Taeldeman (2006:236): ”In general, we may say that socio-psychological divergence often results in, or at least surfaces as linguistic divergence”. Det ser dermed ut til at polarisering kan vera ein brukbar term på den språklege avstanden som pregar forholdet mellom Tydalen og Selbu. For å utdjupe dette vil eg sette språkforholda i desse to kommunane i Neadalen opp mot dei tre nivåa av polarisering eg skisserte ovafor.

1. Ein finn ein markert og brå geografisk overgang mellom tydalsmålet og selbumålet. Denne overgangen følgjer kommunegrensa. På bakgrunn av at avstanden mellom den nedste busetnaden i Tydalen og den øvste busetnaden i Selbu ikkje er meir enn 5-6 km, må ein kunne seie at den språklege avstanden er nokså stor. Språkleg avstand er, som nemnd i kapitel 4.2. ikkje ein målbar storleik, men om ein sett dei språklege skilnadene opp mot den geografiske avstanden og vidare samanliknar tydalsmålet med målet i Selbu, Røros og Holtålen, vil ein raskt sjå at den språklege avstanden på den korte strekninga mellom nedre

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

delar av Tydalen og øvre delar av Selbu er relativt stor samanlikna med avstanden til nabokommunane i sør. Ein finn heller ingen såkalla mellomvarietet i grenseområdet mellom Selbu og Tydalen. I den nedste grenda i Tydalen, Hilmo, har talemålet tradisjonelt sett ikkje vori avvikande frå den målet ein finn i midtbygda Ås, og slik ser òg ut til å vera i dag. Talemålet i den øvste delen av Selbu, nærmare bestemd Flora, har tradisjonelt hatt somme former som har skild seg litt i frå ”vanleg” selbumål, til dømes har floringane ikkje hatt dei særmerkte nasale vokalane *ã*, *ĩ* og *õ* som ein finn i tradisjonelt selbumål. I tillegg står floringane nærmere tydalsmålet i behandlinga av *t* etter opphavleg diftong. Denne *t*-en blir nemleg palatalisert i selbumålet, men ikkje i Flora og Tydalen. Selbyggane seier såleis *błec* [blaut], medan floringane og tydalingane seier *błøt* (Røset 2008:38-40). I tillegg finn ein eit par morfologiske skilnader mellom talemålet i Flora og målet i resten av Selbu, men desse avvika er likevel såpass få at det langt i frå er snakk om at talemålet i Flora utgjer nokon mellomvarietet. Dessutan er det mykje som tyder på at dei få skilnadene som har vori mellom talemålet i Flora og resten av Selbu, i dag er i ferd med å falle bort.<sup>25</sup>

2. Det ser ut som den språklege avstanden mellom Selbu og Tydalen held seg stabil. Ein kan til og me finne døme på at den aukar. Eit døme på det er fleirtalsendingane i hokjønnsord. Her har selbumålet og tydalsmålet hatt same praksis, ved at sterke hokjønnsord får *i*-ending (*myri*, *se'i* og *grani*) og dei svake får *å*-ending (*jæntå*, *byccå* [bøtter] og *lampå*). Blant ein del yngre tydalingar ser ein at desse to endingane fell saman til *a*-ending. Dette kan ein sjå på som eit resultat av ein generell nivelleringsprosess der slike avstikkande bøyingsmønster har ein sterk tendens til å falle bort. Likevel skal ein ikkje utelukke polarisering som forklaring på dette, jf. følgjande sitat frå informanten Kristine: */næi, e tru'icc e si "sagi", de e så særbygg høres de ut såmm. [LATTER] e tru'icc e si de. e tru e har fel der ja, men e si "frere sagε"/*. Her kjem det tydeleg fram at informanten oppfattar ei tradisjonell tydalsform som selbygg, og at dette er *ein* av grunnane til at ho vel å avstå frå å bruke denne forma. Likevel held ho på *å*-endinga i dei svake hokjønnsorda, slik at ho altså seier fleire *sagε*, men fleire *kajnå*. Formar med *å*-ending oppfattar ho som meir tydaling enn formar med *i*-ending. I dette tilfellet er det difor vanskeleg å sjå endringa som ein eintydig nivelleringsprosess, fordi da skulle ein forvente fullstendig samanfall mellom dei to formene. Derimot meiner eg dette er eit typisk døme på naboopposisjon, der eit språkdrag det tilsynelatande er høgt medvit om blir tolka som eit uttrykk for tilnærming til selbumål, sjølv om informanten Kristine i sitatet ovafor gjev uttrykk for at ho trur *i*-ending òg hører heime i

<sup>25</sup> Denne påstanden har eg fått bekrefta gjennom samtaler med yngre personar frå Flora.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

tydalsmålet. At *i*-endinga ligg lenger i frå ei *a*-ending enn ei *å*-ending, artikulatorisk sett, kan òg vera ei forklaring. Dermed blir *i*-endinga meir avstikkande, eller salient (jf. kap. 5.2.4), og såleis meir utsett for endring. Men om ein legg synspunkta til informantane til grunn ser det altså ut som at polarisering er den viktigaste forklaringa på denne endringstendensen. Likevel er det lite truleg at denne tilsynelatande polariseringa vil føre til ein varig språkleg *skilnad* mellom Selbu og Tydalen på dette punktet. Mest sannsynleg vil både målføra ha gjennomført dette samanfallet etter kvart, men då som eit resultat av generell nivellering. Ein annan faktor som er verdt å nemne her er at det truleg har eksistert ein viss inkonsekvens i tydalsmålet på dette område i lengre tid, særleg når det gjeld dei sterke endingane. Spørjelister<sup>26</sup> frå 1971 med eldre og såkalla ”autentiske” språkbrukarar frå Tydalen gjev ein del opplysningar om morfologi, og her viser det seg at *a*-ending var nokså vanleg i ein del fleirtalsendingar av hokjønnsord allereie blant informantar fødd kring 1900. Dette var særleg utbreidd på Stugudalen, som på dette området viste slektskap mot rørosområdet.

Uansett ser det ut som at medvitet om den markerte skilnaden mellom selbumål og tydalsmål er med på å halde den språklege avstanden stabil. Aller tydelegast kjem dette fram hos ungdommen. Ein lærar på ungdomsskulen har lagt merke til at elevane er opptatt av dette:

*/åsså høre e nå de no ætt... dømm si nå de at dømm ska prøve å haåle på dialektn å akkorat no så e de flik ætt de e lite (litt) inn de her, både ferr å haåle på idenntitetn sijnn dø, men å ferr å skape litograffy avstøpp te andre, fræksempel særbyggømm./*

Vidare seier han at markering av slik avstand ikkje ser ut til å vera like viktig når det er snakk om Røros og rørosmål: */fåreløpi ha'icc e hødd ætt de e nå om å gjør å skape nå avstøpp te rørosiye værken i fārhåll te dialækt æll i fārhåll te nå aypne/*.

3. Fråsegna ovafor viser at det er stort medvit kring den språklege opposisjonen mellom Selbu og Tydalen. Den meir generelle sosiokulturelle motsetnaden mellom Selbu og Tydalen har eksistert gjennom lange tider, og ei gammal regle frå Tydalen slår fast at: ”Sælbyg, langryg, gaar i gardøm aa stel byg” medan selbyggane sa ”Tydøl, inhøl, gaar i gardåm aa stel møl” (Hansen 1873:4). Særleg innafor idretten har det liksom vorti eit mantra for tydalingerne å slå selbyggane, om det går aldri så därleg elles. Innafor ei slik form for bygdepatriotisme blir ofte dei språklege skilnadene brukt for å gjera narr av motparten. Ein selbygg skal ein gong ha sagt at */tyarinen e fan icc røtt nei, åm si "hugue" om "høe"/*. Forma *huggu* [hovud] er noko mange av informantane trekker fram som eit typisk tydalsord. Dette er utvilsamt ei form det knyter seg høg grad av språkleg medvit til. Særleg blir dette

<sup>26</sup> *Spørjeliste for trønderske målføre* finst ferdig utfylt, med tre informantar frå Tydalen. Takk til professor emeritus Arnold Dalen ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU for utlån.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

trekt fram som ein viktig grensemarkør mellom tydalsmål og selbumål, her av informanten Kristine:

*/e tænče nå på "hugue". Som færæksæmpel nårr'n (sambuaren, som er selbygg) si "høe", da fe e helt... de e de væfste ore... e hate de ore asså. de e så fæt. de e stykt de ore, ræcc å slæcc stykt! så "hugue" bṛi ræcc ått me liksom. de e nåjjn or såmm e lægg mærke te me'en gåy haj si dæmm./*

Noko som er påfallande blant dei eg har brukt som informantar til denne undersøkinga, er det den udelte positive haldninga til heimplassen. Det er med andre ord mykje som tyder på at graden av "Ortsloyalität" er høg blant tydalinger. Språket er ein viktig del av dette, og det ser ut som at det herskar eit positivt syn på eigen dialekt. Adjektiv som "fin", "klangfull", "ekte" og "rein" blir ofte brukt når informantane blir bedne om å karakterisere tydalsmålet.

Det ser dermed ut som at polarisering og språkleg avstandsmarkering til andre språksamfunn, særleg Selbu, er eit tydeleg og viktig aspekt i det store biletet av språksamfunnet Tydalen. Vidare meiner eg det er god grunn til å hevde at dette er ein viktig del av forklaringa på den stabiliteten som språkforholda i Tydalen ser ut til å bera preg av. Likevel er det viktig å understreke at polarisering berre har forklarande verdi på dei språkdraga det er knytt høg grad av medvit til. Dette er nemleg eit av vilkåra for polarisering, eller rettare sagt naboposisjon:

Sprogformer kan undergaa samme forandringer som de naboposition volder, uten bevisst stræben etter at forandre; da er der jo ikke nogen opposition, og ordet naboposition vilde i det tilfælde være meget uriktig anvendt. Men man maa kjende de sprogtilstande man har at gjøre med, særdeles vel for at kunne vite hvilken grad av bevissthet overgangen har været ledsgaget av (Larsen 1917:38-39).

For mindre markerte språkdrag vil eg difor leite etter andre forklaringsmodellar i det følgjande, som rører ved det meir umedvitne og umarkerte i språket.

### 6.2.2. Urbanisering

Urbaniseringen av samfunnet har for svært mange bidratt til en mental urbanisering, som igjen har påvirket våre valg av språklige strategier (Ulset 2002:213).

Det gjev lite mening å snakke om urbanisering utan å forklare kva ein legg i eit slik omgrep. Ifølgje Store norske leksikon betyr *urban* "bymessig, typisk for byer, som har med byer og bykultur å gjøre; beleven, høflig; kultivert, dannet". Motsatsen til *urban* er *rural*, som Store norske leksikon kort og greitt definerer som "landlig" ([www.snl.no](http://www.snl.no)).

Sjølve omgrepet *urbanisering* rommar grovt sett to ulike aspekt. Det første aspektet er det ein må kunne kalte for *strukturell urbanisering*, altså at område som tidlegare hadde eit

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

tydeleg ruralt preg no har vorti meir urbane eller bymessige. Vidare vil strukturell urbanisering òg innebera ein flyttestraum frå perifere til meir sentrale område. Den andre aspektet handlar om korleis menneske erstattar tradisjonelle og rurale verdiar med ein meir moderne tenkjemåte. Dette blir ofte kalla *mental urbanisering* (Hompland 1984:15). Graden av mental urbanisering vil dermed gjeva seg utslag i til dømes levesett, stil, ytringar og ikkje minst språk. Ei mental urbanisering vil såleis vera ein del av vår eigen identitetskonstruksjon, ved at me orienterer oss mot det moderne og bort frå det tradisjonelle.

Når det gjeld *samspelet* mellom strukturell og mental urbanisering, er det ikkje slik at det eine nødvendigvis fører til det andre. Med dagens tilgang til informasjon og medium er det fullt mogleg å vera ”mentalt urbanisert” sjølv om ein bur på ein stad der den strukturelle urbaniseringa ikkje er særleg framtredande. På den andre sida kan ein bu i ein urban storby, men samstundes vera orientert mot typiske rurale verdiar (sjølv om dette truleg er mindre utbreidd). Såleis spelar geografisk plassering ei mindre rolle i dag enn før, då urbane *verdiar* først og fremst var knytt til folk i urbane *område*, og vice versa. Likevel er mental og strukturell urbanisering på mange måtar to sider av same sak, fordi både har sitt opphav i den meir verdsomspennande *globaliseringa*. Denne globaliseringa gjev altså utslag både på eit strukturelt, samfunnsmessig nivå og på eit meir psykologisk nivå, ved at *urbanitet* ser ut til å prege både nivåa i langt større grad enn før (jf. til dømes Hompland (1984)).

Ein annan dikotomi som kanskje er vel så eigna til å skildre motsetninga mellom urbanitet og ruralitet er termane *modernitet* og *tradisjon*. Brit Mæhlum (2007:63-64) knyter desse termene opp mot språklege utviklingsprosessar, der modernitet representerer praksisformer og verdigrunnlag som peikar ut over det lokale, altså i retning av noko overlokalt eller globalt. Tradisjonsdimensjonen rommar dermed praksisformer og verdigrunnlag som er avgrensa til det lokale og som blir nedarva og overlevert lokalt. Medan tradisjon inneber *kontinuitet*, står modernitet ofte for eit markert *brot* med fortida sine normer, verdiar og førestillingar.

Innafor fagretninga sosiolingvistikk er det eit viktig prisnipp at samfunnsutviklinga heng saman med språkutviklinga. Når fenomenet *urbanisering* så definitivt har prega samfunnsutviklinga i Vest-Europa, vil det difor vera nærliggjande å hevde at dette har hatt innverknad på språkutviklinga. I det følgjande vil eg difor drøfte om urbanisering kan ha forklarande verdi for språksituasjonen i Tydalen.

Ein viktig skilnad mellom urbane og rurale språksamfunn har vori at medan eit urbant språksamfunn har romma stort språkleg mangfald både av ulike dialektar og språk, har rurale språksamfunn vori langt meir prega av språkleg homogenitet og einsretting. Denne

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

skilnaden har mykje av si forklaring i at dei to typane språksamfunn er sett saman av to ulike typar *sosiale nettverk*, høvesvis lause og tette. Medan tette sosiale nettverk har vori eit typisk ruralt fenomen, har lause sosiale nettverk vori mest vanleg i urbane språksamfunn. Sjølve omgrepene *sosiale nettverk* i sosiolingvistisk samanheng fokuserer på dei sosiale banda som oppstår mellom språkbrukarar, og vidare korleis desse banda påverkar språket til kvar einskild språkbrukar (Mullany 2007:87). I staden for å sjå på det hierarkiske forholdet mellom medlemane i ei sosial gruppe prøver nettverksteorien å fokusere på korleis det einskilde individet handlar i samspelet med andre. Kort sagt består sosiale nettverk av dei personane me har jamleg kontakt med og relasjonane mellom dei (Mæhlum 2008:116).

Me skil som sagt mellom to hovudtypar sosiale nettverk. *Tette sosiale nettverk* er prega av ei relativt avgrensa mengd personar som ofte er knytte til einannan gjennom fleire roller. Dermed oppstår såkalla *multiplekse kontaktrelasjonar*, ved at personar i nettverket omgås kvarandre i eit mangfaldig spekter av situasjonar. Forutan å vera arbeidskollegar kan to personar òg ha jamleg kontakt gjennom til dømes verv i friviljuge eller politiske organisasjonar, i tillegg til at dei er naboor og dermed ofte treffest i meir uformelle situasjonar. Denne nettverkstypen har tradisjonelt hatt ein meir framtredande plass i rurale samfunn, medan meir urbane samfunn har vori prega av meir opne nettverk, med *uniplekse kontaktrelasjonar*. Det betyr at personar berre har kontakt gjennom *ei* rolle, og ikkje fleire, slik tilfelle var med multiplekse nettverk (ibid.).

Samanhengen mellom sosiale nettverk og språkleg åtferd vil variere i styrke etter kva type sosiale nettverk det er snakk om. Sterkast vil denne samanhengen vera i tette sosiale nettverk. Ved tette og regelmessige relasjonar vil groupedynamikken i stor grad vera styrt av sosiale normer, der presset om å opptre i tråd med desse normene er forholdsvis sterkt. Krav om språkleg åtferd inngår i desse normene, slik at det tette sosiale nettverket langt på veg har ein definert språkleg praksis som er å sjå på som ”den godkjende” for den aktuelle gruppa. Språkleg konformisme vil altså vera eit symptomatisk trekk innanfor tette nettverk (jf. kap. 6.1.1.). Like tydeleg er ikkje denne samanhengen for meir lause sosiale nettverk, der relasjonane ofte er knytt til *ein* bestemd situasjon eller aktivitet. I slike nettverk kan ein dermed forvente å finne eit større innslag av variasjon, både på eit inter- og intraindividuelt nivå (op.cit.:117-118).

Når ein no ser at bygdesamfunn har vorti meir urbane, fører dette til ei endring i dei sosiale strukturane i dei tidlegare rurale områda. Medan landsbygda tidlegare hadde tette sosiale nettverk som ofte besto av eit lite utval med personar som hadde ein relativt avgrensa geografisk og sosial aksjonsradius, ser ein i dag tydelege tendensar til ei oppløysing av desse

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

nettverka, ved at uniplekse kontaktrelasjonar har vorti langt meir vanleg. I overgangen frå tette til lausare sosialt nettverk er det dermed rimeleg å hevde at språksituasjonen vil gå frå å vera relativt stabil til å bli meir labil (Ulset 2002:207-208). På eit meir individorientert nivå vil det vera fleire dimensjonar som verkar inn på graden av modernitet. Til dømes heng identitet, både personleg og sosial, nøye saman med modernitet, noko eg var inne på ovafor. Dette kjem eg attende til i kapitel 6.2.3.

Fram til 1960 var Tydalen eit utprega bondesamfunn med relativt mange og små gardsbruk. Noko gruvedrift har det vori, men denne industrien hadde ikkje på langt nær same omfang i Tydalen som i til dømes rørosområdet og Ålen. Tydalssamfunnet ser dermed ut til å ha vori nokså einsarta og lukka fram til 1960. Etter 1960 kom kraftutbygginga i gang, noko som førte til at bygda vart meir open for impulsar utanfrå. No vart det utbygd vegsamband til Røros og Holtålen, noko som etter kvart har gjort Tydalen til ein gjennomfartsstad, særleg for dei som kjem nordafrå på veg til Røros. I tillegg fekk ein stor innflytting av folk som fekk jobb ved e-verket (sjå kap. 2.1.2.). Mange av desse innflyttarane vart busette i Neabyen, som var eige bustadområde for tilsette ved e-verket, med ca 12-13 husstandar. Dette vart dermed ein stad der folk med forskjellige geografisk opphav vart nabobar. Ein av mine informantar, Hans, voks opp her på 60-talet, i lag med foreldre som ikkje var tydalingar, og tre søskener. Hans fortel at Neabyen på mange måtar skilde seg frå resten av Tydalen på den tida:

*/de va jo bōi der (Neabyen) mi hadde håppbakkejjn å slalombakkejjn å firæjnæ å fotbaðbanijn å o-løpr å juqtrefæstejjn å allt i hop. mi va jo i eget samfujjjn bōi der egentli, såmm kanse va literajjjn i opposisjon i mot di ander... såmm østbyrijejjn å nebruijejjn og bærgařijejjn./*

Mange av mine informantar peiker på at kraftutbygginga medførte store endringar i tydalsmålet. Likevel var det ein klar tendens til at ungar som voks opp i den ”fleirdialektale” Neabyen utvikla eit talemål som ikkje skilte seg vesentleg ut frå talemålet til andre ungar på same alder, noko informanten Hans var inne på: */de va førk frå hele løyne egentli, vettu, mer ælk mijder, som samræs der. så de va i unndeli sammensurium tå dialæktr [...] men oyjejjn dømm... e tru dømm to åt se tydialæktr, ja/*. Eg meiner det difor er grunn til å stille spørsmål ved om talemålsendringa som følgje av kraftutbygginga faktisk var så stor som mange vil ha det til. Somme peikar på kraftutbygginga som eit markert brot i talemålsutviklinga i Tydalen, der det gamle målet, som frå før var nokså stabilt og ”sementert”, plutselig vart kasta inn i ein nokså opprivande endringsprosess. At det skjedde ei utvikling i tydalsmålet i denne perioden, er det liten tvil om. Likevel finn eg lite som tyder på at denne perioden hadde ei meir ”opprivande” språkutvikling enn andre periodar, korkje før

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

eller etter kraftutbygginga. Sett frå eit overordna perspektiv ser det altså ut som at førestillinga om kraftutbygginga som eit språkleg vendepunkt er nokså overdrivi hos mange. Dette kjem seinare klart fram i kapitel 6.3.1. der ein vil sjå at språkpraksisen hos ein person som voks opp i Neabyen, ikkje skil seg nemneverdig frå det tradisjonelle tydalsmålet.

Trass i strukturell eller næringsmessig urbanisering på mange område ser det ut til at dei tradisjonelle *tette* sosiale nettverka framleis dominerer den sosiale strukturen i tydalssamfunnet. Det vil jo nødvendigvis bli slik at språksamfunn med få innbyggjarar er prega av multiplekse kontakrelasjonar, sia den einskilde ofte innehavar fleire roller i den typen lokalsamfunn. Dermed kan ein og same person møte lokalsamfunnet både som lærar, kommunestyremedlem og leiar i idrettslaget. Dette er noko fleire av informantane trekker fram som positivt ved tydalssamfunnet. Det at ”alle kjenner alle” blir av dei aller fleste oppfatta som ein positiv eigenskap ved lokalsamfunnet, sjølv om somme peiker på at dette òg har sine ulemper, som til dømes bygdesladder og at det er nærmast umogleg å ikkje bli lagt merke til. Slike tette band mellom kvart individ i ein populasjon har stor innverknad på språksituasjonen; “linguistic change is slow to the extent that the relevant populations are well established and bound by strong ties, whereas it is rapid to the extent that weak ties exist in populations” (Milroy og Milroy 1985:375)

Likevel vil ein finne fleire døme på uniplekse relasjonar no enn før i Tydalen. Pendling, heimekontor og administrasjon utanfor bygda er alle jobbrelaterte situasjonar som er meir vanleg i dag enn før. I slike situasjonar knyter ein band til personar og miljø utanfor Tydalen, men sjeldan blir desse relasjonane til noko meir enn berre jobbrelatert og sporadisk kontakt. Det er nok difor ein realitet for mange tydalingar at dei har ein tosidig nettverksstruktur, med tette og multiplekse relasjonar til sambygdingar på den eine sida, og lause uniplekse relasjonar i jobbsamanheng. Fleire av informantane framhevar denne tosidigheita, og vidare at dette verkar inn på talemålet:

*/ti dæjn jobbinn e ha i dag så ha e jo my kontakt me førk i frå manje plassa i lappne dø kapp du si. å da lægg e sekket om. E snakke jo dagli på tellefon me førk i frå fefellie plassa og e tru e slipe'n (dialekten) da ja./*

Ein slik språkleg praksis drøfta eg i kapitel 6.1.1.

På eit meir psykologisk nivå pratar ein altså om *mental urbanisering*. Dette inneber, slik Røyneland (2005:20) ordlegg seg, ”at det har skjedd ei modernisering, eller globalisering om ein vil, som potensielt har ført med seg endringar i folks orientering, normer, verdiar, levesett og sosiale preferansar”. Som sagt tidlegare treng ikkje mental urbanisering nødvendigvis komme som ei følgje av fysisk eller strukturell urbanisering. Ulset (2002:208)

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

seier at "[...] urbane holdninger og urban livsførsel spres fra by til land uten at det nødvendigvis foregår noen fysisk urbanisering av samfunnet". I dag kan me altså velje mellom ein rural eller urban livsstil i langt større grad enn før. Dette er sjølvsagt òg tilfelle i Tydalen. Ungdom her får gjennom media i stor grad dei same impulsane som ungdom i byen. Bortimot alle tydalsungdommar har dagleg kontakt med omverda gjennom Facebook eller andre sosiale medium og dei har tilgang til dei same fjernsynskanalane og internetsidene som ungdom elles i landet. Det kan altså i stor grad velje sjølv kva slags verdiar dei vil bli assosiert med, noko Gry Paulgaard (2006:71) òg er inne på når det gjeld ungdom i Honningsvåg:

Det unge foretar seg på 71 grader nord, synes ikke å være vesentlig forskjellig fra det unge foretar seg på andre steder. Sosialt liv kan i dag fortolkes ut fra et mangfold av kunnskaper, informasjon og erfaringer som ikke lenger er like *lokalt* forankret som tidligere (mi uthaving).

Hårstad (2004:58-59) skil mellom to personlegdomstypar blant oppdalsungdommen, på liknande måte som Martin Skjekkeland (2001) gjer blant ungdom i Kvinesdal. Dei skil mellom *homo dynamicus*, som er den moderne, mobile typen som har sine referanserammer utanfor heimbygda, og *homo staticus*, som identifiserer seg langt meir med heimbygda og ser for seg ei framtid der. Desse typane er sjølvsagt idealiserte storleikar som ikkje gjev eit fullstendig bilet av kvart individ. Dei aller fleste individua vil truleg plassere seg ein stad mellom dei to ytterpunktene. Likevel vil det ofte vera slik at personar vil likne meir på ein av desse to personlegdomstypane, somme i sterkare grad enn andre. Dermed blir ein, ved å kategorisere personar ut i frå denne dikotomien, i stand til å sjå ulike mønster i korleis dei to personlegdomstypane handlar språkleg sett. Her finn Hårstad (2004:162) klare tendensar til at informantar som inngår i typen *homo dynamicus*, modifiserer talemålet i langt større grad enn *homo staticus*-informantane. Den same tendensen ser me hos Skjekkeland (2001:37). På bakgrunn av desse funna ser det dermed ut som at det kan vera ein nokså klar samanheng mellom personlegdom og språkleg praksis.

Som nemnd tidlegare (kap. 4.2.2. og 5.2.3) finn eg ikkje døme på talespråkleg modifikasjon i same grad som hos Hårstad (2004) og Røyneland (2005) blant mine informantar. Spørsmålet er då om fråværet av denne typen språkleg praksis dermed vil seie det same som at det ikkje finst personar av typen *homo dynamicus* i Tydalen. Her må eg sjølvsagt ta med i vurderinga at eg berre har éin informant under 17 år (om ein ser bort frå gruppeintervjuet), og at dei mest "ekstreme" døma på *homo dynamicus* allereie kan tenkjast å ha flytta frå bygda. Men dersom det er slik at desse allereie flyttar ut før dei startar på

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

vidaregåande, vil dei vel samstundes ha liten eller ingen innverknad på språkutviklinga *innafor* Tydalen. Unntaket kan vera studentar eller liknande som bur ein annan stad over ein viss periode, men som likevel held god kontakt med heimbygda.

Eg meiner likevel det finst representantar for *homo dynamicus* i tydalssamfunn. Ein av informantane, Gunn, er til dømes student i ein europeisk storby til dagleg og lever såleis eit nokså urbant liv (sjå kap. 5.2.2 for nærmere omtale av Gunn). Eg vil likevel argumentere for at ho er ein del av språksamfunnet Tydalen fordi ho framleis har sterke band til heimstaden og er engasjert i fleire aktivitetar som finn stad i Tydalen. Det som er verdt å merkje seg med Gunn, er at ho er ein av ungdomsinformantane som har det mest arkaiske talemålet. Dette kan ein sjølvsagt tolke som eit unntak frå det som er normalen, men eg har òg fleire døme på at somme av informantane mine har verdiar og levesett som langt på veg kan knytast til *homo dynamicus*, *utan* at dette nødvendigvis fører med seg eit modifisert talemål. På den andre sida ser me at informanten Finn, som har mange modifiserte former, går på yrkesfag ved Selbu vidaregåande og framleis bur heime. Han oppfyller i stor grad krava til å blir karakterisert som ein *homo staticus*. Ein finn altså døme både på *homo staticus* og *homo dynamicus* i Tydalen, men samanhengen mellom desse personlegdomstypane og språkleg åtferd ser på ingen måte ut til å vera eintydig. I ein del døme vil ein sjølvsagt finne samanfall mellom personlegdomstypar og graden av språkleg modifikasjon, men eg meiner unntaka her er såpass påfallande at eg vil vera veldig skeptisk til å bruke dette som ei *forklaring* på språkleg åtferd i Tydalen. Dermed må det vera andre mekanismar som på sett og vis ”overstyrer” personlegdomstypane, slik at graden av mental urbanisering blir mindre relevant for den språklege åtferda hos den einskilde.

### 6.2.3. Gruppeidentitet og tilhørslle

Når kollektive identiteter fremstår som enhetlige, vil interne forskjeller underkommuniseres, fordi kontrasten til det som oppleves som enda mer forskjellig fremheves (Paulgaard 2006:73).

At identitet og språk ofte heng nøye saman er eit velkjend prinsipp innafor sosiolingvistikken. Språket fungerer som ein sosial markør der språklege realiseringar blir å sjå på som *identitetshandlingar*. Sjølve omgrepene *identitet* har vori eit mykje debattert tema opp gjennom faghistoria, med til dels nokså sprikande syn<sup>27</sup>. Ei vanleg tilnærming har vori at identiteten i hovudsak rommar to aspekt, *personleg* og *sosial identitet*. Den personlege identiteten gjer oss

<sup>27</sup> Sjå til dømes Edwards (2009).

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

unik i forhold til andre, medan den sosiale identiteten knyter oss opp mot sosiale grupper (Tajfel 1978). Gjennom personleg identitet viser me at me er unike, og gjennom sosial identitet viser me at me er ein del av eit større fellesskap. Den sosiale identiteten, som vil vera hovudfokus i denne delen, kan seiast å romme to viktige premissar: For det fyrste så har kvart individ eit potensial i seg til å ha ulike sosiale identitetar. For det andre blir eit individ sin uttrykte identitet forma i den einskilde situasjonen (Røyneland 2005:114). Me kan såleis spela på ulike sosiale identitetar ut i frå kva type sosial interaksjon me er i. Det er verdt å merkje seg at personleg og sosial identitet heng nøye saman med einannan. Ifølgje Mæhlum (2008:108)” [...] står de i et gjensidig avhengighetsforhold. En måte å formulere denne dobbeltheten på er å si at *et individs identitet blir utkrystallisert i spenningsfeltet mellom det individuelle og det kollektive*”. I denne delen vil eg ta for meg det *kollektive* og sjå på om det finst éin kollektiv sosial identitet blant tydalingane som kan vera med på å forklare kvifor språksituasjonen i Tydalen er så homogen som han er. Vidare vil det vera naturleg å sjå nærare på kva ein slik eventuell sosial identitet inneber. Sjølve ideen om ein kollektiv eller sosial gruppeidentitet kan fortone seg som ei sjølvmotseiing fordi identitet er noko som bur i det einskilde individet. Ei sosial gruppe består difor av *mange* individuelle identitetar, og ikkje *ein* felles. Likevel vil det innafor alle sosiale grupper eksistere ei *førestilling* om at noko innafor gruppa er felles. Dermed blir det nettopp denne kollektive førestillinga som utgjer gruppa sin identitet.

Termane *sosial identitet*, *gruppeidentitet* og *kollektiv identitet* er mykje brukt innafor sosiolingvistikken og rommar alle noko av det same meiningsinhaldet. Eg vil i det vidare forstå termane sosial identitet og gruppeidentitet som synonym. Termen kollektiv identitet omhandlar òg i og for seg det same, men har nok fyrst og fremst vorti assosiert med eit meir nasjonalt perspektiv og dermed større folkegrupper enn det som er tilfelle i Tydalen. Ideen om at språket representerer nasjonalstaten sin kollektive identitet var ei vanleg førestilling på 1800-talet, noko ein må betakte som eit typisk døme på det *essensialistiske* vitskapskapssynet som rådde på den tida (Auer 2007:2). For å styre unna den typen assosiasjonar vil eg altså halde meg til termane *sosial identitet* og *gruppeidentitet*. Desse termane byggjer på ei meir *konstruktivistisk* tilnærming, ved at slike fenomen er noko som berre eksisterer som sosiale eller kulturelle konstruksjonar.

I og med at den generelle tendensen til språkleg homogenitet i Tydalen er stor samanlikna med mange andre stader er det rimeleg å tru at det blant tydalingane finst ei gjennomgåande haldning til heimstaden og talemålet der som er nokså eintydig. Ein slik felles gruppeidentitet på ein stad var i stor grad noko som vart sett på som ”naturgevi” tidlegare,

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

utan at det vart reflektert så mykje over det. I tillegg sette infrastrukturelle faktorar ein stoppar for utstrekkt kontakt med omverda i langt større grad enn i dag. Som eit resultat av dette oppsto det dermed ei sosiokulturell referanseramme innafor dei respektive lokalsamfunna som var meir rigid og homogen enn det som er tilfellet i dag. Tidlegare hadde ein ikkje den same tilgangen til informasjon som i dag, noko som mellom anna gav seg utslag i at ein hadde langt færre valmoglegheiter på den sosiale, så vel som den språklege marknadsplassen, for å låne ein velkjend metafor frå Pierre Bourdieu (1991). Dette kom vidare til uttrykk på eit mentalt plan, der den sosiale identiteten dermed vart relativt einsarta og lik mellom individua innafor eit lokalsamfunn (Paulgaard 2006:73). Vidare hevdar Paulgaard at i dag er derimot sosial identitet<sup>28</sup> noko som må *skapast*. Ho meiner at grunnen til at sosial identitet ser ut til å vera viktigare i dag enn før, er den såkalla individualiseringsprosessen, der individet sin fridom til å skapa seg sjølv er det sentrale. Dette legg eit stort press på det enskilde individet, fordi det ikkje er i stand til å skapa seg sjølv fullt ut på eigen hand. Sosiale identitetar fungerer dermed som ”knaggar” me kan henge vår *personlege* identitet på, og me oppnår tryggleik og orden i konstruksjonsprosessen av eigen identitet. Eit anna viktig poeng er at sosiale identitetar kan fungere homogeniseringe. Individ med felles gruppeidentitet kan ofte bli oppfatta som meir like enn dei faktisk er, fordi dei interne kontrastane ofte blir oversette til fordel for dei meir markerte kontrastane i forhold til andre grupper (*ibid.*). Difor handlar sosial identitet like mykje om skilnader og distinksjonar til andre grupper, som likskap og konsensus innafor ei gruppe. Sosial identitet heng difor nøye saman med fenomen som naboopposisjon og polarisering, som eg drøfta i kap 6.2.1.

Det ser ut som at informantane til denne undersøkinga har eit gjennomgåande positivt syn på heimbygda. Sjølv om fleire av dei godt kan tenkje seg ei framtid utanfor Tydalen, oppfattar alle Tydalen som ein god og trygg stad å bu på. ”Vakker natur”, ”fredfullt”, ”trivelege folk” og ”godt samhald” er eigenskapar som blir trekt fram av informantane. Sett utanfrå kjem tydalsidentiteten enno klårare fram. Eg har fleire gonger registrert at folk utanfor Tydalen ofte framhevar at tydalingane er så samla. Det er nok ei utbreidd førestilling at tydalingane støttar opp om heimbygda og tar eit felles tak når det trengs. Dugnadsande blir ofte trekt fram som typisk Tydalen av informantane. Dette er sjølvsagt eit noko idealisert og unyansert bilet, men sosiale grupper eksisterer først og fremst på eit idealisert nivå, der våre førestillingar om andre grupper blir av stor betydning for kva som etter kvart blir karakteriseringe for desse gruppene. Fenomenet *out-group homogeneity*

---

<sup>28</sup> Paulgaard bruker rett nok termen *kollektiv identitet*, men eg vel likevel å halde meg til termene *sosial identitet* og *gruppeidentitet*.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

*effect* blir dermed viktig, ved at ein *oppfattar* si eiga gruppe som meir heterogen enn andre grupper, medan alle individua i desse andre gruppene derimot blir oppfatta som heilt like (Edwards 2009:26). Vidare har ingen av informantane problem med å kalle seg sjølv for *tydaling*, korkje overfor meg eller i andre situasjoner. Dei har aldri opplevd det som flaut eller negativt å omtale seg sjølv som tydaling. Ein av dei yngre informantane er for tida i militæret, og der er det aldri eit problem å stå fram som tydaling: */næi, e e nå stållt tå å vår frå tydal& e. å de va nå ækstra atukt i høsst nårr dæj her kommunemårija kom fræm ti avisåp. da va de væffa& atukt å trække fræm "dagb&rae" å vise tå ke& va i frå/*. I denne kommunemålinga som han refererer til vart Tydal, som tidlegare nemnd, kåra til landets beste kommune å bu i av Dagbladet.

Gry Paulgaard (op.cit:74) framhevar vidare at gruppeidentitetar *ikkje* er noko me fullt ut kan velje og vrake etter eigne ønske. I mange tilfelle kan me faktisk vera ein del av ei sosial gruppe me *ikkje* ønskjer å vera ein del av. I slike tilfelle kan mange føle at dei er pressa inn i ei ”kollektiv tvangstrøye”. Ein reaksjon på dette kan vera å søke ut av denne tvangstrøya og orientere seg meir mot det urbane eller moderne. Reint språkleg vil dette ofte føre med seg ein talespråkleg konvergens mot eit meir standardnært talemål. Dermed ser me at òg urbanisering (jf. kap. 6.2.2.) er ein viktig del av sosiale identitetsprosessar.

Mine informantar ser derimot *ikkje* ut til å kjenne på ei slik kollektiv tvangstrøye. Dei har aldri følt at tydalsidentiteten er noko dei er pressa inn i, og at dette legg sosiale avgrensingar på deira moglegheiter for å nå sine mål i livet. Det er på ingen måte ei overdriving å seie at heimbygda vekker positive assosiasjonar blant alle mine informantar. Motiva bak eit slik positivt syn på heimbygda er derimot svært varierande. I hovudsak finn eg to ulike motivasjonar bak mine informantar sitt positive syn på heimbygda. På den eine sida kan ein sjå på sterkt tilhørslle til heimbygda som eit ruralt fenomen, der tradisjonelle verdiar og liten grad av mental urbanisering ligg til grunn. Denne tilnærminga knyter synet på heimstaden til den personlegdomstypen eg i kapitel 6.2.2. omtala som *homo staticus*. Hos slike personar representerer lokale særdrag det umarkerte og normale, og vidare noko vedkommande *ikkje* har reflektert så mykje over. Den andre motivasjonen bak den sterke stadtilhørsla blant tydalingar kan tolkast som eit typisk moderne og urbant fenomen, ved at personar legg vekt på det unike og ”eksotiske” ved å komme frå ein liten stad. Den rurale bakgrunnen er i møtet med storsamfunnet såleis med på å gjera den einskilde til noko særskild som skil seg ut frå ”normalen”. Denne tilnærminga finn ein hos personar som er orienterte mot *homo dynamicus*, dvs. dei som er meir mobile, både geografisk og sosialt. Dette må ein sjå i samanheng med den tidlegare omtala individualiseringsprosessen, der individet sjølv i

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

større grad enn før konstruerer sin eigen identitet gjennom medvitne val. Ein *homo dynamicus* kan på den måten i stor grad markere sterkt tilhørsle til heimstaden, men motiva bak denne markeringa er høgst forskjellig frå ein *homo staticus*. Her er det viktig å presisere at dei to typane har heilt forskjellige sosiale *aksjonsrader*. Ein *homo staticus* lever i ein kvar dag som må kunne seiast å vera relativt avgrensa både geografisk og sosialt ved at ein slik person er orientert mot det *lokale*, medan ein *homo dynamicus* er orientert mot det meir *overlokale* eller *globale*. Ein annan skilnad er at medan ein *homo dynamicus* bruker sin rurale bakgrunn aktivt og medvite i konstruksjonen av sin eigen identitet, er dette noko *homo staticus* ikkje reflekterer så mykje over. Desse to tilnærmingane illustrerer eg i figur 8 nedanfor.

Figur 9: Tradisjonelt versus moderne syn på heimbygda Tydalen.

	<b>Homo staticus</b>	<b>Homo dynamicus</b>
Sosial/geografisk aksjonsradius:	Avgrensa, lokal.	Vid, overlokal eller global.
Syn på heimstaden:	Positivt.	Positivt.
Motiv bak dette synet:	Tradisjon. Normalt og umarkert.	Skilja seg ut i møtet med storsamfunnet. Eksotisk og markert.
Refleksjon kring dette:	Lite.	Mykje.

Me ser ut i frå figur 8 at både motiva bak og refleksjonen kring stadtilhørsle artar seg høgst forskjellig for dei to personlegdomstypane. Unn Røyneland (2005) er inne på mykje av det same når det gjeld ungdom på Røros. At lokal stadtilhørsle blir eit uttrykk for modernitet sett ho i samanheng med omgrepene *tradisjonalisme*. Dette er altså ein prosess som går føre seg parallelt med globaliseringa og blir slik sett ei form for de-globalisering. Det er truleg rett å seie at denne typen de-globalisering både er ein del av og ein reaksjon på globaliseringa. Ved at det globale stadig vinn innpass i lokalsamfunna blir me meir medvitne om desse prosessane og såleis blir me òg betre rusta til å *motverke* dei. På den måten blir ikkje tradisjonar overført på same måte som før. Å halde på ein tradisjon er i dag ei medviten handling i langt større grad enn før. Ein anna term som er relevant i denne samanhengen er *glokalisering*. Ofte er det nemleg slik at *resultata* av globaliseringa får eit lokalt sær preg. Sjølv prakteksemplaret på glokalisering, er korleis norske rapartistar har adoptert eit amerikansk kulturuttrykk, men samstundes gjevi dette uttrykket eit lokalt sær preg gjennom bruk av dialekt. På same måte kan ein si at auka medvit og revitalisering av dialektar er eit globalt fenomen, med at

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

resultatet blir lokalt gjennom ei generell statusheving av lokale dialektar og identitetar og dermed auka oppslutning om lokale språkdrag (Kerswill, Auer og Hinskens 2005:36).

I kap 6.2.2. fann eg lite samvariasjon mellom graden av dialektbruk og personlegdomstypar blant ungdomar frå Tydalen. I mange tilfelle var det derimot slik at personar som nokså utvilsamt hører til i kategorien homo dynamicus faktisk brukar *fleire* tradisjonelle dialektformer enn utprega homo staticus-personar. Eg meiner at figur 8 kan forklare mykje av dette. For personar av typen homo dynamicus blir nemleg dialekt ein reiskap dei brukar aktivt for å skilja seg ut i ein kvardag som ofte impliserer personar frå eit vidt geografisk område, noko følgjande sitat frå informanten Gunn er eit typisk døme på:

*/førk tycce de e attukt ætt e behækk dialecte. Nårr du snakke me førk frå andre prasse i layne så tycce dømm de e attukt å prøve å plassere en, ferr de fe dømm jo'cc te [...] ferr de let jo'cc akkorat såmm appndre trønderiske dialekter./*

Trass i at tydalingar av typen homo dynamicus ser ut til å snakke nokså utprega tydalsmål, ser ein likevel at fleire av dei i stor grad modifiserer talemålet sitt i situasjonar som finn stad *utanfor* lokalmiljøet (jf. kap. 6.1.1.). Dette treng ikkje nødvendigvis vera ein motsetnad, fordi dei i møtet med andre dialektar blir meir medvitne om eigen dialekt og slik sett blir i stand til å veksle mellom ein heimleg utprega varietet og ein meir nivellert varietet. Den nivellerte varieteten er likevel ikkje meir nivellert enn at han fungerer som ein markør av ein rural bakgrunn, noko eg ovafor peika på som viktig for dei døma på homo dynamicus eg fann i Tydalen. Ein viktig motivasjon bak nivelleringa i ikkje-lokale situasjonar er nemleg *ikkje* å slette alle teikn på rural tilknyting, men meir redselen for ikkje å bli forstått, slik det går fram blant informantane: */nårr e snakke me andre tydarin, så snakke e ver ...ikke potet-tydarin men e snakke tydarin dr. men snakke e me finær førk, så e e ver kanse frinjk te å lægg om or såmm icc dømm sørne/*. Likevel er desse personane altså fullt ut i stand til å leggje om til eit meir konservativt lokalt talemål i meir lokale situasjonar, noko fleire i stor grad gjorde under intervju med meg.

Kort oppsummert treng det altså ikkje vera skilnad i *graden* av dialektbruk mellom dei to personlegdomstypane homo dynamicus og homo staticus i Tydalen. Mine funn viser at det er bortimot umogleg ved hjelp av desse to typane å føresjå språkleg praksis hos den einskilde. Vidare meiner eg å kunne påvise at førestillinga om ein felles gruppeidentitet i Tydalen er sterkt til stades hos alle mine informantar. Språket blir i den samanhengen ein viktig markør av denne identiteten, der språklege realiseringar uttrykker tilhørsle til eit bestemd geografisk område. Dette kan som sagt vera *både* eit uttrykk for tradisjon og for modernitet, avhengig av kva intensionale motiv som ligg bak (jf. figur 8).

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Hovudkonklusjonen må difor bli at gruppeidentitet og tilhørsle er ein viktig del av forklaringa på den relativt stabile språksituasjonen i Tydalen.

### 6.3. Språkleg variasjon

Det er som tidlegare nemnd slik at medan visse delar av ein varietet kan vera stabile, kan andre delar vera i endring. I analysen av konkrete talesekvensar (kap 5.2.2) fann eg fleire døme på variasjon, både mellom informantane men òg internt hos den einskilde informanten. I kap 6.1.2. drøfta eg kva slags type språksamfunn Tydalen er, og kom fram til at det er mest rimeleg å karakterisere Tydalen som eit lukka og eksosentrisk språksamfunn. Termen *eksosentrisk* impliserer altså at eventuelle språkendringar i hovudsak kjem frå instansar utafor det tydalske språksamfunnet. I dette delkapitlet vil eg vurdere desse eksterne påverkingskraftene og gjera eit forsøk på å lokalisere meir presist kor me finn dei. For det første vil eg vurdere om *innflytting* kan ha innverknad på tydalsmålet. Og for det andre vil eg sjå på andre tilfelle av dialektkontakt som kan ha relevans for språkutviklinga. Ut i frå ein rein *horizontal*<sup>29</sup> synsstad vil nabodialektane vera ein mogleg påverkingsfaktor. På eit meir regionalt nivå kan trondheimsmålet verka inn som ein viktig normsett for språkleg åtferd. Til sist kan me tenkje oss at eit overregionalt, bokmålsnært standardtalemål kan vera ein viktig premissleverandør av språklege endringar i tydalsmålet, om ein ser språkendring i eit *vertikalt* perspektiv.

#### 6.3.1. Innflytting

Innflytting blir ofte trekt fram som ei viktig årsak til at dialektar endrar seg (sjå til dømes Helgander 1994:71). Fleire bygdesamfunn har hatt ei nokså gjennomgripande dialektutvikling som direkte følgje av storstilt innflytting. Nyare industristader som Høyanger<sup>30</sup> og Odda er gode døme på det. Ein kan i tillegg godt tenkje seg den voksende gruvebyen Røros på 16- og 1700-talet som eit anna døme. Tydalen har på ingen måte hatt ei innflytting ein kan samanlikna med noko av dette. I perioden frå 1950 til 2010 har innflyttinga til Tydal kommune ligg på mellom 6 og 72 personar pr. år. Størst innflytting var det i perioden frå 1955 til 1975, noko som har si årsak i kraftutbygginga. Tydalen har hatt omtrent like mykje innflytting som til dømes Selbu og Holtålen, i forhold til folketal (ssb.no 2011).

<sup>29</sup> Sjå Akselberg (2006) for ei inngående drøfting av motsetnaden mellom såkalla ”horisontalistar” og ”vertikalistar” i norsk talemålsgranskning.

<sup>30</sup> Sjå Solheim (2010) for ei nærmere skildring av denne typen språksamfunn.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

For å illustrere korleis nye innflyttarar tilpassar seg det tydalske språksamfunnet, vil eg sjå nærare på to konkrete døme. Både døma er personar som er fødd utanfor Tydalen, men som seinare flytta hit. Den eine av dei to, som eg her vil kalle Hans, flytta til Tydalen på 70-talet då faren fekk jobb i samband med kraftutbygginga. Foreldra var ikkje frå Sør-Trøndelag, og Hans vart fødd i Nordland og budde der i to år, men flytta etter kvart med familien til Selbu. Der budde han til han var 12 år. Då han kom til Tydalen, busette familien seg i Neabyen, som vart eit eige bustadområde for tilsette ved e-verket (jf. kap. 6.2.2.). I dette området budde det folk frå alle kantar av landet, og oppveksten vart såleis prega av eit dialektalt mangfald. Likevel meiner Hans at alle ungane som budde der, etter kvart la om til eit nokså ”reint” tydalsmål, som ikkje skilde seg markant frå talemålet hos ungane andre stader i bygda. Sjølv seier han at det gjekk fort å slå om frå selbygg til tydaling fordi han opplevde det som lite gangbart blant venene å snakke selbygg:

*/e snakkε gammerdaks særbu og nārr e komm åt tydare å de çæmm e på e vatt ættε ferr. Så e mått prøve å lægg om endel or å slik ganske foft. Å nārr e komm att te særbu på skule i su-å-søtti snakkε e en helt aŋŋε dielækta æjn nārr e for derifrå./*

Det andre døme er henta frå gruppeintervjuet eg gjorde med ein gjeng elevar som går på ungdomsskulen. Her var det òg ein av dei som var fødd i Selbu, men kom til Tydalen som 12-åring. Askil, som eg her vil kalle han, snakka ikkje selbygg då han kom, men ein slags trondheimsvariant, eller rett og slett ”Æ” som han kaller det:

*/nārr e komm frå særbu så snakkε e ”æ”. så va de en gåŋ utfer bæst’n (bensinstasjonen) aett e bøne (velta) på sykkel ræcc aecc e fytte hit. Så va de en gammer gubbe såmm spudde me: ”bøne du?” å da sa e bære ”ka e de?/*

Han nemnde ingenting om sosiale sanksjonar fordi han snakka selbygg, med det er vel heller ikkje å vente at den typen personlege ytringar kjem fram under eit gruppeintervju. Likevel gjekk det ikkje lang tid før Askil la om til tydalsmål og i dag er det umogleg å høre at han har ein anna dialektbakgrunn enn den tydalske. Han er tvert imot ein av dei i sitt årskull som snakkar mest utprega tydaling. På spørsmål om kvifor han la om til tydaling svarar Askil at: */de ha bære vuſi slike/, men seier seinare at han trur ein bestemd voksen person har hatt stor innflytelse på talemålet hans: /e fe nå mæst ſæjn (kjeft) viss e si særbu-or, men de e nå bære på tuʌ̯ ja/.*

Desse to døma frå to ulike tidsperiodar viser at innflytting truleg ikkje har hatt ein like stor innverknad på tydalsmålet som mange openbart trur. Faktum er nemleg at ungar som kjem til Tydalen etter kort tid har lagt vekk det opphavlege talemålet til fordel for tydalsmål, rett nok dersom den språklege avstanden mellom den opphavlege dialekten og tydalsmålet

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

ikkje er for stor. Til dømes har ein nokre tilfelle av innflytting av folk med nordnorsk bakgrunn der ungane *ikkje* har lagt om til tydalsmål.

At innflyttarar legg om til tydalsmål må ein sjå i samanheng med det som eg i kapitel 6.1.1. omtala som *språkleg konformisme*. Det ser ut til at lokalsamfunnet legg ein nokså stort press på den einskilde språkbrukaren, med forventning om at vedkommande held seg innafor den språklege variasjonsbreidda som er sosialt akseptert. Denne variasjonsbreidda, eller det språklege *slingringsmonnet*, ser ikkje ut til å vera særleg romsleg i Tydalen. Tilflyttarar kan difor oppleve sosiale sanksjonar som ei følgje av dette, jf. følgjande blogginnlegg frå ein ungdom som nyleg hadde flytta til Tydalen:

Jeg sluttet å snakke min egen dialekt da jeg flyttet opp til Tydal, fordi jeg ble ertet for det.[...] I dag tror jeg det rett og slett var fordi jeg ikke turte være meg selv. Jeg turte ikke skille meg ut, men forsto ikke at det å skille seg ut faktisk er en bra og sunn ting. På den måten blir man faktisk lagt merke til, og respektert for den man er. I tillegg merket jeg da jeg startet å snakke på min egen dialekt at det ble mye lettere å formidle og uttrykke det jeg hadde på hjertet.

### 6.3.2. Påverknad frå andre trønderske målføre?

Som nemnd i kapitel 4.2. er det talemåla i Selbu, Holtålen og Røros som ligg nærmast tydalsmålet lingvistisk sett, samstundes som ein finn ein god del fellesdrag med talemåla i den vestlege delen av Härjedalen. Dei sosiokulturelle banda som ein gong eksiserte mellom Tydalen og Härjedalen er for lengst borte, eller i alle fall redusert til det heilt marginale. Difor vil eg i det følgjande konsentrere meg om å drøfte eventuell språkleg påverknad frå Selbu, Holtålen og Røros. Her finn ein raskt ut at det er meir hensiktsmessig å operere med *to* moglegje kjelder til påverknad i staden for tre. I dei aller fleste tilfella av dialektal konvergens i retning nabomåla *i sør* vil det nemleg vera umogleg å fastsetta om det er påverknad frå Røros *eller* Holtålen det er snakk om, fordi dei fleste av dei språktrekka som eventuelt blir innlemma i tydalsmålet frå desse stadene, er like i rørosmål og dialekten i Holtålen. Dersom ein informant har stemd palatal plosiv i ord som *snuy* og *snøy* [snudd, snødd] der tydalsmålet ikkje har palatal, er det umogleg å fastslå om dette er påverknad frå anten Røros eller Holtålen på eit reit lingvistisk grunnlag. Difor må ein ofte legge meir biografiske opplysningar om kvar einskild informant til grunn for å få eit betre grunnlag til å lokalisere eventuelle ”ikkje-tydalske” former. Derimot er det i dei fleste tilfella av modifisering nokså upproblematiske å skilja mellom selbuformer og former ein finn i talemåla i Holtålen og Røros.

I tabellen nedafor ser me døme på modifiserte former som opptrer med ei viss hyppigkeit og kan tolkast som konvergens mot selbumål. Utan å føregripe hendingane vil eg for ordens skull òg ta med trondheimsmålet i denne tabellen:

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Trad. tydalsmål	Modifisert tydalsmål	Trad. selbumål	Trondheimsmål
or [ord]	or	or	or
nøyjn [nokon]	nåjjn	nåjjn	nånn
frocce [flytte]	flycce	flycc	flytt

Her er døme på modifiserte former som opptrer med ei viss hyppigheit og kan tolkast som konvergens mot talemålet i Holtålen og Røros:

Trad. tydalsmål	Modifisert tydalsmål	Trad. holtålen/rørosmål	Trondheimsmål
di/dåkk	dåkk/dåkk	dåkk/dåkk	dåkker eller dåkk
skå̄l <i>i</i> (pl. ubunden)	skå̄l <i>r</i> <sup>1</sup>	skå̄l <i>r</i>	skå̄la eller (skå̄re no meir sjeldan)

Termen *trondheimsmål* blir rett nok blir noko upresis i denne samanhengen. I tillegg til å vera talemålet me finn i Trondheim, representerer trondheimsmålet språket i regionalhovudstaden for Trøndelag, noko som sett denne dialekten i ei særstilling innanfor det trønderske dialektområdet. Trondheimsmålet kan dermed fungerer som ein slags regional prestisjevariietet som plasserer seg over dei andre trønderske dialektane i eit statushierarki.

Om ein ser på dei modifiserte formene ovafor viser det seg at *alle*, i tillegg til å stemme overeins med ein av nabodialektane til tydalsmålet, i stor grad stemmer overeins med former me finn i moderne trondheimsmål. Sjølv om ikkje alle dei modifiserte formene er identiske med dei me finn i trondheimsmålet, kan dei uansett tolkast som *tilnærmingar* til trondheimsmål. Dermed blir det nærmast umogleg å avgjera om det her er snakk om påverknad frå anten nabomåla eller frå trondheimsmålet. Så i staden for å leite etter evidens som talar for anten den eine eller andre påverknadskjelda, vil det truleg vera meir rett å seie at *både* trondheimsmålet og nabomåla kan ha innverknad på tydalsmålet. Reint konkret ser det altså ut som *at i tilfelle der eit av nabomåla har eit språkdrag som ligg nærmere trondheimsmålet, vil denne forma ha større sjanse for å bli innlemma i eit modifisert tydalsmål*. Me finn difor svært få døme på endringstendensar i tydalsmålet der språkdrag frå nabomåla blir tekne i bruk *utan* at det finst ei tilnærma lik form i trondheimsmålet. På den andre sida vil tydalingar truleg aldri ta i bruk trondheimsformer som ikkje finn støtte i ei tilnærma lik form i eit av nabomåla. Eit døme på dette er palatalisering av trykksvake endingar, som ser ut til å vera eit stabilt trekk i Tydalen. Min empiri viser at former som *gutejjn* [gutane] og *gar̄ejn* [gardane] er einerådande og ikkje ser ut til å måtte vike for

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

trondheimsformene *gutan* og *gåran*. Både Selbu og Holtålen har palatale endingar her og dermed blir nok den lingvistiske avstanden til trondheimsformene oppfatta som for stor til at slike endringa blir aktuelle. Rørosmålet har derimot *ikkje* palatal i slik endingar, noko som tyder på at rørosmålet *ikkje* er like ekspansivt i dag som i stordomstida til kopparverket på 1800-talet (Reitan 1932:37). Noko som styrker denne påstanden, er at det heller *ikkje* ser ut til at diftongar får gjennomslag i tydalsmålet. Både i rørosmål og trondheimsål finn ein diftongar i til dømes *brei* (rørosmål: *bræi*) og *sau*. Diftongar av denne typen har eg *ikkje* registrert blant tydalingar, der dei tradisjonelle formene *bre* og *so* (eller *sø*) held seg stabile. Om diftongar av denne meir geografisk avgrensa typen er like stabil hos tydalingar som i visse situasjonar legg om til meir modifisert tydalsmål, skal eg *ikkje* seie for sikkert.

Apokope av overvektsinfinitivar ser heller *ikkje* ut til å vera eit ekspanderande drag i tydalsmålet, sjølv om det finst både i selbumål og trondheimsål. Når det gjeld fråværet av apokope finn tydalsmålet derimot støtte både i Holtålen og Røros. Dette kunne i og for seg vori ei tilfredsstillande forklaring, men problemet oppstår når me ser på heilskapen i det eg no har skildra. Me såg at somme yngre tydalingar til ein viss grad kan ta i bruk former som til dømes *or* i staden for den tradisjonelle forma *oṛ*, altså at retrofleks flapp fell bort til fordel for ”vanleg” *r* i ord som i norrønt hadde *rð*. Dette er ei endring som finn støtte både i selbumål og trondheimsål. Dermed ser me at både apokope av overvektsinfinitivar og [r] i staden for [ɾ] av norrønt [rð] finst i både selbumål og trondheimsål, medan berre eitt av desse språkdraga ser ut til å få eit visst gjennomslag i tydalsmålet. Slike unntak gjer at det blir problematisk å slå fast at trondheimsål er den viktigaste kjelda til påverknad på tydalsmålet.

Ei anna mogleg forklaring på det problemet eg skildra ovafor kan vera at somme språkdrag er meir *saliente* eller *markerte* enn andre (jf. kap.5.1.3.). I dette tilfelle skulle ein då kunne konkludere med at språkdraget ”[ɾ] av opphavleg [rð]” er meir markert enn ”fråværet av apokope i overvektsinfinitivar”. Denne konklusjonen kan eg *ikkje* utan vidare gå god for. Dersom dette språkdraget hadde høg grad av saliens i tydalsmålet, skulle ein jo vente at det var eit visst medvit knytt til det å legge om frå [ɾ] til [r]. Denne omlegginga var det derimot ingen av informantane som hadde merka seg, korkje blant dei som framleis bruker den tradisjonelle forma med [ɾ], eller blant dei som av og til bruker den modifiserte forma med [r]. Saliens ser difor *ikkje* ut til å vera ein tilstrekkeleg god forklaring på dette. Korleis skal ein då forklare det? Ein rimeleg faktor å trekke inn her, er at det finst ei anna kraft enn både nabodialektar og saliens som blandar seg inn og kompliserer biletet.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

### 6.3.3. Påverknad frå ein søraustnorsk standardvarietet?

Eit av dei mest oppheita ordskifta innafor norsk målføregranskning dei siste tiåra har dreidd seg om eksistensen av eit overordna bokmålsnært *standardtalemål*, og vidare om denne varieteten fungerer som ein overregional normsett i talemålsutviklinga. Diskusjonen kring dette er samansett og eg ser ingen grunn til å repetere den her, men viser i staden til temanummeret om standardtalemål i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* (Mæhlum og Jahr 2009) der denne diskusjonen er attgjeven. Innafor ein norsk kontekst er det klart at standardtalemål ikkje er ein lett handgripeleg storleik. Det finst med andre ord ingen talemålsvarietet som har offisiell status som standardtalemål og det finst heller inga fastsetting av kva denne varieteten inneber reint strukturelt (ordbøker, grammatikkar e.l.). Når ein pratar om standardtalemål i Noreg er det derimot snakk om ein varietet som blir *oppfatta* som ein supraregional prestisjevarietet og dermed fungerer som normsett overfor mindre prestisjefulle varietatar (Mæhlum 2009).

Kanskje kan denne standardtalemåldimensjonen vera nyttig når me no vender attende til problemet med at berre eitt av dei to språkdraga, høvesvis [r] av norrønt [rð] og apokope i overvektsinfinitivar, får gjennomslag hos somme tydalingar, sjølv om desse språkdraga altså har same realisering både i selbumål og i trondheimsål. I eit bokmålsnært standardtalemål vil me nemleg ha både [r] i staden for [r̥] og fråvær av apokope. Eg ser det som rimeleg at standardtalemålet her fungerer som ei slags språkleg rettesnor som ”overstyrer” både nabomåla, i dette tilfelle selbumål, og trondheimsålet. Eit slik syn er ikkje uproblematisk. Her blir nemleg *mangelen* på tilsynelatande påverknad frå trondheimsål og andre nabomål tatt til inntekt for påverknad frå ein standardvarietet. Å trekke slutningar på bakgrunn av mangel på empiri er ein type argumentasjon som ofte blir omtalt som *ex silentio* eller *ex nihilo*. På ei anna side kan ein sjå store delar av denne oppgåva, særleg kapitel 6.2, som ei form for denne typen argumentasjon, der eg forsøksvis ønskjer å forklare nettopp mangel på språkleg variasjon og endring. Slike fenomen let seg ganske enkelt ikkje forklare på anna måte.

På same vis *kan* ein òg delvis forklare kvifor monoftongane held seg stabile i tydalsålet. Her må ein rett nok ta høgd for at standardtalemålet ligg nærmast eit konservativt bokmål, sia denne varieteten har færrast diftongar. Likevel er det vanskeleg å forklare former som *sø* [sau] og *føg* [flaug], som har diftong både i radikalt og konservativt bokmål. Det kan tenkjast at monoftongar av denne mindre utbreidde typen held seg stabile gjennom såkalla *analogi*, altså ved at meir utbreidde monoftongar i standardtalemålet som til dømes *treg* og *lös* er med på å konservere monoftongar som har langt mindre geografisk distribusjon.

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

Likevel vil dei aller fleste tilfella av modifiserte former som opptrer i tydalsmålet kunne tolkast *både* som konvergens mot trondheimsål *og* mot ein nasjonal standardvarietet. Nedanfor ser ein døme på det, der eg skil mellom strukturelt nivå på den eine sida og eit leksikalsk nivå på den andre sida.

<u>Strukturelt nivå</u>	<u>Leksikalt nivå</u>
Bortfall av dativformer	<i>møyn</i> > <i>någgi</i>
Heving av vokalar som tradisjonelt har vori senka. Til dømes verke > virke	<i>fæŋa</i> > <i>fåfær</i> [skilnad > forskjell)
[r] erstattar [t] i ord som <i>bør</i> og <i>or</i>	<i>stø</i> > <i>trøkke</i> eller <i>trykke</i>
[a] ertstattar [å] i ord som <i>klår</i> og <i>fråske</i> [flaske]	<i>attebak/attøvvi</i> > <i>bakåver</i>
i-ending > e-ending i sterke hokjónnsord fleirtal. <i>Musi</i> > <i>muse</i>	<i>kaku, gatu, varu</i> > <i>kake, gate, vare</i>

Når det gjeld endringar på eit leksikalt nivå kunne lista vori mykje lengre. På eit strukturelt nivå meiner eg derimot at punkta ovafor dekker det hovudsaklege. I informantintervjua mine går det fram at endringane ovafor ikkje er 100 %, gjennomført korkje på eit interindividuelt eller eit intraindividuelt nivå (jf. kap. 5.2.2.) I tillegg ser det ut til at fleire av desse endringane er leksikalt funderte. Til dømes viser informantintervjua at retrofleks flapp er langt mindre utsett for endring i ord som [gard] og [hard] enn i [ord] og [bord]. Det same gjeld former som tradisjonelt har hatt lågning. Som nemnd i kapitel 5.2.2. er det truleg ein del forvirring, særleg blant dei unge, når det gjeld lågning. Det er rimeleg å tru at dette er fordi det tradisjonelle tydalsmålet har hatt svært varierande gjennomføring av dette trekket. Det heiter til dømes *verke, jekk, fekk, sekt, resste* [riste] *søyne* [synge] og *støkt*, men samstundes *fisk, piss, fysst, trygg* og *stygg*.

I alle desse endringane er det altså umogleg å fastslå ved hjelp av empirien om påverknaden kjem frå anten det eine eller andre halde, altså frå anten Trondheim eller det sentrale austlandet. Dette problemet blir av Hårstad (2009:138) omtala som ”det isomorfiske crux”. I og med at empirien ikkje gjev eit eintydig svar i slike spørsmål, blir det altså opp til forskaren sjølv å tolke desse funna. Eg finn det mest sannsynleg at slike endringar oppstår *både* gjennom påverknad frå eit regionalt spreiingssentrum *og* frå eit meir supraregionalt standardtalemål, og at nettopp dette samanfallet mellom regionale og nasjonale standardformer gjer visse språkdrag meir ekspanderande enn andre vis-à-vis dei meir lokale bygdemåla.

Det er rett nok eit påfallande faktum at eg ikkje finn *endringstendensar* som viser divergens bort frå eit regionalt trondheimsnært mål og samstundes konvergens mot eit

## 6. DET STORE BILETET – UTSYN OVER SPRÅKSAMFUNNET

standardtalemål. Likevel kan ein altså velje å tolke *stabiliteten* til somme trekk som evidens for at standardtalemålet er med og skjermar desse trekka mot påverknad frå ein regional varietet, slik som tilfelle var med til dømes fråværet av apokope og monoftongane. For å komplisere det heile viser eg nedafor to døme som tilsynelatande berre er konvergens mot trondheimsmål. Dette kan til dømes vera former som *dəmm* > *dæmm* og *deres* > *dæmmef*. Det siste dømet her blir særleg påfallande, sia dette ikkje kan tolkast som noko anna enn divergens bort frå den tradisjonelle forma, men òg bort frå eit standardtalemål. I desse to døma er det altså trondheimsformer som får gjennomslag snarare enn austnorske standardformer. Slike døme skulle dermed isolert sett tale *i mot* at me har eit standardtalemål som fungerer som talespråkleg norminstans i Noreg.

Ut ifrå det eg no har drøfte kan ein dermed setta fram følgjande tre påstandar:

- Standardtalemålet og trondheimsmålet har *ein viss ekspansiv innverknad* på tydalsmålet i tilfelle der dei to varietetane har samanfallande eller tilnærma samanfallande former. Med ekspansiv innverknad meiner eg språkleg innverknad som inneber *endringar* eller *labilitet*, i motsetning til konserverande innverknad, som fører til altså *stabilitet*. Former som er tilnærma samanfallande i både standardtalemålet, trondheimsmålet og tydalsmålet vil ikkje vera utsette for endring. Slike former har liten grad av saliens.
- Trondheimsmålet har *i liten grad* ekspansiv innverknad på tydalsmålet i tilfelle der trondheimsmålet har ei avvikande form i forhold til eit sørøstnorsk standardtalemål. Når det gjeld språkdrag som er tilnærma like i trondheimsmålet og tydalsmålet, ser det ut til at trondheimsmålet har konserverande innverknad på tydalsmålet
- Eit sørøstnorsk standardtalemål har *ikkje* ekspansiv innverknad på tydalsmålet i tilfelle der standardtalemålet har ei avvikande form i forhold til trondheimsmålet. Når det gjeld språkdrag som er tilnærma like i standardtalemålet og tydalsmålet ser det ut til at standardtalemålet har konserverande innverknad på tydalsmålet.

## 7. SPRÅKSAMFUNN I GRENSELAND – NOKRE SENTRALE TENDENSAR

Etter å ha utforska språksamfunnet Tydalen har eg ei kjensle av at dette på mange måtar er eit språksamfunn i grenseland. Reint geografisk ligg Tydalen i eit grenseland mellom Norge og Sverige, og mellom Trøndelag og Austlandet. Språkleg sett ligg *tydalsmålet* i eit grenseland mellom norsk og svensk, og trøndersk og austnorsk. Språksamfunn i grenseland kan i tillegg gjeva mening reint metaforisk. Ved å utforske eit lite språksamfunn der både samfunnsutvikling og talemålsutvikling ber preg av stabilitet, har eg på mange måtar bevega meg inn i eit grenseland for kva som er oppfatta som "legitimt" innafor det sosiolingvistiske vitskapsparadigmet. Å fokusere på dei stabiliseringe faktorane i språkutviklinga har nok vori oppfatta som typisk dialektologisk og kanskje litt passé innafor dagens fagtradisjon. Ei framstilling av både eit norsk talemål *og* eit sørsamisk minoritetsspråk er vel òg, om ikkje akkurat i grenseland, så i alle fall eit aspekt som ikkje er så mykje utforska frå før.

Å trekke ein eintydig konklusjon ut i frå dei drøftingane eg har gjort i det føregåande, er nærmast umogleg. Det er heller ikkje eit mål i seg sjølv. Hovudmålet har heile tida vori å oppnå ei større *forståing* eller ei *innsikt* i kva som eigentleg skjer i Tydalen, språkleg sett. Likevel er det nokre hovudtrekk av meir generell karakter som står fram som meir meiningsfulle enn andre. Desse trekka vil eg i det følgjande gjera kort reie for.

### 7.1. Framtredande tendensar

#### 7.1.1. Stabilitet

Det går fram av kapitel 5.2. at språksamfunnet Tydalen ser ut til å vera relativt stabilt. *Relativt* stabilt fordi termen stabilitet berre gjev mening i samanstilling med andre språksamfunn. Her har eg kopla inn Oppdal og Røros i særleg grad, og Selbu i nokon grad. Ungdom i Tydalen pratar altså temmeleg likt seg i mellom og ikkje så forskjellig frå talemålet til dei eldre informantane eg har intervjuia, relativt sett.

Sia graden av dialektbruk er nokså lik blant unge tydalingar, kan det tilsynelatande sjå ut som at språkleg modifikasjon skjer *uavhengig* av sosiale faktorar som personlegdom,

## 7. OPPSUMMERING AV NOKRE SENTRALE UTVIKLINGSTREKK

interesser og foreldrebakgrunn. Dette stemmer berre delvis. I kapitel 6.2.3 finn eg rett nok ikkje samanheng mellom dei to stiliserte personlegdomstypane *homo staticus/homo dynamicus* og språklege praksisformer. Likevel ser det ut til at den er ein samanheng, nemleg at dei på eit mentalt plan har nokså forskjellige tilnærmingar til dialektbruk og dialekt som identitetsmarkør. Sjølv om ein homo staticus og ein homo dynamicus snakkar likt i Tydalen, treng ikkje dette bety at det har same grunnleggjande motivasjon for å snakke slik. Eg tar til orde for at høg grad av dialektbruk både kan tolkast som uttrykk for *tradisjon* og *modernitet*. Eit godt døme på ein person som har eit typisk moderne syn på dialekt, men samstundes snakkar utprega tydalsmål er den urbane, men likevel heimkjære informanten Gunn (jf. kap. 5.2.2.). Ho legg vekt på det å skilja seg ut i møtet med storsamfunnet som ei viktig årsak til at ho snakkar ”breitt”. Hennar høge medvit om bruk av språk som ein reiskap i sjølvframstillinga blir såleis eit ledd i ein meir omfattande individualiseringssprosess der individet er fristilt både frå verdiar, stad og tid i langt større grad enn før. Litt overdrivi kan me no altså velje frå øvste hylle i konstrueringa av eigen identitet, der dei før var knytt til sosiale strukturar og lokale normer i langt større grad. Det moderne og det tradisjonelle får dermed eit likt utfall språkleg sett, der den moderne tilnærminga legg vekt på det å skilja seg ut i storsamfunnet, og ei tradisjonell tilnærming ser på dialekt som uttrykk for kontinuitet og noko umarkert innafor ein lokal kontekst.

Den sterke lokale gruppetilhørsla ein finn blant unge tydalingar, vil spela ei viktig rolle i språkutviklinga. Ei positiv og til tider idylliserande innstilling til heimplassen gjer truleg tydalsmålet meir sosialt ettertrakta. Dei idylliske skildringane informantane gjev av Tydalen, treng sjølvsagt ikkje stemme overeins med slik situasjonen er i røynda, noko eg diskuterte i kapitel 5.1.1. Likevel vil det vera desse oppfatningane som fyller staden Tydalen med mening, og det er nok langt på veg slik at dersom idylliseringar av denne typen blir gjentatt mange nok gonger, blir dei til slutt oppfatta som sanne. I tillegg meiner eg at det polariserte forholdet mellom Tydalen og Selbu bidreg til at den språklege avstanden mellom tydalsmål og selbumål held seg stabil. Såleis blir omgrepene *naboopposisjon* sentralt.

### 7.1.2. Endring

Sjølv om det er stabilitet som *pregar* språksituasjonen i Tydalen er det på ingen måte slik at det ikkje skjer endringar. Mine registreringar i kapitel 5.2.2. viser at fleire språkdrag ser ut til å vera i endring i talemålet til dei unge:

- Dativformene fell sakte, men sikkert bort.

## 7. OPPSUMMERING AV NOKRE SENTRALE UTVIKLINGSTREKK

- Former som tradisjonelt har hatt lågning av vokalane *i* og *y* til *e* og *ø*, er på veg bort.
- [r] erstattar [ɾ] i uttalen av det opphavlege norrøne konsonantsambandet rð, særleg i ord som har [o] som rotvokal.
- Adjektivsuffikset *-ug* tapar terreng til fordel for standardforma *-ig* i ord som [artig], [ledig] og [bestandig].
- Fenomenet j-bortfall er på veg ut av tydalsmålet. Dette er truleg ein prosess som starta for over 100 år sia og som no truleg vil vera fullstendig gjennomført hos mange yngre tydalingar om ikkje altfor lenge. Frekvente former som *fel*, *bøn* og *føs* ser likevel ut til å halde brukbar stand.
- Forma *mi* i 1.person fleirtal subjektsform blir i mange tilfelle erstatta av standardforma *vi*.

Sjølve kjelda til desse endringane blir drøfta i kapitel 6.3. Der finn eg det mest sannsynleg at både trondheimsmalet og eit bokmålsnært standardtalemål er viktige premissleverandørar for språkutviklinga i Tydalen. Endringstendensane ovafor er alle døme på endringar som går mot både trondheimsmalet og eit bokmålsnært standardtalemål. Difor er det nærliggjande å hevde at former som er like i desse to varietetane, har sterkest innverknad på tydalsmålet. Ein finn sjeldan døme på at trondheimsformer som ikkje har støtte i eit standardtalemål, vinn innpass. Enda meir sjeldan er det at standardtalemål vinn innpass i tilfelle der trondheimsmalet har ei avvikande form. Likevel ser det ut til at særdrag i tydalsmålet som har støtte i *anten* ein sørøstnorsk standardvarietet *eller* i trondheimsmalet, er meir stabile enn særdrag som ikkje har det. At *e*-ending i overvektsord og monoftongering av diftongar er stabile språkdrag i tydalsmålet, er gode døme på det. Desse draga finn fyrst og fremst støtte i standardtalemålet.

## 7.2. Sørsamisk etnisitet i møtet med eit trøndersk lokalsamfunn

### 7.2.1. Eit rørossamisk praksisfellesskap

I kapitel 6.1.4. argumenterte eg for at sørsamar i Tydalen er ein del av det eg kallar eit *rørossamisk praksisfellesskap*. Her utgjer reindrifta eit viktig samanlande referansepunkt, sjølv om graden av deltaking i reindrifta varierer frå person til person. Det er viktig for dei unge innafor dette praksisfellesskapet å ”ta tilbake” det sørsamiske språket som har stått svakt

## 7. OPPSUMMERING AV NOKRE SENTRALE UTVIKLINGSTREKK

i lang tid. Dette både fordi dei vil bevare ein viktig del av den sørsamiske kulturen og fordi det er viktig for eigen identitetskjensle. Samstundes ser dei på seg sjølve som tydalingar og tar del i språksamfunnet Tydalen på same måte som tydalingar elles.

### 7.2.2. Bruk av etnolektisk stil

I visse situasjonar, særleg i samband med reindrifta, blir sørsamiske leksem brukt og såleis innlemma i ein norsk språkstruktur. Dette har eg karakterisert som ein *etnolektisk stil*.. Grunnen til at eg ikkje brukar den meir utbreidde termen *etnolekt* om denne typen språkleg praksis, er at denne termen i fyrste rekke siktar til meir stabile varietatar enn kva det er snakk om her. Difor er det meir rett å omtale dette som ein *stil* enn ein klart avgrensa varietet. SørSAMAR som er busette i Tydalen, veksler såleis mellom denne stilen og tydalsmål, alt etter kva sosial kontekst dei er i.

I møtet med lokalsamfunnet er det derimot ingen skilnader mellom talemålet til sørSAMAR busette i Tydalen og tydalingar elles. Dette bryt delvis med oppfatninga hos mange med ikkje-samisk bakgrunn. Særleg blant dei unge var det fleire som meinte at sørSAMAR pratar ein ”annleis norsk”. Dette trur eg i hovudsak kjem av to forhold: For det fyrste ser det ut til at det i tidlegare tider har vori ein viss språkleg skilnad. For det andre kan det tenkjast at ein finn slike skilnader andre stader, til dømes hos sørSAMAR i Brekken eller på Røros, og at det er desse personane sitt talemål som blir samanlikna med tydalsmålet. Dersom dette stemmer, er det mykje som tyder på at sørSAMAR busette i Tydalen er sterkare integrerte i lokalsamfunnet enn mange andre stader.

# REFERANSAR

- Akselberg, Gunnstein. (2002). "Evaluering av eigen dialekt og aktuelle faktorar i den dialektale sosialiseringsprosessen". *Målbryting* nr. 6.
- Akselberg, Gunnstein. (2006). "Horisontalistar versus vertikalistar. Om ulike tolkingar av talespråklege endringsprosesser i Noreg.". *Målbryting* nr. 8.
- Akselberg, Gunnstein, red. (2000). *Språkleg regionalisering*. Vol. nr. 4, *Målbryting*. Bergen: Norsk sosiolinguistisk nettverk.
- Akselberg, Gunnstein og Brit Mæhlum. (2008). "Sosiolinguistisk metode" i Mæhlum, Brit, Unn Røyneland, Gunnstein Akselberg og Helge Sandøy (red.) *Språkmøte: innføring i sosiolinguistikk*, Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Andersen, Henning. (1988). "Center and periphery: Adoption, diffusion and spread" i Fisiak, Jacek (red.) *Historical dialectology: regional and social*, Berlin: Mouton de Gruyter.
- Auer, Peter. (2007). "Introduction" i Auer, Peter (red.) *Style and social identities: alternative approaches to linguistic heterogeneity*, Berlin: Mouton de Gruyter.
- Auer, Peter, Birgit Barden og Beate Grosskopf. (1998). "Subjective and Objective Parameters Determining 'Salience' in Long-term Dialect Accommodation". *Journal of sociolinguistics* 2 (2):163-187.
- Bakås, Marie Kristin. (1998). *Urbanisering, modernitet og dialekt: en interaksjonell sosiolinguistisk studie av talemålsutviklinga i Tynset sentrum*, NTNU, Trondheim.
- Berg, Nina Gunnerud, Britt Dale, Hans K. Lysgård og Anders Løfgren. (2004). *Mennesker, steder og regionale endringer*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Bergsland, Knut. (1998). "Two Cases of Language Endangerment: Aleut and Sámi" i Matsumura, Kazuto (red.) *Studies in endangered languages: papers from the International Symposium on Endangered Languages, Tokyo, November 18-20, 1995*, Tokyo: Hituzi Syobo.
- Bourdieu, Pierre og John B. Thompson. (1991). *Language and symbolic power*. Cambridge: Polity Press.
- Brandth, Berit. (1996). "Gruppeintervju: perspektiv, relasjoner og kontekst" i Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Bryn, Halfdan. (1921). *Selbu og Tydalens: en antropologisk undersøkelse av mænd, kvinder og barn i to norske indlandsbygder*. Vol. 1921, no 5, *Skrifter, 1, Matematisk-naturvidenskabelig klasse*. Kristiania: I kommission hos Jacob Dybwad.
- Bugge, Edit. (2010). "Foreldrebakgrunn som utvalgskriterium og sosial variabel i norsk sosiolinguistikk". *Maal og Minne* 2/2010:79-101.
- Bull, Tove. (2006). "Språkkontakt, etnolekt og asymmetriske maktforhold: norsk på samisk grunn". *Nordand: nordisk tidsskrift for andrespråksforskning* 1/2006:S. 37-50.
- Dagbladet.no. (2011). *Tydal er Norges beste kommune* Lasta ned frå <http://www.dagbladet.no/2011/09/09/nyheter/kommuneborsen/tydal/norges%20beste%20kommune/valg11/18040972/> den 09.09.11 2011.
- Dalen, Arnold og Jan Ragnar Hagland. (1985). "*I det meest upolerede bondesprog*": tekster på trøndermål 1706-1856. Vol. 37, *Skrifter frå Norsk målførearkiv*. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Dalen, Arnold, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving og Ola Stemshaug. (2008). *Trøndersk språkhistorie: språkforhold i ein region*. Vol. 2008, nr. 3, *Skrifter*. Trondheim: Universitetsforlaget.

## REFERANSAR

- Eckert, Penelope. (2001). "Style and social meaning" i Eckert, Penelope og John R. Rickford (red.) *Style and sociolinguistic variation*, Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Eckert, Penelope og Sally McConnoll-Ginet. (1992). "Think Practically and Look Locally: Language and Gender as Community- Based Practice". *Annual review of anthropology*:461-490.
- Edwards, John R. (2009). *Language and identity: an introduction*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Endresen, Øyalf. (1980). *Verbalbøyinga i Selbumålet*. Vol. 4, *Skrifter*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Fjellheim, Sverre. (1999). *Samer i Rørostraktene*. Snåsa: Saemien sijte.
- Gibbons, John. (1987). *Code-mixing and code choice: a Hong Kong case study*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Giles, Howard, R. Y. Bourhis og D. M. Taylor. (1977). "Towards a Theory of Language in Ethnic Group Relations" i Giles, Howard (red.) *Language, ethnicity and intergroup relations*, London: Published in cooperation with European Association of Experimental Social Psychology by Academic Press.
- Grønmo, Sigmund. (1996). "Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmlinger i samfunnsforskningen" i Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Gumperz, John J. (1968). "The speech community" i Sills, David L. (red.) *International encyclopedia of the social sciences*, New York: MacMillan.
- Haarstad, Kjell. (1992). *Sørsamisk historie: ekspansjon og konflikter i Rørostraktene 1630-1900*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Hansen, Ole Stuevold. (1873). *Bygdefortælling. Optegnelser fra Tydalens Annex til Selbu. Tromsø*.
- Hansson, Anders. (2003). *Armfeldts karoliner*. Stockholm: Prisma.
- Helgander, John. (1994). "Dalmålen i upplösning - bakgrund och förklaringsmodeller" i Kotsinas, Ulla-Britt og John Helgander (red.) *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden: föredrag från ett forskarsymposium*, Stockholm: Institutionen för nordiska språk.
- Hernes, Reidunn. (2006). *Talemål i endring?: ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språklegrøyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os*, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Holter, Harriet. (1996). "Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning" i Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Hompland, Andreas. (1984). *Rurbaniseringsprosessen: bygdebyen og det nye Norges ansikt*. Vol. 9/84, *Arbeidsnotat*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Hudson, Richard A. (1996). *Sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hymes, Dell. (1972). "Models of interaction of language and social life" i Gumperz, John J. og Dell Hymes (red.) *Directions in sociolinguistics: the ethnography of communication*, New York: Holt, Rinehart and Winston.
- Hårstad, Stian. (2004). *"Ikke så typisk trøndersk": en sosiolinguistisk studie av ungdoms talemål i Oppdal*, NTNU, Trondheim.
- Hårstad, Stian. (2008). "Kva skjer i dag?" i Dalen, Arnold, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving, Ola Stemshaug (red.) *Trøndersk språkhistorie: språkforhold i ein region*, Trondheim: Universitetsforlaget.
- Hårstad, Stian. (2009). "Kommer ikke alt godt fra oven? Et forsøk på å se utviklingstrekk i trønderske talemål i et standardiseringsperspektiv". *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1/2009).

## REFERANSAR

- Hårstad, Stian. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by: en sosiolinguistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*, NTNU, Trondheim.
- Jaffe, Alexandra. (2009). "The Production and Reproduction of Language Ideologies in Practice" i Jaworski, Adam og Nikolas Coupland (red.) *The New sociolinguistics reader*, Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Johansen, Inger. (2006). "Det er ikkje eit museumsspråk - det har noko med framtida å gjera": ei sosiolinguistisk undersøking av revitaliseringa av sørsamisk, NTNU, Trondheim.
- Johnstone, Barbara. (2000). *Qualitative methods in sociolinguistics*. New York: Oxford University Press.
- Kalleberg, Ragnvald. (1982). "Kvalitative metoder i sosiologisk forskning" i Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Kerswill, Paul, Peter Auer og Frans Hinskens. (2005). *Dialect change: convergence and divergence in European languages*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kerswill, Paul, Peter Auer og Frans Hinskens. (2005). "The study of dialect convergence and divergence: conceptual and methodological considerations" i Kerswill, Paul, Peter Auer og Frans Hinskens (red.) *Dialect change: convergence and divergence in European languages*, Cambridge: Cambridge University Press.
- Kulbrandstad, Lars Anders. (2003). "Etnolekter - hva er det?". *Norsk læreren* 3/2003:5-13.
- Labov, William. (1966). *The social stratification of English in New York City*. Washington, D.C.: Center for Applied Linguistics.
- Labov, William. (1972). "On the mechanism of linguistic change" i Gumperz, John J. og Dell Hymes (red.) *Directions in sociolinguistics: the ethnography of communication*, New York: Holt, Rinehart and Winston.
- Larsen, Amund B. (1882). *Oplysninger om Dialekter i Selbu og Guldalen: (Ligedannelse. Apokope. Bøining.)*. Vol. 1881:2, Skrifter. Trondheim: Universitetsforlaget.
- Larsen, Amund B. (1886). *Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold*. Trondhjem.
- Larsen, Amund B. (1917). "Naboopposition - knot". *Maal og Minne*:34-46.
- Larsen, Dan Robert. *For intelligent til å være urfolk*. [www.nrk.no](http://www.nrk.no/kanal/nrk_sapmi/1.6511920) 2009 Lasta ned fra [http://www.nrk.no/kanal/nrk\\_sapmi/1.6511920](http://www.nrk.no/kanal/nrk_sapmi/1.6511920) den 04.10.11.
- Le Page, R. B. og Andrée Tabouret-Keller. (1985). *Acts of identity: creole-based approaches to language and ethnicity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Llamas, Carmen. (2007). "Field methods" i Llamas, Carmen, Louise Mullany og Peter Stockwell (red.) *The Routledge companion to sociolinguistics*, London: Routledge.
- Lyons, John. (1970). *New horizons in linguistics*. Harmondsworth: Penguin.
- Milroy, James og Lesley Milroy. (1985). "Linguistic change, social network and speaker innovation". *Journal of Linguistics* 21:339-84.
- Mullany, Louise. (2007). "Speech communities" i Llamas, Carmen, Louise Mullany og Peter Stockwell (red.) *The Routledge companion to sociolinguistics*, London: Routledge.
- Myrnes, Cecilie Elen. (2010). "Vi møtes på halvveien?": en studie av relasjoner mellom den fastboende befolkningen og reindriftssamer i sør-samisk område, Universitetet i Tromsø, Tromsø.
- Mæhlum, Brit. (1985). "Modifisering - et aspekt ved språklig variasjon og forandring" i Bull, Tove, Anton Fjeldstad, Kåre Elstad og Ernst Håkon Jahr (red.) *Heidersskrift til Kåre Elstad*, Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Mæhlum, Brit. (1999). *Mellom Skylla og Kharybdis: forklaringsbegrepet i historisk språkvitenskap*. Oslo: Novus forlag.

## REFERANSAR

- Mæhlum, Brit. (1999). "Sted og språk: en skisse" i Mæhlum, Brit, Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu (red.) *Stedet som kulturell konstruksjon*, Trondheim: Historisk institutt, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Mæhlum, Brit. (2007). *Konfrontasjoner: Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, Brit. (2008). "Normer" i Mæhlum, Brit, Unn Røyneland, Gunnstein Akselberg og Helge Sandøy (red.) *Språkmøte: innføring i sosiolinguistik*, Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, Brit. (2008). "Språk og identitet" i Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland, Helge Sandøy (red.) *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, Brit. (2009). "Standartalemål? Naturligvis!". *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1/2009).
- Mæhlum, Brit og Ernst Håkon Jahr, red. (2009). *Tema: Standardtalemål?* Vol. 27, *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*. Oslo: Novus forlag.
- Nes, Oddvar. (1982). *Storms norske lydskriftsystem (med tillegg) definert ved hjelp av IPA's lydskriftsystem*. Vol. nr 8, *Skriftserie*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Nesse, Agnete. (2008). *Bydialekt, riksmål og identitet: sett fra Bodø*. Oslo: Novus forlag.
- Normann, Tor Morten. (2009). "Mest familie- og nabokontakt på bygda: sosial og politisk deltaking" i (red.) *Samfunnsspeilet*, Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Olofsson, Jon Olof. (1999). *Tännäsmålet: grammatik och ordlista*. Tännäs.
- Papazian, Eric og Botolv Helleland. (2005). *Norsk talemål: lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Patrick, Peter L. (1999). *Urban Jamaican creole: variation in the mesolect*. Amsterdam: John Benjamins.
- Patrick, Peter L. (2009). "The speech community" i Nikolas Coupland, Adam Jaworski (red.) *Sociolinguistics: critical concepts in linguistics*, London: Routledge.
- Paulgaard, Gry. (2006). "Identitetskonstruksjoner - hvor langt rekker de?". *Tidsskrift for ungdomsforskning* 1/2006.
- Reitan, Jørgen. (1906). *Aalens maalføre: kort fremstilling av lydlæren med oversigt over ordenes bøining*. Vol. 1906:4, *Skrifter*, 2, *Historisk-filosofisk klasse*. Kristiania: I kommission hos Dybwad.
- Reitan, Jørgen. (1932). *Rørosmålet*. Vol. 1932 Nr 6, *Skrifter*. Trondheim: Universitetsforlaget.
- Rose, Gillian. (1995). "Place and identity: a sense of place" i Jess, Pat og Doreen Massey (red.) *A Place in the world: places, cultures and globalization*, Milton Keynes: The Open University.
- Rød, Jan Ketil. (2009). *Verktøy for å beskrive verden: statistikk, kart og bilder*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Røset, Ingulv. (2008). *Selbumålet: ord og uttrykk*. Oslo: Novus forlag.
- Røsstad, Rune. (2008). *Den språklege røynda: ein studie i folkelingvistikk og dialektendring frå austre Vest-Agder*. Oslo: Novus Forlag.
- Røyneland, Unn. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet: ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Salminen, Tapani. *Unesco red book on endangered languages: Europe* 1999 Lasta ned fra [http://www.helsinki.fi/~tasalmin/europe\\_index.html](http://www.helsinki.fi/~tasalmin/europe_index.html) den 11.04.12.
- Sandøy, Helge. (1996). *Talemål*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. (2000). "Vitnemål frå ein dativbrukar" i Reinhamar, Maj og Lennart Elmevik (red.) *Dialekter och folkminnen: hyllningsskrift till Maj Reinhamar den 17 maj 2000*, Uppsala: Distribution: Swedish Science Press.

## REFERANSAR

- Sandøy, Helge. (2011). "Dativen i vekst og fall – men ikkje som relikt" i Edlund, Lars-Erik, Lennart Elmevik og Maj Reinhamar (red.) *Studier i dialektologi och sociolinguistik. Föredrag vid Nionde nordiska dialektologkonferensen i Uppsala 18-20 augusti 2010*, Uppsala: Kongl. Gustav Adolfs Akademien för svensk språkkultur.
- Saville-Troike, Muriel. (2003). *The ethnography of communication: an introduction*. Oxford: Blackwell Pub.
- Schøning, Gerhard. (1778). *Reise som giennem en Deel af Norge i de Aar 1773, 1774, 1775 paa Hans Majestets Kongens Bekostning er giort og beskrevet af Gerhard Schøning*. København: Gyldendal.
- Sherzer, Joel. 1975. Ethnography of speaking. Manuscript. University of Texas, Austin.
- Skjekkeland, Martin. (2001). ""Personlegdomen" som bakgrunnsvariabel i sosiolinguistikken". *Målbryting* nr 5.
- Solheim, Randi. (2010). *Sosial smelteidig - språklege legeringar: om talemålsutviklinga i industrisamfunnet Høyanger*, Tapir akademisk forlag, Trondheim.
- Sollid, Hilde. (2003). *Dialektsyntaks i Nordreisa: språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, Tromsø.
- Sollid, Hilde. (2009). "Etnolekter i Norge" i Tove Bull, Anna-Riitta Lindgren (red.) *De mange språk i Norge: flerspråklighet på norsk*, Oslo: Novus Forlag.
- ssb.no. (2011). *Folcemengde 1. oktober 2011 og endringane i 3. kvartal 2011. Sør-Trøndelag* Lasta ned fra <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrkv/2011k3/kvart16.html> den 31.01.12 2011.
- \_\_\_\_\_. *Folke- og boligtellingen 2001. Kommunehefter - Tydal*. Statistisk sentralbyrå 2001 den 05.09.11.
- \_\_\_\_\_. *Samisk statistikk i Norge*. Statistisk sentralbyrå 2009 Lasta ned fra <http://www.ssb.no/emner/00/00/10/samer/main.shtml> den 22.09.11.
- \_\_\_\_\_. *Befolkningsendringer i kommunene, 1951-2011*. Statistisk sentralbyrå 2011 Lasta ned fra <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/> den 02.03.2012.
- Strømsodd, Svein Arne. (1979). *Dialektholdninger blant folk i to bydeler i Oslo*, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Swann, Joan, Ana Deumert, Theresa Lillis og Rajend Mesthrie. (2004). *A Dictionary of sociolinguistics*. Tuscaloosa, Ala.: University of Alabama Press.
- Taelde man, Johan. (2006). "Polarisation revisited" i Hinskens, Frans (red.) *Language variation - European perspectives: selected papers from the Third International Conference on Language Variation in Europe (ICLaVE 3), Amsterdam, June 2005*, Amsterdam: John Benjamins.
- Taelde man, Johan. (2010). "Linguistic stability in a language space" i Auer, Peter og Jürgen Erich Schmidt (red.) *Language and space: an international handbook of linguistic variation*, Berlin: De Gruyter Mouton.
- Tajfel, Henri. (1978). "Interindividual behaviour and intergroup behaviour" i Tajfel, Henri (red.) *Differentiation between social groups: studies in the social psychology of intergroup relations*, London: Academic Press.
- Thagaard, Tove. (2009). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Trudgill, Peter. (1986). *Dialects in contact*. Oxford: Blackwell.
- Tuan, Yi-Fu. (1977). *Space and place: the perspective of experience*. London: Edward Arnold.
- Tøsse, Sigvart og Reinert Aas. (1987). *Bygdebok for Tydal*: Tydal kommune.
- Ulset, Kari Anne Vold. (2002). *Språklig regionalisering i Trøndelag?: en studie av ungdommers talemål i nedre Melhus*, NTNU, Trondheim.

## REFERANSAR


- Ulset, Kari Anne Vold. (2002). "Urbanisering som forklaringsfaktor i talemålsutviklingen". *Målbyting* nr. 6:201-216.
- Wenger, Etienne. (1998). *Communities of practice: learning, meaning, and identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- [www.dagbladet.no](http://www.dagbladet.no/2011/02/11/nyheter/innenriks/dialekter/stavanger/15406193/). *Pia Tjelta snakker Norges fineste dialekt* 2011 Lasta ned fra <http://www.dagbladet.no/2011/02/11/nyheter/innenriks/dialekter/stavanger/15406193/> den 08.12.11.
- [www.reindrift.no](http://www.reindrift.no/?id=973&subid=0), Reindriftsforvaltningen -. (2011). *Reindriftens historie* Lasta ned fra <http://www.reindrift.no/?id=973&subid=0> den 06.09.11 2011.
- [www.risten.no](http://www.risten.no/bakgrunn/hist/spraakgeografi_se.html). *Samiske språk og dialekter*. Sametinget 2005 Lasta ned fra [http://www.risten.no/bakgrunn/hist/spraakgeografi\\_se.html](http://www.risten.no/bakgrunn/hist/spraakgeografi_se.html) den 07.09.11.
- [www.snl.no](http://www.snl.no). *Store norske leksikon* Lasta ned fra [www.snl.no](http://www.snl.no) den 11.04.12.
- [www.sylan.no](http://www.sylan.no). *Om Prosjekt Sylan* 2011 Lasta ned fra [www.sylan.no](http://www.sylan.no) den 20.09.11.
- [www.varnesregionen.no](https://www.varnesregionen.no/fakta/varnesregionen/Sider/default.aspx). *Dette er Værnesregionen* 2011 Lasta ned fra <https://www.varnesregionen.no/fakta/varnesregionen/Sider/default.aspx> den 09.11.11.

# VEDLEGG

## 1: Kart, kommuneinndeling i Sør-Trøndelag



## 2: Kart, Tydal kommune



### 3: Individuelle variabelskjema for resten av informantane

Variabelskjema K 20. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 39 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	1	7	8	88 %
DAT.STAD	0	4	4	100 %
LÅGNING	1	3	4	75 %
÷APOK	17	0	17	0 %
UTJAMN	3	0	3	0 %
PALAT	68	4	72	5 %
RETROF. - <i>rð</i>	2	3	5	60 %
PERS.PRON	3	4	7	57 %
MASK - <i>iŋn</i>	4	0	4	0 %
J-BORTFALL	1	2	3	67 %
NEKT.TRYKKS	31	0	31	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	8	1	9	11 %

Variabelskjema K 20, med intervjuar ”utanfrå” Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 50 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	1	13	14	93 %
DAT.STAD	0	9	9	100 %
LÅGNING	2	9	11	82 %
÷APOK	18	1	19	5 %
UTJAMN	8	1	9	11 %
PALAT	82	4	86	5 %
RETROF. - <i>rð</i>	3	1	4	25 %
PERS.PRON	0	26	26	100 %
MASK - <i>iŋn</i>	7	0	7	0 %
J-BORTFALL	0	2	2	100 %
NEKT.TRYKKS	38	5	43	12 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	5	8	13	62 %

Variabelskjema Hans. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 15 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	7	13	20	65 %
DAT.STAD	12	8	20	40 %
LÅGNING	14	3	17	18 %
÷APOK	12	0	12	0 %
UTJAMN	5	0	5	0 %
PALAT	97	0	97	0 %
RETROF. - <i>rð</i>	13	0	13	0 %
PERS.PRON	25	1	26	4 %
MASK - <i>iŋn</i>	13	0	13	0 %
J-BORTFALL	1	1	2	50 %
NEKT.TRYKKS	30	0	30	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	4	0	4	0 %

## VEDLEGG

Variabelskjema M 60, sørs. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 5 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	32	1	33	3 %
DAT.STAD	15	2	17	12 %
LÄGNING	17	6	23	26 %
÷APOK	19	0	19	0 %
UTJAMN	4	0	4	0 %
PALAT	83	1	84	1 %
RETROF. - <i>rð</i>	11	0	11	0 %
PERS.PRON	7	0	7	0 %
MASK - <i>ijn</i>	7	1	8	13 %
J-BORTFALL	2	0	2	0 %
NEKT.TRYKKS	26	0	26	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	1-	0	1	0 %

Variabelskjema M 60. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 4 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	16	1	17	6 %
DAT.STAD	13	0	13	0 %
LÄGNING	10	6	16	38 %
÷APOK	8	0	8	0 %
UTJAMN	8	0	8	0 %
PALAT	91	0	91	0 %
RETROF. - <i>rð</i>	6	0	6	0 %
PERS.PRON	6	0	6	0 %
MASK - <i>ijn</i>	5	0	5	0 %
J-BORTFALL	3	0	3	0 %
NEKT.TRYKKS	23	0	23	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	2	0	2	0 %

Variabelskjema K 80. Gjennomsnittleg modifiseringsprosent 7 %	Trad. former	Modif. former	Totalt	Modifiserings- prosent
DAT.SUBST	27	2	29	7 %
DAT.STAD	13	0	13	0 %
LÄGNING	14	0	14	0 %
÷APOK	20	0	20	0 %
UTJAMN	5	0	5	0 %
PALAT	81	1	82	0 %
RETROF. - <i>rð</i>	10	0	10	0 %
PERS.PRON	11	2	13	15 %
MASK - <i>ijn</i>	5	0	5	0 %
J-BORTFALL	3	1	4	24 %
NEKT.TRYKKS	14	0	14	0 %
ADJ.SUFF - <i>ug</i>	2	1	3	33 %

## 4: Intervjumalar

### Intervjumal ungdomsinformantar

#### Bakgrunn

- Kjønn, alder, bustad.
- Oppvekst (Kva språklege impulsar fekk du i oppveksten)
- Interesser
- Skuleval, studieretning/linje
- Kor oppheld du deg i fritida? Er du ofte i Selbu, på Røros eller i Trondheim.
- Har du vene utafor Tydalen du jamleg besøker?

#### Tydal

- Ser du på deg sjølv som tydaling?
- Trur du at du bur i Tydalen om 20 år?
- Nemn tre ting du meiner er typisk Tydal...
- Er det, i somme situasjonar, flaut å si at du er frå Tydalen?
- Det beste med Tydalen
- Det verste med Tydalen
- Kva kjenneteiknar ein typisk tydaling?
- Tydalen som oppvekstmiljø/Ungdomsmiljøet
- Framtidsplanar (utdanning, jobb, bustad)
- Få fram meir om eventuell ”mental urbanisering”...

#### Dialekt

- På ein skala frå 1-10; kor utprega tydaling snakkar du?
- Kva er typisk for tydalsmål?
- Kva anna dialekt liknar mest på tydalsmål?
- Korleis trur du tydalsmålet ser ut om 100 år?
- Meiner du at tydalsdialekte har forandra seg dei siste 30 åra? Korleis då?
- Er det skilnader i talemålet mellom grender, yrkesgrupper, aldersgrupper, ungdomsgrupper og kjønn?
- Tykkjer du dialekt er viktig, er du bevisst på dialektbruk?
- Forandrar du dialekten din etter situasjon?
- I kva situasjonar trur du at du snakkar meir/mindre dialekt?
- Kven/kva trur du påverkar talemålet ditt?
- Kven av dine jamgamle snakkar mest/minst tydalsdialekt?
- Kven held mest på dialekten sin av tydalsungdom og selbuungdom?

- Har du nokon gong fått negative reaksjonar på talemålet ditt?
- Har du vorti retta på fordi du ikkje snakkar ”rett tydaling”
- Kva tenkjer du om at andre legg vekk typiske dialektformer og –ord?
- Kor moderne/gamaldags er Tydalen samanlikna med grannekommunane?

#### Sørsamisk

- Kva seier du til påstanden: Tydal har vori tospråkleg i over 1000 år.
- Har du nokon gong hørt sørsamisk i bruk i Tydal?
- Har du nokon med sørsamisk bakgrunn i din omgangskrins?
- Har du lært om sørsamisk språk og kultur i skulen?
- Korleis trur du at du hadde reagert dersom to tydalingar med samisk bakgrunn prata sørsamisk på samvirkelaget?
- Pratar samar norsk på ein annan måte enn ikkje-samar? På kva måte?

## Intervjumal for samiske informantar

#### Bakgrunn

- Kjønn, alder, bustad.
- Oppvekst (Kva språklege impulsar fekk du i oppveksten)
- Interesser
- Skuleval, studieretning/linje
- Har du gått på sameskule?
- Kor oppheld du deg i fritida? Er du ofte i Selbu, på Røros eller i Trondheim.
- Har du mange vener utafor Tydalen du jamleg besøker?

#### Tydal

- Ser du på deg sjølv som tydaling eller same, eller både delar?
- Trur du at du bur i Tydal om 20 år?
- Det beste med Tydal
- Det verste med Tydal
- Kva kjenneteiknar ein typisk tydaling?
- Tydal som oppvekstmiljø/Ungdomsmiljøet
- Framtidsplanar (utdanning, jobb, bustad)
- Er du delaktig i reindrifta? I så fall på kva måte; flytting osv...
- Meiner du det er viktig å ta vare på den sørsamiske kulturen?

## Dialekt

- På ein skala frå 1-10; kor utprega tydaling snakkar du?
- Kva er typisk for tydalsmål?
- Kva anna dialekt liknar mest på tydalsmål?
- Tykkjer du dialekt er viktig, er du bevisst på dialektbruk?
- I kva situasjonar trur du at du snakkar meir/mindre dialekt?
- Kven/kva trur du påverkar talemålet ditt?
- Har du nokon gong fått negative reaksjonar på talemålet ditt?
- Har du vorti retta på fordi du ikkje snakkar ”rett dialekt”
- Kva tenkjer du om at andre legg vekk typiske dialektformer og –ord?
- Få fram om meir eventuell ”mental urbanisering”...
- Korleis vil du plassere dialekten din i forhold til andre tydalingar som ikkje har samisk bakgrunn?
- Påverkar det sørsamiske språket dialekten din?
- Er det stor skilnad på korleis sørSAMAR pratar norsk?

## SørSAMISK

- Kva seier du til påstanden: Tydal har vori tospråkleg i over 1000 år.
- Har du fått opplæring i sørSAMISK språk gjennom skulen? I kor mange år?
- På ein skala på 1-10; kor godt pratar du sørSAMISK?
- Pratar nokon av foreldre dine samisk?
- I kva situasjonar brukar du samisk?
- Finst det situasjonar der du aldri kunne tenkt deg å bruke samisk?
- Har du opplevd negative reaksjonar på at du snakkar samisk?
- Har du opplevd at det er flaut å seie at du er sørSAMANE?

## Intervjumal for eldre informatar

### Bakgrunn

- Alder
- Fødestad
- Oppvekst
- Yrke

### Dialekt

## VEDLEGG

- Kor utprega tydaling pratar du på ein skala frå 1-10?
- Korleis oppfattar du ungdomsmiljøet i Tydal? Stor eller liten variasjon? Før kontra no?
- Er det store skilnader på kor utprega tydaling yngre snakkar? (i forhold til nabokommunane).
- Meiner du det har skjedd store endringar i tydalsmålet i di levetid?
- Kva endringar har du lagt merke til?
- Kva trur du er grunnen til desse endringane?
- Kva er typisk for tydalsmålet? Morfolologiske, fonologiske, leksikalske drag...
- Er det ord og vendingar du hugsar eldre brukte då du var ung, som du ikkje hører no?
- Kven held mest på dialekten sin av tydalsungdom og selbuungdom
- 

### Sørsamisk

- Har du nokon gong hørt sørsamisk i bruk i Tydal?
- Meiner du ein sørsame pratar annleis enn ein tydaling?
- Var det meir samkvem mellom tydalingar enn samar før?
- Oppfattar du at konfliktnivået mellom samar og tydalingar er større eller mindre no enn før.

# SAMANDRAG

I denne oppgåva kastar eg lys over språkforholda i eit tidlegare lite undersøkt område. Tydal kommune i Sør-Trøndelag kan, med sine 868 innbyggjarar, med rette kallast eit lite språksamfunn. Det empiriske grunnlaget for denne undersøkinga er 12 intervju med til saman 13 informantar, eit gruppeintervju med til saman 15 informantar, samt eit rikt lydmateriale med intervju av eldre tydalingar.

Hovudmålsettinga har heile tida vori å skildre *språksamfunnet* Tydalen slik det står fram i dag, og vidare prøve å trekke inn faktorar eg meiner kan ha forklarande verdi på dei funna eg har gjort. Trass i dette overordna makroperspektivet finn eg det heilt på sin plass å rette eit nærmere blikk mot dei som faktisk utgjer kjernen i det heile: *språkbrukarane*. Ved å sjå på både språklege realiseringar og språkoppfatningars blant eit utval tydalingar ser ein at *samspelet* mellom dei overordna samfunnsstrukturane og dei individuelle språkhandlingane er ein gjensidig prosess. Samfunnet påverkar altså språkbrukaren og språkbrukaren påverkar samfunnet.

Gjennom ei kvantifisering av eit utval språklege variablar hos ti tydalingar ser ein at det er variasjon både på eit intra- og interindividuelt nivå. Til samanlikning med andre sørtrønderske lokalsamfunn, i dette tilfellet Oppdal, Røros og Selbu, ser ein likevel at den interindividuelle variasjonen er mindre i Tydalen. Det ser med andre ord ut til at endringstendensane *ikkje* er like framtredande som i dei tre litt større språksamfunna. Forklaringa på denne relative språklege stabiliteten er kompleks, men eg meiner å ha dekning for at både *polarisering* eller *naboopposisjon* og *lokal gruppertilhørsle* speler ein viktig rolle som stabiliseringe faktorar på språksituasjonen.

I tillegg har eg sett på og kva språklege strategiar den sør-samiske minoriteten i Tydalen handlar etter, både som fullverdige tydalingar og som etnisk minoritet. Det sør-samiske språket er truga, og mine sør-samiske informantar opplever det som vanskeleg å oppnå god dugleik i sør-samisk. Likevel ser det ut til at ungdommane er opptatt av å ta vare på språket ved at dei i større grad enn før tar i bruk sør-samiske leksem i det norske talemålet sitt, særleg i samband med reindrifta. Denne *etnolektiske stilene* er truleg viktig for å kompensere for den kritiske situasjonen sør-samisk språk er i. I møtet med resten av lokalsamfunnet har sør-samane som er busette i Tydalen derimot ein språkpraksis som ikkje avvik frå det lokale talemålet. Dei inngår i det tydalske språksamfunnet på lik line med andre tydalingar, men er samstundes del av det eg kollar eit *rørossamisk praksisfellowship*, der det ofte er andre språklege normer som gjeld.